# Frå landssvikar til folkehelt

## Omdømmet til Hanna Kvanmo (1926-2005)

Sissel Sollesnes

Master i historiedidaktikk

Institutt for kultur- og språkvitskap

Det humanistiske fakultet

Våren 2011

Universitetet i Stavanger

Universitetet i Stavanger

**DET HUMANISTISKE FAKULTET**

# MASTEROPPGAVE

| | |
|---|---|
| Studieprogram: Historiedidaktikk-masterstudium | Haust- og vårsemesteret, 2010-2011<br><br>Åpen |
| Forfatter:<br>Sissel Sollesnes | Sissel Sollesnes<br>(signatur forfatter) |
| Veileder: Marie Smith-Solbakken | |
| Tittel på masteroppgaven: Frå landssvikar til folkehelt. Omdømmet til Hanna Kvanmo (1926-2005)<br><br>Engelsk tittel: From traitor to public hero. The reputation of Hanna Kvanmo (1926-2005). | |
| Emneord:<br>Historiedidaktikk<br>Hanna Kvanmo<br>Omdømme | Sidetall: 105<br><br>annet: 2xforside. 1xføreord<br><br>Stavanger, 18.5.2011<br>dato/år |

*«De fleste av oss gjenforteller våre liv i samsvar med hvilket inntrykk vi ønsker å gi av oss selv.»*

Marianne Egeland
*Hvem bestemmer over livet?*

## Føreord

Det er mange som har gjort at denne oppgåva vart slik som den er. Takk til mamma for uendeleg støtte gjennom både oppgåva og studietida. Ho har stor skuld i at denne oppgåva vart levert til rett tid. Takk til pappa for å ha lært meg at okkupasjonshistoria har meir enn ei side og takk for støtte gjennom studietida. Ein takk skal også Verena Woltering ha, ho har også stor skuld i at oppgåva vart levert til riktig tid. Elles takk til studievenninner og venninner for oppmuntring, gode samtalar og ein god latter. Takk til Marie Smith Solbakken og Ingunn Kindervåg for idear og innspel.

Sissel Sollesnes, 16.5.2011

Innhald:


**1. Innleiing** ..... **7**

1.1 Motivasjon for oppgåva ..... 7

1.2 Problemstilling ..... 8

1.3 Omgrep ..... 9

1.4 Metode ..... 11

1.4.1 *Derfor* og *Dommen* ..... 11

1.4.2 Aviser ..... 15

1.4.3 Bilete ..... 17

1.4.4 Litteratur om emnet ..... 18

**2. Biografi om Hanna Kvanmo** ..... **20**

2.1 Utan mogleheiter? ..... 22

2.2 Føre var ..... 23

2.3 Krigen ..... 24

2.4 Frontsjukesyster ..... 25

2.5 Politikk ..... 28

2.6 Curriculum Vitae ..... 30

**3. Landssvikaren** ..... **34**

3.1 «Søkelyset mot enda en SV-valgt» ..... 34

3.2 Liten eller ingen tillit til Hanna Kvanmo ..... 38

3.3 «Det nye landssvikoppgjøret» ..... 43

3.4 Svekka tiltru ..... 47

3.5 Meiningsmåling ..... 49

3.6 Hanna Kvanmo blir på Stortinget ..... 50

3.7 Avslutning ..... 53

**4. Rehabilitering** ..... **55**

4.1 «Det hjerteløse samfunn» ..... 55

4.2 Forkjempar for abort ..... 57

4.3 Replikkunstnar ..... 59

4.4 Betre enn andre ..... 61

4.5 Politikaren og privatpersonen Hanna Kvanmo ..... 64

4.6 Bilete ..... 68

4.7 Avslutning ........ 72

**5. «SVdronning» ........ 73**

5.1 Positiv omtale ........ 73

5.2 «Årets namn» ........ 75

5.3 Kvinne ........ 81

5.4 Norges best likte politikar ........ 82

5.5 «Unik» og «uredd» ........ 84

5.6 Bilete ........ 86

5.7 Avslutning ........ 89

**6. Inter Arma Caritas ........ 89**

6.1 «Slitets og fattig-Norges virkelighet» ........ 89

6.2 Hjå tyskarane ........ 91

6.3 Politiske ståstader ........ 94

6.4 «Jeg vet mer enn de fleste» ........ 95

6.5 Følelsar ........ 97

6.6 Avslutning ........ 98

**7. Avsluttande perspektiv ........ 98**

**Litteratur og kjelder ........ 101**

# 1. Innleiing

Hanna Kvanmo var stortingsrepresentant for Sosialistisk Venstreparti den 9. januar 1974 då det kom fram i *Norges Handels- og Sjøfartstidende*, at ho hadde ei fortid som dømd landssvikar for å ha vore medlem i Nasjonal Samlings Ungdomsforbund og for hennar tid som frontsjukesyster i Tysk Raude Kross. Då ho var atten år gamal tenestegjorde ho som sjukesyster i Berlin dei siste månadane av andre verdskrigen. Hanna Kvanmo fekk ein landssvikdom på åtte månader ubetinga fengsel, men anka straffa. Høgsterett sitt kjæremålsutval endra straffa til betinga fengsel.[1] Det vart månader med diskusjon om ho kunne fortsetja som folkevald på Stortinget. Ho kom frå det med stillinga i behald og vart ein framtredane politikar for Sosialistisk Venstreparti i 16 år.

Hanna Kvanmo kom frå tronge kår og arbeidde seg opp frå å vera ein ukjend person til og verta ein populær politikar på høgt nivå. Ho er ei slags forteljing om den amerikanske draumen, der alt er mogleg berre ein arbeidde hardt nok. Ein heil oponion endra oppfatning om Hanna Kvanmo frå og vera landssvikar til å bli heva over både politikk og person.

## 1.1 Motivasjon for oppgåva

Etter å ha lese boka *Dommen* av Hanna Kvanmo for fyrste gong, satt eg igjen med mykje sympati for ho. Eg har lært at ein bør ikkje berre lesa motstandsrørsla og heltehistoriene frå andre verdskrigen i Noreg. Ein må også lesa om dei som valte og stå på den andre sida for å få eit nyansert bilete av krigen. Då eg las bøkene til Hanna Kvanmo, såg eg på ho som ei kvinne som veldig ung hadde teke feil val og gjort teneste i Tysk Raude kross. Eg kom til å sjå på ho som ei av dei som var blitt straffa altfor hardt under krigsoppgjeret og som måtte betala dyrt for vala ho tok som ung. Vidare syntest eg det var urettvist at ho måtte gå gjennom ei vond tid i søkjelyset til ålmenta der mange sa akkurat det dei meina om ho. Etter å ha lese begge bøkene hennar, som er med i denne undersøkinga, syntest eg det var underleg at ho i det heile kunne fortsetja i politikken etter at det kom fram i media at ho hadde ei fortid som landssvikar. Korleis kunne det ha seg at ei kvinne med ein slik bakgrunn enda opp som ein populær politikar og attpåtil i toppsjiktet i norsk politikk? Eg syntest det kunne vera interessant å finna ut om det var noko ho sjølv hadde gjort for å komma så langt, trass i ei kontroversiell fortid og den motbøra ho møtte i 1974. Det måtte vera noko som gjorde at ho

[1] Frank Rossavik, *Fra Kingsbay til kongens bord* (Frå korrespondanse med forfattaren april 2011), s. 172.

kunne gå frå og vera så mislikt og nærast pressa ut av politikken til å vera ein del av norsk toppolitikk. Ettersom eg las meir og meir om og av Hanna Kvanmo, lurte eg på om det eigentleg var synd i ho. Var det mogleg at ho sjølv hadde noko med det å gjera med tanke på å endra folk si oppfatning om ho. Det var med stor undring og mange spørsmål eg starta undersøkinga av Hanna Kvanmo si tid i politikken etter at det kom fram at ho var dømd landssvikar.

## 1.2 Problemstilling

Det ser ut som andre verdskrigen er eit tema det er vanskeleg å gjera seg ferdig med. Det kjem stadig ny litteratur og kunnskap om okkupasjonstida. Noko av dette er bøker som fortel om kvifor 16-17-åringar gjorde valet om å støtta tysk side under krigen. Ei av desse er Bjørn Westlie si bok om faren, kalla *Fars krig*. I boka fortel forfattaren om faren som var frontkjempar under den andre verdskrigen på austfronten og om forholdet til faren og fortida hans. Denne oppgåva handlar ikkje om korleis ein i litteraturen tek eit oppgjer med fortida, eller om Bjørn Westlie som son av ein landssvikar. Temaet er heller ikkje landssvikarar. Undersøkinga handlar om korleis ein kan endra ei forteljing om seg sjølv. I denne oppgåva vil eg halda meg til Hanna Kvanmo og sjå på korleis hennar historia endra seg. At ein politikar med fortid som landssvikar kunne verta toppolitikar, er heilt klart underleg. Hovudspørsmålet i denne oppgåva er derfor:

***Korleis endra forteljinga om Hanna Kvanmo seg frå at ho var ein person som blei skulda for å vera landssvikar til at ho blei hylla som ein einar i norsk politikk?***

For å svara på dette spørsmålet, kjem eg i denne oppgåva til å sjå på avisene Verdens Gang (VG) og Aftenposten. VG fordi den er ei riksdekkjande laussalsavis og har hatt og framleis har mange lesarar. Aftenposten er valt fordi den vert sett på som ei seriøs riksdekkjande abonnementsavis. Den har også vore kommentator i tv-kanalen NRK.  Avisene vert sett på som eit barometer på kva folk syntest om Hanna Kvanmo og kva meiningar som vart ytra. Eg kjem også til og sjå på Hanna Kvanmo sine bøker *Derfor* og *Dommen. Derfor* kom ut i 1985 på Cappelen og *Dommen* kom ut på Gyldendal i 1990. Sistnemnte kom ut i eit opplag på omkring 100 000 eksemplar. I bøkene fortel ho si eiga historie om seg sjølv. Dei gjev ein god peikepinn på kva ho ville folk skulle vita. Bøkene er Hanna Kvanmo si stemme, men dei fortel ikkje berre om kva ho ønskte å avdekkja, dei viser også kva ho ikkje sa noko om.

## 1.3 Omgrep

**Forteljing-** Forteljing vert her forstått som kva som blir sagt og fortalt om historia til Hanna Kvanmo sitt liv.

**Frontsyster-** Omgrepet frontsyster skildrar både ein særskilt innsats, men også ein myte med ei sterk ideologisk utstråling. Denne ideologien vart utforma på 1930-talet av både kvinnelege og mannlege ideologar i Nasjonal Samling. Denne nemninga vart også ført over på kvinner som hadde vore i felten under den fyrste verdskrigen, som då hadde blitt kalla krigssystrer.[2] På den tida kunne kven som helst av frivillige grupper, då fyrst og fremst kvinner frå overklassen og katolske nonner, dukka opp ved fronten. Derimot måtte alle systrer i den andre verdskrigen verta godkjende av Raude Kross og ha på seg armbandet til organisasjonen og identitetskort, i tillegg til dette hadde dei også militære dødsmerke som dei bar rundt halsen.[3] Til samanlikning med ein soldat som var frontkjempar, var rolla ei sjukesyster utgjorde like viktig som innsatsen til ein soldat, sjølv om kvinnene sin innsats var annleis. Eigentleg var dette i strid med Hitler sitt kvinneideal som gjekk ut på at dei skulle halda seg til «Kinder, Kirche und Küche.»[4]

Ei frontsyster skulle hjelpa soldatar og visa omsorg, men denne måten å vera moderleg på skulle også ha ein annan funksjon. Plikta kom fyrst og den gjekk i fyrste rekkje ut på å få mannen tilbake til fronten i stand til og slåst så fort som mogleg. Det offisielle tyske slagordet var: «Die Wiederherstellung der Wehrtüchigkeit», som tyder «gjenreising av forsvarsevna». På eit viktig punkt skilde omgrepet frontsystrer seg frå frontsoldaten og det var ved at dei trong ikkje vera ved fronten. Ein grunnregel sa at dei skulle ikkje vera nærare frontlinja enn femti kilometer. Ettersom krigen gjekk mot slutten vart dette umogleg å oppretthalda, då frontane endra seg fort i tilbaketog som gjekk raskt føre seg. Noko desse kvinnene og mennene hadde til felles var ordet "front", som i røynda innebar Austfronten.[5]

Etter krigen vart frontsystrene rekna som det same som frontkjemparane og difor fekk dei namnet frontsystrer, som er eit upresist omgrep. Dette fordi sjukesystrer som pleia soldatar frå den tyske krigsmakta i Noreg vart ikkje dømde eller straffa for det. Frontsystrer vart saman med frontkjemparar plasserte i landssvikarkategorien. Som ei fylgje av dette vart om lag 325 kvinner i Noreg dømde for å ha gjort humanitært arbeid for Tysk Raude Kross under den

---

[2] Egil Ulateig, *Fordømte engler* (Lesja, 2004), s. 61.
[3] Ibid, s. 42.
[4] Ibid, s. 62f.
[5] Ibid, s. 63.

andre verdskrigen. I saker der Noregs Raude Kross vart bedt om og uttala seg eller komma med vitneutsegn skal dei ha støtta aktoratet si side. I auga til Raude Kross var desse kvinnene forbrytarar fordi dei redda livet til tyske soldatar som kom tilbake i slagkraftig form til kamp mot dei allierte. Dersom kvinnene hadde dei vore på rett side, hadde dei likevel pleia tyske soldatar. Forskjellen ville vore at soldatane hadde hamna i krigsfangenskap for resten av krigen.[6] Etter rettsoppgjeret vart det lenge stille rundt frontsystrene. Nokon orka ikkje lenger å bu i Noreg og flytta utanlands. Det var ingen som våga eller orka å kjempa vidare for å bli reinvaska. Dei ville berre ha tystnad og anonymitet og det oppnådde dei også til ein viss grad.[7]

**Tap av rettar** – ei provisorisk anordning av 15. desember 1944 vart lagt til som eit tillegg til straffelovgjevinga om forræderi (landssvikanordninga). Anordninga innførte tre heilt nye straffar: Tvangsarbeid for landssvikarar, tap av ålmenn tillit og avgrensa tap av rettar. Tap av tillit innebar: 1. Å mista stemmeretten i offentlege saker. 2. Tap av retten til å gjera teneste i riket si krigsmakt. 3. Tap av offentleg teneste som den skuldige eventuelt hadde. 4. Tap av høve til å jobba i det offentlege. 5. Ein kunne ikkje ha ei stilling eller driva erverv som ein trong offentleg autorisasjon eller godkjenning til. 6. Ein kunne ikkje driva anna sjølvstendig ervervsverksemd enn det som var bestemt i dommen. 7. Tap av både uløna og løna tillitsverv i selskap, stiftingar eller samanslutningar. 8. Tap av retten til og oppnå stillingar som nemnt under nummer 7. 9. Tap av høve til å eiga eller skaffa seg a) fast eigedom b) rettar i eigedom som det etter gjeldande lovgjeving trengs konsesjon til å erverva, d) aksjar eller andre partar i norske ervervsdrivande selskap eller samanslutningar. Etter anordninga sin § 12 kunne ein få eit avgrensa tap av rettar som gjekk ut på at ein vart frådømt ein eller fleire av dei rettane som er nemnt ovanfor. Frådømminga skulle skje for 10 år eller det talet dommen bestemte med eit minimum på 5 år.[8]

**Landssvikar** - omgrepet vart konstruert i 1944 av regjeringa som sat i London under krigen.[9] Ein landssvikar var ein som hadde gjort landssvik og landssvik var brotsverk mot sjølvstendet og tryggleiken til ein stat og mot riksskipnaden.[10]

[6] Egil Ulateig, *Fordømte engler* (Lesja, 2004), s. 277f.
[7] Sigurd Senje, *Dømte kvinner* (Oslo, 1986), s. 56.
[8] Hartvig Nissen, *Straffen og landssvikerne* (Oslo, 1945), s. 20ff.
[9] Nina Droslum Kroglund, *Hitlers norske hjelpere* (Oslo, 2010), s. 430.
[10] «Landssvik» (snl.no).
Lokalisert 16.5.2011 på Verdsveven: http://snl.no/landssvik

**Sosialistisk Folkeparti (SF) –** Sosialistisk Folkeparti vart stifta i 1961. Partiet gjekk inn i eit samarbeid med Sosialistisk Valforbund som vart danna i 1971. Då SV vart omdanna til Sosialistisk Venstreparti gjekk SF opp i dette og opphøyrde som eige parti i 1976.

**Sosialistisk Venstreparti (SV) –** Sosialistisk Valgforbund i Stavanger vart formelt stifta 4. februar 1971. Stavanger SV føregreip med dette den seinare samlinga av SF, Norsk Kommunist Parti og uavhengige i eitt parti på landsplan.[11] Sosialistisk Venstreparti vart danna fyrst i 1975 og avløyste Sosialistisk Valforbund. NKP vart ståande utanfor.[12]

## 1.4 Metode

I denne oppgåva kjem eg til og sjå på to bøker og to aviser for og finna svar på problemstillinga. Bøkene er *Derfor* og *Dommen*, given ut i høvesvis 1985 og 1990. Avisene eg vil sjå på er Aftenposten og Verdens Gang, begge landsdekkjande aviser med sete i Oslo. Denne oppgåva handlar ikkje om Hanna Kvanmo som offentleg- eller privatperson, den handlar heller ikkje om hennar politiske karriere eller om det politiske bilete i Noreg. Det er heller ikkje ei oppgåva om dei som kjempa på feil side under den andre verskrigen, ei heller ei oppgåve om Raude Kross og striden om Raude Kross sjuke-systrer sin skjebne etter krigen var slutt. Denne oppgåva handlar om forteljinga om Hanna Kvanmo, og om korleis den endra seg.

### 1.4.1 *Derfor* og *Dommen*

For å finne ut korleis forteljinga om Hanna Kvanmo endra karakter frå og vera ein person som blei skulda for og vera landssvikar til å bli hylla som ein einer i norsk politikk, eg har valt og sjå på bøker og aviser. Bøkene som har blitt nytta er *Derfor* og *Dommen.* I den fyrstnemnte boka står det skrive at boka vart fortalt til Ingolf Håkon Teigene av Hanna Kvanmo. Teigene (1949-2007) var journalist og var mellom anna redaktør i Ny Tid, journalist i Dagbladet og i NRK då han levde.[13] Det var altså Teigene som skreiv boka og det er hans ord me les, men det er stemma til Hanna Kvanmo me høyrer. Boka vart given ut i 1985 på J. W. Cappelens

[11] Frank Rossavik, *Fra Kingsbay til kongensbord* (Frå korrespondanse med forfattaren april 2011) s. 142.
[12] Hanna Kvanmo, *Dommen* (Oslo, 1990), s. 151.
[13] «Ingolf Håkon Teigene» (wikipedia.no, publisert 1.9.2010).
Lokalisert 16.5.2011 på Verdsveven:
http://.wikipedia.org/w/index.php?title=Ingolf_H%C3%A5kon_Teigene&printable

Forlag A/S mens Hanna Kvanmo framleis var aktiv politikar og parlamentariskleiar for Sosialistisk Venstreparti på Stortinget. I ein telefonsamtale med forfattaren Frank Rossavik, tidlegare redaktør i Morgenbladet og forfattar av boka *Frå Kingsbay til kongensbord*, historia om SV som kom i april 2011, fortalte han at han kjende både Ingolf Håkon Teigene og Hanna Kvanmo godt då dei levde. Han sa at Hanna Kvanmo ville ikkje skrive bok, men at det derimot var Teigene som ville at ho skulle skrive boka *Derfor*, ho skal heller ikkje hatt noko ynskje om og skrive *Dommen.* Likevel så betyr ikkje dette at Hanna Kvanmo ikkje ville reinvaske seg sjølv eller og bruka diskusjonen rundt ho til og verte meir kjend. Brukte Hanna Kvanmo saka for og komma seg fram i det politiske liv? Det er godt mogleg at ho var klar over kva rehabiliteringa kunne føre til og at det kunne gjere at ho vart meir kjend. Kanskje ho stod på at ho var uskuldig fordi ho visste det kunne føra ho opp og fram. Ho var ei som kom frå vanskelege kår og hadde medviten jobba seg opp og medviten kunne ho vite kva saka hennar kunne føra henna.

Sistnemnte bok skulle ifylgje Rossavik vera ei viktig bok om ein ville finna ut sanninga om Hanna Kvanmo, derimot så var *Derfor* er verdilaus bok. Dette kan vera fordi boka handlar lite om tida då Hanna Kvanmo var frontsjukesyster og for det meste om hennar meiningar og politiske standpunkt og årsaka til desse standpunkta. Vidare var *Dommen* ei viktig bok dersom ein ville finne ut sanninga om Hanna Kvanmo. I denne undersøkinga er det teke med i vurderinga at *Derfor* moglegvis er verdilaus som kjelde, men det er ikkje sanninga om Hanna Kvanmo denne undersøkinga skal finna fram til. Denne undersøkinga tek sikte på å finna ut korleis Hanna Kvanmo endra forteljinga om seg sjølv. I så måte blir boka *Derfor* ei viktig kjelde til opplysningar om korleis Hanna Kvanmo valde å fortelja historia si og kva ho fortalte, difor er boka brukt i denne undersøkinga.

*Dommen* vart skriven av Hanna Kvanmo sjølv og fortel om barndomen, oppveksten, tida i Tyskland og livet etter krigen. I boka offentleggjorde Hanna Kvanmo heile landssvikdommen i tillegg til artikkelen i *Norges Handels- og Sjøfartstidende* som avslørte ho som tidlegare landssvikdømd. Boka vart gjeven ut i 1990 på Gyldendal Forlag og kom i eit opplag på omkring 100 000 eksemplar.[14]

*Derfor* er ein biografi skriven av Ingolf Håkon Teigene, der Hanna Kvanmo fortel til Teigene. *Dommen* vart skriven av Hanna Kvanmo sjølv og er ein sjølvbiografi. Ein biografi er ein person si livshistorie anten som ei rein oppramsing av ytre omgjevnader i ein person sitt liv

---

[14] Nina Drolsum Kroglund, *Hitlers norske hjelpere* (Oslo, 2010), s. 386f.

eller som ei breiare skildring der liv og virke, utvikling i karakter og årsakssamanhengar vert skildra. Ein biografi er anten skrive av personen sjølv, livshistoria vert då kalla sjølvbiografi eller autobiografi, eller ein anna person har skrive han.[15] Boka *Derfor* handlar om Hanna Kvanmo, hennar liv og hennar meiningar. Den vart fortalt til Ingolf Håkon Teigene av Hanna Kvanmo og ført i pennen av Teigene. Sidan boka er skriven av ein annan person, er ho ein biografi. *Dommen* handlar også om Kvanmo sitt liv, men sidan ho er skriven av Kvanmo sjølv, er boka ein sjølvbiografi. Begge bøkene handlar i stor grad om Hanna Kvanmo sin barndom og korleis den har gjort ho til den personen ho var som vaksen, som politikar og hennar politiske ståstader.  I både *Dommen* og *Derfor* fortalte Hanna Kvanmo om ein tøff barndom i fattige kår og om ei mor som arbeidde hardt for å halda dei unna fattighjelpen. Hanna Kvanmo skreiv i *Derfor*:

> Jeg har forsøkt å tegne et politisk og personlig selvportrett. Når man er blitt såkalt politisk rikskjendis, oppdager man plutselig at media får en tendens til å framstille en som en person hevet over motsetninger og partipolitikk. Man blir et slags tverrpolitisk allemannseie.[…] Jeg ønsker for eksempel ikke at politikeren Hanna Kvanmo skal framstilles som noe annet eller noe mer enn SV. Derfor er dette også en politisk bok, med utfall overfor motstandere og markeringer av mitt eget ståsted. […] Samtidig har jeg behov for å fortelle *hvordan* jeg har kommet dit jeg er i dag. Jeg vil vise hvilke erfaringer, hvilke krefter som har vært med på å forme meg. Jeg har følt et visst behov for å fortelle hva jeg tenker og tror når jeg ikke står på Stortingets talerstol eller vises frem i TV-ruten.[16]

Hanna Kvanmo ville altså fortelja si eiga forteljing om seg sjølv, eller hennar eigen versjon av korleis ho ville framstå. Ho ville ikkje framstå som noko anna enn ein SV-politikar. Ho ville fortelja si eiga forteljing om dei politiske ståstadene sine, kor hardt ho jobba for å verta toppolitikar og Hanna Kvanmo som privat person; då både som vaksen og barn. På denne måten kan ein finna ut kva historie Hanna Kvanmo fortel om seg sjølv og korleis ho endra si eiga forteljing frå å vera landssvikar til å verta landsmoder og difor er bøkene *Derfor* og *Dommen* nytta i denne undersøkinga.

[15] «Biografi» (snl.no).
Lokalisert 5.4.2011 på Verdsveven:
http://snl.no/biografi
[16] Hanna Kvanmo, *Derfor* (Oslo, 1985), s. 7f.

I *Dommen* skriv Hanna Kvanmo om barndomen og då krigen kom. Ho fortel også om tida i forkant av frontsjukesysterperioden, tida som frontsjukesyster og tida etter krigen. Til dømes tida ho var i Tyskland og venta på å få komma heim, tida før, under og etter rettssaka mot ho og tida i media sitt søkjelys som politikar med ei fortid som landssvikdømd. Til skilnad frå *Derfor,* handlar *Dommen* om oppveksten og tida før og etter perioden som frontsjukesyster og tida då «Kvanmo-saka» stod på i media. I *Derfor* skriv Hanna Kvanmo omkring ei side om tida som frontsjukesyster. Likevel er det ei kort og grei forklaring der ho fortel at ho i 1943 hadde søkt om å bli medlem av Det tyske Raude Kross fordi ho hadde eit ynskje om å verta sjukesyster. Sommaren 1944 fekk ho beskjed om at ho var oppteken og seint på hausten same året reiste ho til Tyskland for eit innføringskurs før ho vart plassert på eit sjukehus i Berlin der ho i april/mai 1945 var ein av dei siste som kom seg ut då krigen tok slutt. Ho vart internert i ein engelsk leir der sanitetspersonell var dei siste som vart slept ut. Det var fyrst i september 1947 at ho fekk komma heim.[17] Boka kan sams med *Derfor* gje eit bilete på korleis Hanna Kvanmo endra forteljinga om seg sjølv frå å vera landssvikar til landsmoder ved å sjå på korleis ho framstiller seg sjølv og fortida si i bøkene. Bøkene fortel om kor godt ho syntes ho har gjort det og kor hardt ho jobba for å bli toppolitikar. For ikkje å framstå som ei super-kvinne, men som ei vanleg dame, fortel ho også om mindreverdskompleks og dåleg sjølvbilete.

Bøkene *Derfor* og *Dommen* vart gjevne ut i høvesvis 1985 og 1990. Boka *Derfor* vart given ut då Hanna Kvanmo framleis var parlamentarisk leiar for SV. Kanskje det var viktig for ho allereie då å byrja å forma si eiga forteljing, før ho gjekk av med pensjon og ettermælet om ho som politikar kom til å bli ståande. Då *Dommen* vart given ut, var Hanna Kvanmo pensjonert på fyrste året. At ho valde å skriva forteljinga om seg sjølv som frontsjukesyster etter ho var pensjonist, kan endå ein gong tyda på at ho ville sikra sitt eige ettermæle. På denne måten var ho med på å avgjera kva som skulle seiast om ho når ho var ferdig som politikar på Stortinget. Ho kunne sikra seg at det var ei forteljing om ei som jobba seg til topps i staden for at det vart tida som frontsjukesyster og dømd landssvikar som vart ståande etter ho.

[17] Hanna Kvanmo, *Derfor* (Oslo, 1985), s. 15.

## 1.4.2 Aviser

I tillegg til bøker kjem eg også til og sjå på aviser. Eg kunne sjølvsagt valt fleire kjelder enn eg har gjort og andre bøker, men i denne oppgåva har eg valt meg ut to aviser og to bøker fordi eg ser det mest fordelaktig med akkurat desse kjeldene. Ein kan her sjå på avisene som eit barometer på kva folk syntest og meinte om Hanna Kvanmo og ein temp på folk sine meiningar. Her uttrykte folk meininga si gjennom lesarinnlegg og meiningsmålingar. Avisene gjev også eit bilete på kva forteljing om Hanna Kvanmo som vart laga i media og endringar av dette biletet over tid.  I denne oppgåva er avisene Verdens Gang (VG) og Aftenposten valt. VG fordi den er ei riksdekkjande laussalsavis og Aftenposten fordi den vert sett på som ei seriøs riksdekkjande abonnementsavis. Alle utgåver av Aftenposten sidan 1860 er tilgjengeleg og digitalisert på Verdsveven. Det same er VG som er digitalisert frå 1945 og fram til i dag.

Perioden som blir sett på her er frå og med 1974 til og med 1990 og undersøkinga tek sikte på ei kronologisk undersøking om haldningar mot Hanna Kvanmo i Aftenposten og VG og endringar i denne haldninga i tidsperioden 1974-1990. Året 1974 er valt som byrjing på undersøkinga fordi det var i januar dette året at det vart kjend at Hanna Kvanmo var ein folkevald med ein dom for landssvik. Vidare har året 1990 blitt valt som slutten for denne undersøkinga fordi det var dette året Hanna Kvanmo gav ut boka *Dommen*, og fortalte historia om tida som frontsjukesyster. I tillegg vart ho pensjonert året førre og boka *Dommen* markerte dermed ein slutt for «Kvanmo-saka». Ho var ikkje aktiv politikar lenger og ein var på denne måten ferdig med saka.

Av Aftenposten og VG var fyrst nemnte den med størst opplag frå 1974 til og med 1980 då VG tok over fyrsteplassen. I 1974 var opplaget til Aftenposten på 203 022 aviser mens VG hadde eit opplag på 140 045 aviser. I 1981 tok VG over fyrsteplassen og haldt på den utover den undersøkte perioden i denne oppgåva over størst opplag av dagsaviser i Oslo. VG hadde det året eit opplag på 227 191 og Aftenposten hadde eit opplag på 227 122 aviser. Etter dette var det VG som har størst opplag av dagsavisene. I 1989 kom Aftenposten med Aftenposten morgon og Aftenposten aften, opplaget dette året på aften utgåva var 193 932 og året etter var opplaget litt mindre med 192 896. Året då VG hadde størst opplag er 1990 då avisa hadde eit opplag på 367 036 aviser, det beste året til Aftenposten i den undersøkte perioden var 1989 då Aftenposten morgon kom ut i eit opplag på 267 278 aviser.[18]

[18] «Osloavisenes opplagstall» (mediebedriftene.no).
Lokalisert 8.3.2011 på Verdsveven: mediebedriftene.no/index.asp?id=78404

Av Aftenposten og VG var fyrstnemnte den med størst opplag frå 1974 til og med 1980 då VG tok over fyrsteplassen. I 1974 var opplaget til Aftenposten på 203 022 aviser mens VG hadde eit opplag på 140 045 aviser. I 1981 tok VG over fyrsteplassen og heldt på den utover den undersøkte perioden i denne oppgåva. VG hadde det året eit opplag på 227 191 og Aftenposten hadde eit opplag på 227 122 aviser. I 1989 kom Aftenposten med Aftenposten morgen og Aftenposten aften. Opplaget dette året på aften-utgåva var 193 932 og året etter var opplaget litt mindre med 192 896. Året då VG hadde størst opplag er 1990 då avisa hadde eit opplag på 367 036 aviser. Det beste året til Aftenposten i den undersøkte perioden var 1989 då Aftenposten morgon kom ut i eit opplag på 267 278 aviser.[19]

I perioden 1.1.1974 til og med 31.12.1990 vart Hanna Kvanmo nemnt i Aftenposten sine artiklar 1826 gongar. Året 1983 vart namnet Hanna Kvanmo nemnt flest gonger med 167 treff, mens 1975 er året der ho vart nemnt færrast gonger . I byrjinga av perioden, i 1974, vart Hanna Kvanmo nemnt 33 gonger. I 1985, då boka Derfor kom ut, vart namnet nemnt 82 gonger. I 1989, då ho gjekk av med pensjon, vart ho nemnt 128 gonger og i 1990, slutten på den perioden oppgåva undersøker, vart Hanna Kvanmo nemnt 34 gonger. [20]

Av 1826 artiklar har eg lese og undersøkt 175 artiklar i Aftenposten. Av desse er det tolv lesarinnlegg elles er resten artiklar anten av politisk karakter eller meir nære intervju med Hanna kvanmo der ein vert kjend med ho som privat person. I tillegg til desse artiklane har eg sett på omkring 70 ulike bilete av ho og 7 karikaturteikningar. I Verdens Gang vart Hanna Kvanmo i perioden 1.1.1974 til og med 31.12.1990 nemnt 404 gongar. Av desse har eg lese omkring 80 artiklar. Av dei 80 artiklane var det omkring 23 lesarinnlegg. Eg har sett på omkring 30 bilete og 7 karikaturteikningar.[21]

Denne undersøkinga har teke sikte på og sjå på framstillinga i artiklar om Hanna Kvanmo. Då særskild hennar politiske hjertesaker og skildringa av ho som både privatperson og politikar. Ein kjem til å sjå om denne skilnaden vart meir og meir utviska utover i den undersøkte

[19] «Osloavisenes opplagstall» (mediebedriftene.no).
Lokalisert 8.3.2011 på Verdsveven:
mediebedriftene.no/index.asp?id=78404

[20] «Hanna Kvanmo» (aftenposten.no).
Lokalisert 12.5.2011 på Verdsveven:
http://sok.aftenposten.no/searchda.fast?searchType=arkiv&view=digitalarkivsppublished&s.ac.sortOrder=descending&s.ac.sortBy=arkiv&s.sm.query=Hanna+Kvanmo&s.si%28navigation%29.breadcrumbs=&s.si%28similarity%29.documentVector=&s.si%28similarity%29.similarType=&s.ac.offset=0&time=exact_from&from_issueday=1&from_issuemonth=1&from_issueyear=1860&time_to=exact_to&to_issueday=12&to_issuemonth=5&to_issueyear=2011

[21] Ibid.

perioden og ho vart meir og meir framstilt som ein opphøgd person. Eg har sett på framstillinga av Hanna Kvanmo som privatperson fordi ein her kan sjå korleis avisa framstilte ho utanfor Stortinget og korleis ho vart framstilt som person. Politiske saker i avisene har blitt lese og undersøkt fordi Hanna Kvanmo i bøkene mellom anna framstilt seg sjølv som ein truverdig abortforkjempar og ein forkjempar for dei svake i samfunnet.

### 1.4.3 Bilete

I undersøkinga vil det også blitt sett på nokre bilete i avisene. Med ordet «bilete» meiner eg dei ikkje-skriftlege delane av avisartiklar i VG og Aftenposten. Dette er attgjevingar av fotografi og karikaturar. Det har blitt sett på omlag 100 ulike bilete og 14 karikaturteikningar. Ifylgje den franske litteraturforskaren Roland Barthes, skil ein bileta sine meiningar i to nivå. Den denotative og den konnotative tydinga. På det denotative nivået gjeld det biletet sitt bokstavlege og skildrande innhald. På dette nivået kan bilete gje dokumentarisk bevis. På det konnotative nivået studerer ein biletet sine kulturelle tydingar. Dette er avhengig av kva historiske og kulturelle kontekstar biletet kan seiast å inngå i. Samstundes må ein hugsa på at det finst ulike posisjonar og sosiale kontekstar som kan skapa eit mangfald av blikk.[22] Utover i undersøkinga vil ulike fotografi bli tekne inn undervegs i analysen og bileta vert brukt på ein denotativ måte. Fotografi vert ofte sett på som eit avtrykk av røyndomen. Ifylgje Roland Barthes bidreg fotografi til å oppretta eit medvit om at tinga har vore der. Det stadlege nærværet og den tidsmessige forskyvinga i fotografiet skapar ein samanheng mellom her og den gong. «[…] vi er da på mirakuløst vis i besiddelse af en virkelighed, som vi er afskærmet fra.»[23]

Det kan vera vanskeleg og fastslå når eit fotografi vart teke. Når ein ser på eit fotografi, er det overflødig å fastslå mentalt kor på biletet objektet er, om det til dømes er i forgrunnen eller bakgrunnen. Det er tilstrekkeleg å fastslå at «det» er «der». Det er derimot vanskelegare for eit bilete og representera når «det» var «der». Det ein kan seia er at biletet vart teke «då» og at ein ser på biletet «no», dermed kan ein slå fast er eit vagt «då» og «no». Dette er særskild tydeleg når den fotograferte hendinga bryt ut av hendingsgangen som kamera fanga akkurat i den augeblinken det skjer. Utfordringa med å bestemma når eit bilete er teke og til dels også kva det er teke bilete av, er i avisene løyst gjennom biletteksten. Tekst og fotografi gjev ei

---

[22] Synne Corell, *Krigens ettertid* (Oslo, 2010), s. 228f.
[23] Ibid, s. 37.

kjensle av nærvær og ei stadfesting som byggjer opp om teksten sin dramatiske funksjon og den sanninga den representerer. Fotografi gjev eit inntrykk av at ein har tilgong til fortida, mens teksten derimot hjelper lesaren til å finna rett meining i biletet. Vidare vert fortida lagt til ei ny eller endra meining. Samstundes kan ein seia at fotografi kan ha utjamnande effekt på avstanden mellom fortid og notid.

### 1.4.4 Litteratur om emnet

Under kjem eg til å fortelja litt om litteratur som handlar om frontsystrer og frontkjemparar og at ein no skriv meir om desse enn ein før har gjort. Eg kjem også til å fortelja om nokre bøker som er aktuelle i dag, men dette er berre eit utdrag og det finst sjølvsagt fleire bøker om temaet, utan at alle kjem til å bli omtala her.

Tidlegare NS-folk og generasjonane etter dei møter i dag på den eine sida meir openheit og meir medkjensle og mindre stigmatiserande omgang med alle sider av okkupasjonshistoria. Togna om folk si fortid i Nasjonal Samling har over tid blitt gradvis mindre. Likevel er det framleis eit vanskeleg emne å snakka om dersom nokon har ei fortid i NS eller som landssvikdømde. I byrjinga av arbeidet med oppgåva ringde eg til Raude Kross i Oslo og spurde om dei hadde informasjon om kva som hende med sjukepleiarar, som var i Raude Kross under den andre verdskrigen, etter at krigen var slutt. Der fekk eg beskjed om at all informasjon om frontsystrene var og finna på Riksarkivet, dei hadde ingen informasjon om systrene. Då eg ringde Riksarkivet sa dei at Raude Kross hadde informasjon om kva som hende med systrer som var repatriert frå Tyskland til Noreg etter krigen. Då eg ringde tilbake til Raude Kross og fortalte kva Riksarkivet hadde sagt fekk eg omsider snakka med ein person i Raude Kross som faktisk arbeidde med frontsystrer i arkivet deira. Det var vanskeleg å få informasjon av henne også. Raude Kross var ikkje til hjelp og tagde framleis om ei vanskeleg tid i historia. Claudia Lenz viser at også i andre og tredjegenerasjon etter krigsgenerasjonen sit den grunnleggjande oppfatninga urokkeleg om at det var galt å stå på nazistane si og den tyske sida. Her verkar «grunnforteljinga» og den er lik alle stader: Patriotisk motstand mot ein framand okkupant og heimlege landsforrædarar. Likevel er ein del i desse generasjonane opptekne av at NS-medlemmar og frontkjemparar vart stempla som svikarar altfor sterkt og altfor lenge. I fylgje ein artikkel i *Nytt Norsk Tidsskrift* 3-4/2009, skriven av Ole Kristian Grimnes, var den offentlege debatten om Hanna Kvanmo og Kåre Øistein Hansen i perioden 1973-1974 ein milepåle. I staden for å vera taus om fortida, hadde ein her ein offentleg debatt

om kor vidt personar som vart dømde under rettsoppgjeret framleis skulle straffast, mellom anna ved å nekta dei ein plass på Stortinget.[24]

Så langt eg veit, er det berre Hanna Kvanmo av dei tidlegare frontsystrene som har skrive om historia si i bokform. Etter krigen vart det stille rundt frontsystrene, dei vart samanlikna med tyskarjentene og frontkjemparane og dømde som landssvikarar. Det var ingen som ville stå fram med si historie. Mange flytta utanlands og ville berre ha tystnad og det oppnådde dei også til ein viss grad. I alle fall fram til januar 1974 då saka mot Hanna Kvanmo tok til i media. Susanne Maerz kalla i ein artikkel i *Nytt Norsk Tidsskrift*, 1970-åra for «revisjonismens begynnelse» og med dette meinte ho at den tradisjonelle historieskrivinga om andre verdskrigen byrja og slå sprekker. Med saka mot stortingsrepresentantane Hanna Kvanmo og Kåre Øistein Hansen, som begge var dømde som landsforrædarar etter krigen, fekk ein sjå litt av ein annan røyndom som var med på å øydeleggja førestillinga om ei deling i samfunnet mellom dei «gode» og dei «onde».[25] Det har kome til ei slags omskriving eller nytt syn på krigshistoria. No skriv ein meir om gråsonene under krigen og at skiljet som vart danna i etterkrigstida om at anten var du ein «quisling» eller ein «jøssing». Ein var anten på den gale eller den rette sida. I dag er det tvert imot meir aksept for å skriva om gråsonene. Det heiter seg at kvar generasjon må skriva historia om att ut frå sine eigne behov og spørsmål.[26]

Samfunn har trong for å skriva ei krigshistorie som passar inn i deira eiga samtid. Ein av dei som har skrive bok om dei som stod på nazistane si side er NRK-journalisten Eirik Veum. I 2009 gav han ut boka *De som falt*, der han namngav alle døde frontkjemparar, inkludert frontsystrer. Boka skapa store reaksjonar og dotter av ein norsk frontkjempar uttala om boka: «For meg er det totalt uforståelig at man kan eksponere drepte frontkjempere så fullstendig.»[27] Ein annan som har gjeve ut bok om dei som var på den «gale sida» under krigen er Bjørn Westlie. Han derimot skreiv om sin eigen far som var frontkjempar i boka *Fars krig* som vart gjeven ut i 2008 og vart godt teken imot.

---

[24] Grimnes, Ole Kristian: «Hvor står okkupasjonshistorien nå?» (idunn.no, publisert 3-4/2009). Lokalisert 16.11.2010 på Verdsveven: Idunn.no/file/ci/36212929/nnt_2009_03-04_pdf.pdf

[25]Susanne Maerz: «Okkupasjonstidens lange skygger» (idunn.no, publisert 4/2007). Lokalisert 16.11.2010 på Verdsveven: idunn.no/file/ci/4638388/nnt_2007_04_pdf.pdf

[26] Grimnes, Ole Kristian: «Hvor står okkupasjonshistorien nå?» (idunn.no, publisert 3-4/2009). Lokalisert 16.11.2010 på Verdsveven: Idunn.no/file/ci/36212929/nnt_2009_03-04_pdf.pdf

[27] Vilde Helljesen: «Avslører norske SS-soldater» (nrk.no publisert 18.8.2009). Lokalisert 12.5.2011 på Verdsveven: http://www.nrk.no/nyheter/1.6730715

Så langt eg veit er det ingen andre frontsystrer som har skrive om historia si som landssvikar. Dei har derimot blitt bok om dei som gruppe. Egil Ulateig har skrive boka *Fordømte engler*, gjeven ut i 2010 der han skildrar korleis livet som frontsyster var og korleis tida etter krigen var for denne gruppa. I denne boka er det brukt fullt namn. Sigurd Senje gav ut i 1986 *Dømte kvinner* om tyskarjenter og frontsystrer. Også her er namna på både tyskarjenter og frontsystrer anonymisert. Det er ingen av dei som fortalte si historia som stod fram med namn. Det viser kor sårt og betent temaet har vore og framleis er.

## 2. Biografi om Hanna Kvanmo

Ein biografi er ei forteljing om ein person som har levd eller lever i ein særskild historisk periode.[28] Biografien kan vera ei rein opprekning av ytre hendingar i ein person sitt liv, eller som ei breiare skildring. Dersom ein skriv ei breiare skildring av ein person sitt liv, kan ein ta med både liv og virke, utvikling av karakter og årsakssamanhengar. Biografien kan anten vera vitskapleg, populærvitskapleg eller i form av ein biografisk roman.[29] For å kunna formidla ei historie som ein kan kjenna igjen, må forfattaren laga samanhengar. Teksten kan verta redigert med kjende litterære verkemiddel som spel på likskapar og ulikskapar og vekselvis bruk av referat, skildring eller dramatisering.[30] Biografiane som er nytta i denne oppgåva er biografiske. Boka *Derfor* er ein biografi, det vil seia at boka er skriven av ein anna person enn den biografien handlar om. Her er forfattaren Ingolf Håkon Teigene. *Dommen*, derimot, er ein autobiografi, eller ein sjølvbiografi. Dette fordi boka er ein biografi skriven av Hanna Kvanmo og handlar om Hanna Kvanmo.

### 2.1 Barneår

Hanna Kristine Hansen vart født 14. juni 1926. Mor til Hanna Kvanmo var Johanna Katinka Klausen, fødd den 21. desember 1903. Johanna Katinka Klausen hadde seks sysken og var

---

[28] Marianne Egeland, *Hvem bestemmer over livet?* (Oslo, 2000), s. 73.
[29] «Biografi» (snl.no).
Lokalisert 5.4.2011 på Verdsveven:
http://snl.no/biografi
[30] Marianne Egeland, *Hvem bestemmer over livet?* (Oslo, 2000), s. 73.

eldst av jentene og nummer tre i rekkja totalt. Mora hennar likte best veva og strikka og når ho fekk tak i ei bok fortapte ho seg i den, mens borna måtte arbeida. Det vart til at den eldste jenta fekk ansvar for dei yngre syskena og reingjeringa. Det var gutane og yngste jenta som oftast gjekk på skulen, mens Johanna måtte vera heime å arbeida. Det vart til at ho kom til å læra seg å lesa på eit vis, men skriva kunne ho ikkje. Seksten år gamal vart Johanna Katinka Klausen hushjelp i Gryllefjord hjå ei av telegrafdamene, som var av Kulseng-slekta, der lærte ho mykje om "finare" hushald. Det gjorde at ho avanserte til hushjelp på ei anna grein av Kulseng-familien på Sama utanfor Harstad. Det var lange dagar og lita betaling, men Johanna Katinka Hansen fekk likevel tid til å gå på Frelsesarmeen anna kvar onsdag. Det var her ho vart kjent med frelses-soldaten Kornelius Seberg Meyer Hansen, også fødd i 1903.[31] Johanna Katinka Klausen vart gravid og ho syntest det var skammeleg utan å vera gift. Jula 1925 gifta ho seg med Kornelius Hansen og seks månader seinare vart Hanna Kristine Hansen fødd, seinare Kvanmo. Paret flytta inn til mor til Kornelius Hansen. [32]

Far til Hanna Kvanmo vart fødd då mora hans var førti år og var det einaste barnet ho fekk. Mor til Kornelius var bondekone som stelte huset sitt på sin eigen måte. Ho hadde andre måtar å gjera det på enn mor til Hanna Kvanmo, som hadde lært mykje om hushald og reinsemd. Dei var begge sta kvinner som ville ha gjort saker på sin eigen måte. Familien Hansen budde trongt og var fattige på grunn av arbeidsløyse, noko som var vanskelig for far og son i huset. Farfar til Hanna Kvanmo selde garden dei eigde fordi faren nekta å overta den. Han ville heller til byen og prøva lykka der. Pengane farfaren tente på salet av garden vart sett inn i Trondenes Sparebanken, som seinare gjekk konkurs, og bestefaren mista pengane. Dette førte til at mennene tok førefallande arbeid der dei kunne få det og om vinteren var dei i Lofoten. Storparten hadde ingen fast jobb og dei fleste var sesongarbeidarar. [33]

Då Hanna Kvanmo var to år, reiste mor hennar sin veg, ho orka ikkje å bu med svigermor lenger. Hanna Kvanmo vart verande igjen hjå bestemora, mens mora budde hjå ei veninne og arbeidde på ein lokal fabrikk. Etter nokre veker henta mora Hanna Kvanmo og leigde eit rom. Etter dette flytta dei to ofte og budde omkring åtte til ti månader same stad. Dei busette seg der mora kunne få arbeid og tena til livets opphald. At dei flytta ofte hadde å gjera med at mora fekk arbeid i Berlevåg om våren og om sommaren var ho kokke på eit fiskebruk. Mens mora koka, vart Hanna Kvanmo plassert hjå besteforeldra. Når ho kom tilbake frå den jobben,

[31] Hanna Kvanmo, *Dommen* (Oslo, 1990), s. 15f.
[32] Ibid, s. 16f.
[33] Hanna Kvanmo, *Dommen* (Oslo, 1990), s. 16f.

henta ho dottera og fann seg ein ny stad å bu. Mora tok det arbeidet ho fekk. I 1936 vart foreldra skilt etter og ha vore separert i to år. Hanna Kvanmo fortsette med å bu hjå mora. Ho fekk forbod mot å besøka faren, men Hanna Kvanmo gjekk mot mora og besøkte han likevel. Opp gjennom åra hadde Hanna Kvanmo likevel ofte kontakt med faren som i mange år arbeidde som bod på Hotell Royal. Her fekk han kost og losji som betaling og sjølve inntekta han fekk var driksen. I tillegg hadde han gamle foreldre å ta vare på, som måtte ha hjelp til husleiga. Difor hadde han ikkje mykje å gje til dottera og mor hennar i form av pengar.[34]

## 2.1 Utan mogleheiter?

Trass i at mor og dotter ikkje hadde mykje pengar, kunne det likevel ha seg slik at dei ikkje var så vanskeleg stilte likevel? Hanna Kvanmo fortel i *Derfor* at mora var ei kvinne som arbeidde hardt. Johanna Hansen var både kokke og ho verka sild på kaia i Harstad eller tredde sild på fabrikken. Når Johanna Hansen kom heim om kvelden, kunne ho vera så frossen og utsliten at ho klarte ikkje å få av seg kleda og det var Hanna Kvanmo som måtte dra dei av mora. Så kunne det komma veker der det ikkje kom noko sild og anna arbeid ikkje var å få. Likevel heldt ho nauda på god avstand, og ho var for stolt til å gå på fattigkassa etter hjelp. Mora ville klara seg sjølv, fortel Hanna Kvanmo.[35] Vidare fortalte Hanna Kvanmo i *Dommen* om borna i sin eigen klasse på folkeskulen som var fulle av lus, skitne og underernærte.[36] Hanna Kvanmo poengterte fleire gongar i *Dommen* at heime hadde ho og mora det «gullende rent», ho hadde også besteforeldre ho kunne gå til. Hanna Kvanmo skreiv i *Derfor* at dei var ikkje rike på pengar, men like fattige som alle andre, men dei hadde brødskiver med tyttebærsyltetøy på og dei hadde kjærleik. Dette var betre kår enn mora hadde hatt, som måtte arbeida fordi mor hennar heller ville fortapa seg i ei bok og som eldst av jentene måtte ho vera heime og stella, mens sysken fekk gå på skule. Vidare vart det fanga opp at Hanna Kvanmo var skarp på skulen og på den måten fekk ho stipend av Harstad kommune til å gå på realskulen. Dette var det ikkje mange som fekk moglegheita til frå Hanna Kvanmo sin stand i eit Noreg der klasseskilje var tydeleg i 1940. Det kunne like gjerne gått med Hanna Kvanmo som med andre born, full av lus og ei mor som hadde gitt opp kampen mot den og fattigdommen. Det gjorde det ikkje, tvert imot. Hanna fekk både merksemd frå familie med tanke på at ho måtte oppføra seg, dei tente pengar og slapp unna fattigkassa og ho fekk ei

[34] Hanna Kvanmo, *Dommen* (Oslo, 1990), s. 17-22.
[35] Hanna Kvanmo, *Derfor* (Oslo, 1985), s. 10ff.
[36] Hanna Kvanmo, *Dommen* (Oslo, 1990), s. 37ff.

utdanning. I tillegg fekk mora etter kvart så god råd at dei hadde råd til hushjelp som kosta 20 kroner i månaden. Det var i 1936.[37]

## 2.2 Føre var

Boka *Derfor* er skriven av Ingolf Håkon Teigene, ho er rettnok fortalt til han av Hanna Kvanmo, men det er Teigene som har ført boka i pennen. Som nemnt tidlegare, har boka vorte sett på som verdilaus. Det er interessant at forfattaren av boka *Fra Kingsbay til kongens bord*, Frank Rossavik, hevda i ein samtale at Hanna Kvanmo ikkje hadde noko ynskje om å skriva boka. Vidare hevda Marianne Egeland i boka «Hvem bestemmer over livet?» at ein biograf vil nytta seg av andre sitt liv for å fremja sine eigne personlege prosjekt.[38] Sidan Hanna Kvanmo ikkje ville skriva denne boka, kva motiv hadde då Ingolf Håkon Teigene for og skriva biografien om ho? Det kan vera at Teigene var ein pådrivar for at Hanna Kvanmo skulle stå fram med si livshistorie. Han kan ha sett ein moglegheit til på eit vis å reinvaska Hanna Kvanmo eller i det minste måla eit godt bilete av ho som person og politikar.

I eit intervju med Hanna Kvanmo i Aftenposten i november 1985, etter at *Derfor* var gjeven ut, fortel ho at etter at ho har pensjonert seg skal ho skriva ei bok til som kjem til og gå djupare i både personlege forhold og politiske syn. Den boka skulle ho skriva sjølv. Når ho sa dette i intervjuet i 1985, kan ein stilla spørsmål ved kvifor ho ikkje skreiv *Dommen* i staden for å gje ut *Derfor* og skriva ei *Dommen* fem år seinare om tida som frontsjukesyster. Fortida er omtala også i *Derfor*, men då berre over ei side. Ei forklaring kan vera at det mest kontroversielle i Hanna Kvanmo si fortid vart spart til etter at ho var pensjonert og utanfor fare for å mista jobben som stortingsrepresentant. På denne måten var ho trygg dersom det skulle komma sterke reaksjonar. Ein annan måte å sjå det på er at Hanna Kvanmo ved å gje ut *Dommen* i 1990, som pensjonist, sikra ho sitt eige ettermæle. Ho framstiller seg som nokså uskuldig i boka, på den måten kunne ho få folk til å tenkja at ho ikkje hadde gjort noko galt under krigen. Slik kunne ho heller verta hugsa som ein landssvikar som var uskuldig og som ikkje skulle vore dømd i det heile teke.

[37] Hanna Kvanmo, *Dommen* (Oslo, 1990), s. 31.
[38] Marianne Egeland, *Hvem bestemmer over livet?* (Oslo, 2000), s. 13.

## 2.3 Krigen

Problemet med biografiar er at ein ofte har tendens til anten å dyrka eller sjå ned på personen ein skriv om. Når ein dyrkar personen ein skriv om, kan dette fort føra til at det som er negativt materiale om personen vert utelate eller undertrykt. Midt imot kan det som er klanderverdig verta framheva dersom ein ser ned på personen ein skriv biografi om.[39] Når Hanna Kvanmo fortel om livet sitt i bøkene *Derfor* og *Dommen,* fortel ho ikkje om alt ho hadde gjort i livet, det er umogleg. Hanna Kvanmo har gjort eit utval av kva ho ville fortelja om og på denne måten styrte ho korleis livet hennar skulle framstillast i bøkene. Me får ikkje vita kva historier ho valde vekk, berre kva historier ho ville me skulle lesa om. På denne måten kunne ho framstilla seg sjølv i eit godt lys, ved berre å fortelja om delar av livet på den måten som gagna ho best.

Sommaren 1941 var Hanna Kvanmo 14 år og skulen ho gjekk på, Trondarnes Folkehøyskole, vart rekvirert av tyskarane. Skuleelevane fekk ikkje byrja på skulen att og etter kvart vart det organisert undervisning i private heimar. På dette tidspunktet hadde Hanna Kvanmo byrja å jobba for tyskarane, men då var det for seint for ho. Hanna Kvanmo hadde byrja å arbeida for tyskarane og følte seg ikkje lenger velkommen hjå dei som ikkje hadde nokon direkte kontakt med okkupantane. Som ofte var vanleg under krigen, vart dei som hadde kontakt med okkupasjonsmakta frose ut av dei som ikkje hadde kontakt med tyskarane. Hanna Kvanmo opplevde å verta frose ut av tidlegare klassekameratar og lærarar slutta også å helsa på ho.[40] Her kom Hanna Kvanmo med ei forklaring på kvifor ho kom til å jobba hjå tyskarane. Det er ei nokså vanleg forklaring som gjeld mange av dei som var eller kom til å verta medlem i Nasjonal Samling. At NS klarte å rekruttera tidlegare ikkje-mobiliserte kvinner og ungdommar, kan ein forklara ved at ein opplevde å verta isolert og stigmatisert av eit samfunn som vart NS-fiendtleg eller ein var i miljø som var mot Nasjonal Samling. Dersom ein far eller ei mor eller unge born hadde vorte medlemmar, opplevde resten av familien å mista dei sosiale kontaktane dei hadde og dermed vart det lettare å akseptera eit medlemsskap i NS.[41]

Mor til Hanna vart nøydt til å gå på arbeidskontoret på grunn av arbeidsløyse og la seg skriva ut til arbeid for tyskarane, det skal ikkje ha vore anna arbeid å finna. Då mor til Hanna Kvanmo fekk jobb på kjøkkenet på kasinoet til offiserane, skaffa ho også jobb til dottera her. Hanna hadde prøvd fleire plassar å få seg arbeid, men ho fekk ingenting fordi alt gjekk på

---

[39] Marianne Egeland, *Hvem bestemmer over livet?* (Oslo, 2000), s. 78.
[40] Hanna Kvanmo, *Dommen* (Oslo, 1990), s. 58.
[41] Stein Uglevik Larsen, *Who were the fascists* (Oslo, 1980), s. 606.

venskap og kjennskap. Ho pussa vindauge og vaska golv og lærte tysk av oppassarane.[42] Sommaren 1942 fekk Hanna tilbod av intendanten om å byrja å arbeida som kontorhjelp på Ortskommandaturet, det takka ho ja til. Hanna Kvanmo var på lønningskontoret der dei norske arbeidarane fekk lønningane sine utrekna. Etter kvart vart Hanna også nytta som tolk i avhør av nordmenn.[43]

Ifylgje Hanna Kvanmo sjølv skal ho ha gjort sitt for å forhindra at nordmenn vart vikla inn i problem. På denne måten fekk ikkje tyskarane veta meir enn dei kunne bevisa og det vart til at det var minst mogleg nordmennene kunne verta tekne for. Hanna Kvanmo var med på avhøyr av nordmenn. I *Dommen* fortel ho at ho sa stopp då dei byrja og slå for å tvinga fram tilståingar av dei tyskarane avhøyrde. Dette ville ho ikkje vera med på og tok det opp med kommandanten som gav ho medhald. Denne typen avhøyr av nordmenn skulle ikkje finna stad. Ved å fortelja denne historia, stilte Hanna Kvanmo seg i godt lys. Ho innrømde at ho arbeidde for tyskarane, men ho hadde hjelpt nordmenn så godt ho kunne, der ho kunne. Ein kan ikkje seia med sikkerheit om dette var det einaste avhøyret der Hanna Kvanmo deltok der det vart brukt harde verkemiddel for å få fram ei tilståing. Ho fortel heller ikkje om alle husransakingane ho var med på, berre éin er omtala i *Dommen*. Då fortalte Hanna Kvanmo det slik at det vart funne tysk tjuvgods heime hjå ein mann og den høggravide kona hans. Dei vart fråtekne det meste av tjuvgodset, unnateken to sett sengeklede og nokre handklede. Med denne historia fekk Hanna Kvanmo det til å sjå ut som ho ikkje hadde gjort noko galt. Likevel er dette den einaste husransakinga ho har fortalt om i bøkene og ein kan ikkje veta korleis dei andre ransakingane var.[44] Det er mange slike historier i *Dommen* som stilte Hanna Kvanmo i eit godt lys, trass i at ho jobba for okkupasjonsmakta. Dette gjer det vanskeleg å få eit heilskapleg bilete av tida då ho arbeidde hjå tyskarane, sidan biletet som vert skildra er eintydig positivt. Sannsynet for at ho var med på noko som ikkje var så positiv er til stades. Me får altså eit bilete av Hanna Kvanmo si fortid slik ho ville det skulle stå att etter ho.

## 2.4 Frontsjukesyster

Biografiar blir klassifisert på ulike måtar. Ei klassifisering er tema- eller problemorienterte biografiar. Hanna Kvanmo si bok *Dommen* handlar om Hanna Kvanmo si fortid som frontsjukesyster. Noko tittelen på boka og fortel oss, at ho fekk ein dom for gjerninga som frontsjukesyster. At ho skreiv boka sjølv, forsterkar at det som vart skrive i boka var sant.

[42]Hanna Kvanmo, *Dommen* (Oslo, 1990), s. 58f.
[43] Ibid, s. 58ff.
[44] Ibid, s. 64ff.

*Derfor* derimot, liknar meir på eit portrett fordi den skildrar personen sin karakter eller personlegdom. Boka handlar om kvifor Hanna Kvanmo var som ho var i form av meiningar og den personen ho var då boka vart skriven i 1985. Biografar har vorte samanlikna med nokon som legg mosaikk. Som om eit liv kan delast inn i eit visst tal bitar og rekonstruerast av den som samlar alle bitane og komponera eit bilete av det ho eller han har til rådigheit. Ein kan også typisera biografane på lik linje som ein klassifiserer biografiar. Det er ingen biografar som er berre ein av typane, dei er ofte fleire typar. *Derfor* vart skriven av Ingolf Håkon Teigene. Som biograf var han både ein objektiv fordomsfri forteljar på den måten at ein ikkje høyrer noko til han, og han var ein tolkande forteljar som skapa meining i det Hanna Kvanmo fortalte.[45]

Etter ein sykkelvelt, då ho var 11 år hamna Hanna Kvanmo på sjukehus. Ho forstua begge bein, venstre arm, høgre olbogeskål var laus og eit anna bein i olbogen vart brote. Ho fekk og store sår i munnen etter tennene hadde laga sår. Hanna Kvanmo vart liggjande på sjukehus i to månader og fekk god kjennskap om sjukehusa sine rutinar og korleis sjukepleiarar arbeidde. Ho fekk vite kva ein måtte gjera dersom ein ville bli sjukesyster, om samarittarbeid, utdanning og læretid. Elevane måtte sjølve betala for uniform, skulebøker og skrivesaker. Undervisning, innkvartering og mat var gratis. «Jeg ble mer og mer innstilt på at det var sykepleier jeg ville bli.» Hanna Kvanmo kom frå ein familie med dårleg råd og det gjorde at det var vanskeleg for ho å komma inn på sjukepleie.[46]

Under okkupasjonen fylde Hanna Kvanmo ut ei annonse i Harstad Tidende med namn og adresse der ho bad om nærare opplysningar om korleis ho skulle gå fram for å verta oppteken som elev i det Tyske Raude Kross. Ho sendte ein søknad hausten 1942, men då vart søknaden avvist fordi ho var for ung. Ho sendte endå ein søknad, og den gongen var ho også for ung. Fyrst i juni 1944 kunne ho søkja, for då vart ho 18 år. Hanna Kvanmo sette i gang med å skaffa dei attestane ho trengte og ein dag i oktober 1944 la ho ut på reisa til Oslo. Allereie fyrste dagen etter Hanna Kvanmo kom til Oslo, byrja eit strengt kursopplegg. Dei neste dagane gjekk med til teoretisk undervisning i personleg hygiene, grundige legeundersøkingar og tilpassing av uniform. Den 22. november 1944 gjekk jentene om bord på troppetransportskipet Monte Rosa i Porsgrunn med kurs for Århus og deretter til Heringsdorf på øya Usedom ved Austersjøen.[47] Her fekk jentene eit innføringskurs som varte i tre

[45] Marianne Egeland, *Hvem bestemmer over livet?* (Oslo, 2000), s. 90ff.
[46] Hanna Kvanmo, *Dommen* (Oslo, 1990), s. 38ff.
[47] Ibid, s. 75ff.

månader. I februar 1945 vart ho plassert ut på eit sjukehus i Berlin, der ho den fyrste tida pleia franske krigsfangar.[48] Utover i januar 1945 gjekk flyalarmen oftare og avreisa frå Heringsdorf vart framskynda. Den 20. januar vart dei sendt til Stettin der dei skulle verta utplasserte på ulike sjukehus og sanitetseiningar. Hanna Kvanmo vart sendt til Bötzow, like nord for bygrensa til Berlin der dei russiske styrkane i slutten av januar stod 150 kilometer frå Berlin.[49]

Den 21. april 1945 var det klart for avmarsj, Berlin var no omringa av russarane. Ein veg var endå open og den gjekk via Nauen. Målet for Hanna Kvanmo var saman med ein lege og nokre andre sjukesystrer å komma seg over Elben og til engelskmennene.[50] Hanna Kvanmo og fylgjet hennar var av dei siste som kom seg ut av Berlin.[51] Hanna Kvanmo og kollegaene lukkast med å kryssa Elben. Der var ein ferjemann som hadde ei ferje som tok éin bil. Han staka dei over Elben til Neudorf. Det var mens dei var her at Berlin falt den 2. mai. Etter kvart vart Hanna Kvanmo og ei anna jente innkvarterte på ein liten bondegard i Dobruck. Her vart Hanna Kvanmo buande i to år.[52]

Etter kvart tok Hanna Kvanmo imot ein invitasjon til å besøkja ein tyskar i München-Gladbach som ho kjende frå Harstad. Her vart Hanna verande ei stund til ho fann ut at ho ville gjera eit siste forsøk på å komma inn i sjukepleia i Düsseldorf. Då ho kom dit, fekk ho veta at dei ikkje tok opp elevar. Sjukepleiarskulen hadde opphøyrt å eksistera i dei siste dagane av krigen og var ikkje kommen i gang igjen. Hanna Kvanmo reiste til Cuxhaven og meldte seg på arbeidsformidlinga der. Ho var nøydt til å ha ei inntekt. Då dei på arbeidsformidlinga høyrde at ho kunne litt engelsk, vart ho sendt til hamna der var det eit engelsk matvarelager. Her arbeidde ho til februar 1947. Mens Hanna pendla mellom Dubruck og Cuxhaven, vart ho kjend med medpassasjerar. Ein av desse gav Hanna Kvanmo tilbod om arbeid(, då) som hushjelp. Hanna Kvanmo takka ja til stillinga. No fekk ho fri ein gong i veka og kunne av og til gå ut ein kveld. Ein dag bestemte Hanna og ei veninne seg for å gå på danserestaurant for å feira fødselsdag. På restauranten vart Hanna merksam på to menn som snakka norsk, og vart veldig forviten. På denne måten vart Hanna kjend med mannen som skulle verta faren til dottera hennar. Asbjørn var ein sjarmerande nordlending som var god til å spela trekkspel skriv Hanna i *Dommen*. Han var ugift, han vitsa sjølv med at han hadde ei jente i kvar hamn.

[48] Hanna Kvanmo, *Derfor* (Oslo, 1985), s. 14f.
[49] Hanna Kvanmo, *Dommen* (Oslo, 1990), s. 90ff.
[50] Ibid, s. 106.
[51] Hanna Kvanmo, *Derfor* (Oslo, 1985), s. 14f.
[52] Hanna Kvanmo, *Dommen* (Oslo, 1990), s. 106ff.

Ho trudde han sånn passeleg då, men fekk seinare erfara at han hadde sagt den fulle og heile sanninga. Forholdet utvikla seg fort og Hanna Kvanmo vart gravid.[53]

I byrjinga av september 1947 fekk Hanna brev om at ho skulle møta opp i Hamburg for transport heim til Noreg. Ho både grua og gleda seg til å komma heim. Ho var ikkje så lysten på å reisa heim heller, heime hadde ho ingenting å komma heim til. Ingen jobb og ein «bråte med ubehageligheter.»[54]

Heime vart Hanna Kvanmo motteken av mor, som var full av planar for dottera og barnet ho venta. Hanna Kvanmo skriv at ho var fullt klar over at ho skulle gjennom ei full gransking. Politiet hadde vore og spurt etter ho. Hanna bad mor hennar seia i frå til politiet at ho var kommen. Nokre dagar seinare fekk Hanna innkalling til avhøyr. Her gjorde ho klart for kva ho hadde gjort i Harstad under krigen og kva som hadde skjedd etter at ho reiste frå staden. Då politiet var ferdig med etterforskinga vart saka sendt til Statsadvokaten for landssviksaker i Troms og Finnmark. Hanna Kvanmo fekk eit førelegg på eitt år i fengsel som ho nekta å godta. Saka vart sendt over til heradsretten. Rettssaka kom opp den 6. april 1948 og eit par menneskje stilt opp for å fortelja retten om den hjelpa ho hadde gjeve dei under krigen. Sjølv var ho oppgitt og nedfor skriv Hanna Kvanmo i *Dommen*. Ho erkjente seg straffeskuldig for medlemsskap i Nasjonal Samlings Ungdomsfylking (NSUF) og for at ho hadde gjort teneste i det Tyske Raude Kross. Retten fann det straffeskjerpande at ho hadde arbeidd hjå tyskarane i Noreg. Heradsretten kom til å setja ned straffa til Hanna Kvanmo med to månader. Ho bad forsvararen om å anka til høgsterett over straffeutmålinga og 21. mai fall kjenninga i Høgsterettskjæremålsutval: «I herredsrettens dom gjøres den endring at fullbyrdelsen av frihetsstraffen utstår etter straffelovens paragrafer 52 flg. Med en prøvetid av 3 - tre år – uten tilsyn. Rettighetstapet inntrer straks.» Lettinga og gleda var stor skriv Hanna i *Dommen*. Ho kunne arbeida og ta seg av barnet sitt.[55]

## 2.5 Politikk

Etter rettssaka tilbaud onkelen til Hanna Kvanmo at ho kunne komma til han for å lesa med sonen hans som skulle byrja på realskulen. Samstundes tok ho eit kurs på seks månader på handelsskulen, som ho fekk godt resultat på eksamen. Etter kvart fekk Hanna Kvanmo jobb

[53] Hanna Kvanmo, *Dommen* (Oslo, 1990), s. 116ff.
[54] Ibid, s. 120.
[55] Ibid, s. 130.

som lugar- og serveringsdame om bord på lokalbåten «Trondernes», som gjekk mellom Tromsø og Harstad. Etter ei tid arva ho jobben til mora på festningsanlegget på Trondernes, [56] det var her ho vart kjent med Bjarne Kvanmo, ein mann frå Ballangen. I 1952 gifta Hanna Kvanmo seg med Bjarne Kvanmo. Dei bygde seg hus etter nokre år og dei fekk to gutar saman i tillegg til jenta Hanna Kvanmo hadde frå tidlegare.[57]

Hausten 1959 byrja Hanna Kvanmo å lesa til examen artium samstundes som ho var heimeverande og tok seg av mann og born. I 1962 tok ho eksamen, eitt poeng frå og verta preseterist. Same haust fekk Hanna Kvanmo jobb som erstatningslærar på gymnaset i Mo. Etter eit godt resultat i examen artium vart ho ein lokal kjendis og kom i avisa. Etter dette vart ho spurd om å bli med i lokalpolitikken av både SF og Arbeidarpartiet. Hanna Kvanmo sa nei til ein plass på kommunelista, men vart med i trygdekassestyret og trafikkutvalet. Det var ved kommunevalet i 1967 at ho sa ja til ein plass på lista til SF på grunn av deira utanriks- og atompolitikk. Hanna Kvanmo fekk flest stemmer ved kommunevalet av alle som stod på SF-lista i Rana. Ved kommunevalet i 1971 fekk ho på ny flest stemmer og tok over vervet som gruppeleiar i SF. Året etter då Hanna Kvanmo var 46 år vart ho spurt om og stå på fyrsteplass på SF si liste i Nordland, det var jamgodt med ein plass på Stortinget. I boka *Derfor* fortalte Hanna Kvanmo at ho var usikker på om ho ville til Oslo og Stortinget. Ho var 46 år, og i overgangsalderen. Ho lurte på korleis det ville verta og bu i Oslo åleine og takla det storpolitiske spelet. Hanna Kvanmo skreiv vidare at ho virka robust, men at ho innerst inne var nokså tander, usikker og lett å såra.[58] Den fyrste profesjonelle amerikanske biografen har sagt om kor viktig oppbygging i ein biografi er: «En god ting blir dobbelt så god viss den kommer inn på riktig sted.» Etter Hanna Kvanmo i *Derfor* fortalte kor usikker ho var på tilværet i Oslo fortel om at ho hadde ein mann på skiftarbeid, tre små born og ingen barnehage og eit hus å stella. Ho hadde ikkje mykje tid på dagen til å lesa. Så det vart til at ho tok nettene i bruk når ungane hadde lagt seg. Det hendte at ho satt heile natta og las. Ho fortel at ho hadde ingen lærar, berre kursbøkene frå Norsk Korrespondanseskole. Året før hadde ho teke eit kurs i fransk, og engelsk uttale lærte ho seg ved å høyra på BBC radio. Våren 1962 var ho ferdig med eksamen og var eitt poeng i frå å få den høgste poengsummen. Ho var svært stolt og fortel at ho kjøpte den svarte studenthua, som ho aldri brukte, men som «er mitt største trofé hittil», som ho fortel i boka. «Jeg hadde tatt artium, mot alle odds, og med godt resultat

[56] Hanna Kvanmo, *Dommen* (Oslo, 1990), s. 133.
[57] Hanna Kvanmo, *Derfor*- (Oslo, 1985), s. 36ff.
[58] Ibid, s. 40ff.

[…]»[59] Dette gjorde at det vart fortent at Hanna Kvanmo klarte eksamen og at ho vart stortingsrepresentant. Poenget her er at Hanna Kvanmo skapa dramatikk i teksten ved at ho ikkje var sikker på om ho klarte tilværet i Oslo og på Stortinget for så og fortelje om kor godt ho hadde klart seg på eiga hand under utdanninga. Hanna Kvanmo regisserte altså historier i boka ettersom det passa ho.

I 1973 kom SV inn på Stortinget med 11,2 prosent av stemmene. Hanna Kvanmo vart med dette stortingsrepresentant og blei verande på Stortinget i 16 år. Den perioden vil ikkje verta omtala her, då den vil verta omtala nedanfor. Då Hanna Kvanmo gjekk av med pensjon i 1989 vart ho medlem av Nobelkomiteen (1991-2002) og Riksrevisjonen (1990-1998). Saman med ektemannen Bjarne Kvanmo flytta Hanna Kvanmo frå Mo i Rana til Arendal då ho vart pensjonist for og vera nærmare barneborna. Hanna Kvanmo budde i Arendal til ho døydde i 2005.[60]

## 2.6 Curriculum Vitae

**Hanna Kvanmo (1926-2005)**

**Sosialistisk Venstreparti**

Møtte sist som representant for Nordland 1985-1989
Ansiennitet: 16 år, 0 dagar

Personalia:
Født 14.06.1926 i Sandtorg, Troms
Død 23.06.2005
Dotter av fiskar/bod på hotell Kornelius Hansen (1903-1961) og fabrikkarbeidar/kokke Kathinka Klausen (1903-1965)

Stortingsperiodar:

Representant nr 4 for Nordland, 1973 - 1977, SVf.
Representant nr 12 for Nordland, 1977 - 1981, SV.

---

[59] Hanna Kvanmo, *Derfor* (Oslo, 1985), s. 41.
[60] «Hanna Kvanmo» (snl.no).
Lokalisert 5.10.2010 på Verdsveven:
http://snl.no/.nbl_biografi/Hanna_Kvanmo/utdyping

Representant nr 8 for Nordland, 1981 - 1985, SV.

Representant nr 5 for Nordland, 1985 - 1989, SV.

Medlemskap i stortingskomitear:

1973-77

Medlem, Samferdselskomiteen, 18.10.1973 - 30.09.1977

Varamedlem, Valkomiteen, 09.10.1973 - 30.09.1977

Medlem, Fullmaktskomiteen, 01.10.1973 - 30.09.1977

1977-81

Medlem, Samferdslekomiteen, 18.10.1977 - 30.09.1981

Medlem, Valkomiteen, 11.10.1977 - 30.09.1981

1981-85

Varamedlem, Den utvida utanriks- og konstitusjonskomité, 21.10.1981 - 30.09.1985

Medlem, Samferdselskomiteen, 21.10.1981 - 30.09.1985

Medlem, Valkomiteen, 08.10.1981 - 30.09.1985

1985-89

Medlem, Samferdslekomiteen, 23.10.1985 - 30.09.1989

Medlem, Den forberedande fullmaktskomité, 19.06.1989 - 29.09.1989

Medlem, Valkomiteen, 09.10.1985 - 30.09.1989

Varamedlem, Den utvida utanriks- og konstitusjonskomité, 23.10.1985 - 30.09.1989

Medlemskap i spesialkomitear, interne styrer og utval:

Medlem, Reglementskomiteen, 06.02.1986 - 17.04.1989

Medlemskap i delegasjonar:

1973-77

Vararepresentant, FN si generalforsamling, 01.01.1975 -

Varamedlem, Stortinget si delegasjon til Nordisk Råd, 01.01.1973 - 01.01.1977

1981-85

Medlem, Stortinget si delegasjon til Nordisk Råd, 21.02.1984 - 30.09.1985

Varamedlem, Stortinget sitt delegasjon til Nordisk Råd, 10.11.1981 - 21.02.1984

Vararepresentant, FN si generalforsamling, 01.01.1981 -

1985-89

Varamedlem, Stortinget sin delegasjon til Nordisk Råd, 28.10.1987 - 30.09.1989

Medlem, Stortinget sin delegasjon til Nordisk Råd, 08.11.1985 - 28.10.1987

Medlem, Stortinget si gruppe av Den Interparlamentariske Union (IPU), 01.10.1985 - 30.09.1989

Medlemskap i gruppestyre:

1973-77

Medlem gruppestyret, Sosialistisk Valforbund, 01.10.1976 - 30.09.1977

1977-81

Formann gruppestyret, Sosialistisk Venstreparti, 01.10.1977 - 30.09.1981

1981-85

Formann gruppestyret, Sosialistisk Venstreparti, 01.10.1981 - 30.09.1985

1985-89

Leiar gruppestyret, Sosialistisk Venstreparti, 01.10.1985 - 30.09.1989Utdanning og yrkeserfaring

Utdanning:
Handelsskule 1948, student (privatist) 1962, forberedande prøver ved Friundervisninga 1968

Yrke:

Diverse stillingar som hushjelp, hjelpepleierske, kontorassistent, kokke 1940-1952
husmor 1952-1962, mellombels lærer ved Rana Gymnas 1962-1973

Verv:

Kommunalpolitisk aktivitet

Medlem Rana formannskap 1967-1971, 1971-1975

Fylkespolitisk aktivitet:

Varamedlem fylkesting, Nordland 1971-1973

Offentlige verv:

Medlem Trafikkutvalet, Rana 1963-1967

Medlem Styret for Trygdekassa, Rana 1963-1967

Medlem Skulestyret 1967-1971

Varamedlem Regionplanrådet for Nordland 1971-1973

Medlem Finansutvalet 1971-1975

Medlem Sosialstyret 1971-1973

Medlem Utval som utgreia dei sosiale og økonomiske konsekvensane av endringar i befolkningssamansetninga 1989-1992

Riksrevisor Riksrevisjonen 1990-1998

Medlem Nobelkomiteen 1991-2002

Tillitsverv i parti:

Medlem Styret for Rana Sosialistisk Folkeparti 1967-1973

Nestformann Nordland SF 1970-1972

Gruppeleiar SV sitt kommunestyregruppe i Rana 1971-1973

Medlem SV sitt fylkesstyre i Nordland 1981-1989

Tillitsverv i organisasjonar:

Medlem Styret i Nordland krets av Norske kommunar sitt sentralforbund 1971-1975

Medlem Nordland krets av Norske kommunar sitt sentralforbund sitt sosialutval 1971-1975

Litteratur:

Andersen, Ingvar: *Årbok for Helgeland* 1992, Vega

*Nord-Norge og oljen* 1981

Kvanmo, Hanna Kvanmo: *Derfor*, Oslo 1985

Kvanmo, Hanna Kvanmo: *Glis*, Oslo 1986

Mauseth, Per Eggum (red.): *Leve kommunen?!*, Pax Oslo 1987

Berg, Rolf: *Norske bilder*, Oslo 1988

Kvanmo, Hanna Kvanmo: *Dommmen*, Oslo 1990

Kvanmo, Hanna Kvanmo og Arild Rygnestad: *Anders Langes saga*, Samlaget Oslo 1993
Forseth, Terje (red.): *Det gode sted* 1994[61]

## 3. Landssvikaren

I dette kapittelet vil eg sjå nærare på tida då avisene fann ut at Hanna Kvanmo hadde ein landssvikdom i 1974 og korleis ho vart omtala i Aftenposten og VG i tida etter det vart avslørt i media at ho var dømd for landssvik.

### 3.1 «Søkelyset mot enda en SV-valgt»

I ein artikkel, i forløparen til Dagens Næringsliv, Norges Handels- og Sjøfartstidende (N.H og S.T.), vart det den 9. januar 1974 offentleggjort ein usignert artikkel med overskrifta: «Søkelyset mot enda en SV-valgt».

> «Det vakte stor og forståelig oppsikt da det etter høstens stortingsvalg kom frem at Sosialistisk Valgforbunds representant fra Buskerud hadde vært landssviker under krigen og deltatt i operasjoner mot norske patrioter – et forhold som førte til streng straff for vedkommende etter frigjøringen. Da saken kom frem i avisene ble valget forsvart med at representanten var så ung under krigen. Hele Sosialistisk Valgforbunds gruppe som slo bl.a. på dette grunnlag ring rundt vedkommende.
>
> «N.H og S.T.» kan i dag opplyse at et annet medlem av partiets stortingsgruppe i lengre tid var ansatt hos tyskerne under krigen. I dette tilfelle var vedkommende, som også var ung på den tiden, knyttet til Gestapo, bl.a. som tolk.
>
> «N.H og S.T.» kjenner videre til at fremtredende parlamentarikere i Stortingets ledelse er gjort kjent med forholdet.»[62]

---

[61]«Hanna Kvanmo»(stortinget.no).
Lokalisert 31.3.2011 på Verdsveven: http://www.stortinget.no/no/Representanter-og-komiteer/Representantene/Representantfordeling/Representant/?perid=HAKV

Det gjekk ti dagar før namnet til vedkommande frå Sosialistisk Valforbund vart gjort offentleg den 19. januar i *Arbeiderbladet.*[63] Politikaren det handla om var Hanna Kvanmo, medlemsskapet hennar i Nasjonal Samlings Ungdomsforbund og hennar tid som frontsjukesyster i Tysk Raude Kross under den andre verdskrigen. Artikkelen var usignert og det tyder på at det var viktig å avsløra politikaren si fortid. Den som avslørte det ville ikkje stå fram med namn. Då Hanna Kvanmo var atten-år gamal tenestegjorde ho som sjukesyster i Berlin dei siste månadane av den andre verdskrigen. Hanna Kvanmo fekk ein landssvikdom på åtte månader ubetinga fengsel, men anka straffa. Høgsterett sitt kjæremålsutval endra straffa til betinga fengsel.[64] Hanna Kvanmo fortel i boka *Dommen* at på kvelden den 19. januar var det eit innslag i Dagsrevyen med bilete, namn og artikkelen i *Arbeiderbladet* som igjen bygde på *Handels- og Sjøfartstidende.* «Jeg satt der helt nummen og stiv og fikk rede på hvilket fryktelig menneske denne Hanna Kvanmo var. Hvert ord var som en piskesnert», fortalte Hanna Kvanmo om hendinga[65] Vidare i boka er det eit kapittel kalla «Folkedomstolen», der Hanna Kvanmo sa det var som eit lynnedslag hadde ramma ho. Tittelen på kapittelet fortel om meininga til Hanna Kvanmo om saka mot ho. Folkedomstolen kan tolkast som at den det var den ålmenne mann sin rett som var den gjeldane lova og ikkje nødvendigvis ei demokratisk lov. Hanna Kvanmo hadde allereie fått ein dom og no skulle ho gå gjennom domstolen til den ålmenne mann i gata.

Hanna Kvanmo fortel i *Dommen* at ho var førebudd på at forholdet hennar under krigen kom til å verta kjend ein dag, etter kollega Kåre Øistein Hansen si fortid vart kjend i oktober året før.[66] Han vart dømd for og ha medverka til drap.[67] Vidare fortel Kvanmo at ho hadde bedt gruppeleiinga i Sosialistisk Folkeparti om at ho måtte få stå fram samstundes med Hansen. «[…] jeg måtte få stå fram samtidig med Kåre Øistein. Det ble ikke godtatt. Jeg følte at det var galt. Jeg følte meg syk og kvalm og fikk kløe på kroppen.»[68] Hanna Kvanmo fortel at ho ville visa at ho på eit tidspunkt hadde gjort eit forsøk på fortelja om fortida si, men at ho vart stoppa. Reaksjonen ho fekk då ho ikkje fekk lov til å stå fram, gjer at ein kunne få sympati

---

[62] Hanna Kvanmo, *Dommen* (Oslo, 1990), s. 137.
[63] Ibid, s. 144.
[64] Frank Rossavik, *Fra Kingsbay til kongens bord* (Frå korrespondanse med forfattaren april 2011), s. 172.
[65] Hanna Kvanmo, *Dommen* (Oslo, 1990), s. 144f.
[66] Ibid, s. 137.
[67] Susanne Maerz: «Okkupasjonstidens lange skygger» (idunn.no, Nr. 04 /2007).
Lokalisert 16.11.2010 på Verdsveven:
idunn.no/file/ci/4638388/nnt_2007_04_pdf.pdf
[68] Hanna Kvanmo, *Dommen* (Oslo, 1990), s. 138.

med Hanna Kvanmo. Ho hadde gjort eit forsøk på å fortelja historia si, men vart stoppa av sterkare krefter.



Tirsdag morgen Aftenposten 22. januar 1974 3

# Svensk kamp for levestandarden, oljekrisen kaster mørke skygger

Aftenpostens medarbeider EGIL SUNDAR. Stockholm, i januar.

**Oljekrisen har skapt en «genuin usikkerhet» om Sveriges økonomiske fremtid, erklærte finansminister Gunnar Sträng da han fremla sitt nye rekordbudsjett på 78 milliarder svenske kroner. Budsjettforslaget for 1974/75 — det 19. i rekken fra finansminister Strängs hånd — må betraktes som et provisorium inntil det samfunnsøkonomiske bilde er avklaret.**

*Finansminister Gunnar Sträng har fremlagt et nytt rekordbudsjett, men er det i overensstemmelse med terrenget? (Tegning: Expressen.)*

## Politisk ladet

## Prognoser revideres

## Sträng tilbakeviser

## Alle rammes

# Bystyre-nei til storfylke, Ap. vil tape strid i Oslo

## 100 blokker

# Halve regningen ved porto-økning til Høyrepressen

# SV gir full støtte til Hanna Kvanmo

**Sosialistisk Valgforbunds stortingsgruppe støtter opp om Hanna Kvanmo som fullverdig medlem av Stortinget, heter det i en kort melding fra gruppens parlamentariske leder, Finn Gustavsen.**

*Hanna Kvanmo (sv-sf), Nordland, får full støtte av Sosialistisk Valgforbunds stortingsgruppe.*

## Stortinget

# «La Israel leve» har fått 1,5 mill. - og fortsetter


SOUTH STATE PLAIN

SOUTH STATE UTEN FILTER KING SIZE — King size sigarett (84 mm) med den velkjente South State-smaken for dem som ønsker en lang sigarett uten filter — nå i ny pakning.

Det er toppen å være kvinne på 40!

Dette mener moderne aldersforskere — det er statistisk bevist at kvinner mellom 40–50 år opplever sitt livs mentale høydepunkt.

Strikk selv vinterens store mote — Islandskofte!

alle kvinner — Norges største blad for kvinner.


69

---

69Faksimile, Aftenposten (aftenposten.no, publisert 22.1.1974). Lokalisert 9.12.2010 på Verdsveven: http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/50878/1

## 3.2 Liten eller ingen tillit til Hanna Kvanmo

På forrige side er det bilete av ei avisside i Aftenposten den 22. Januar 1974 som vitnar om korleis framstilling av Kvanmo-saka var i Aftenposten.. Overskrifta lyder: «SV gir full støtte til Hanna Kvanmo». Det er lett og forstå at artikkelen handlar om at SV støttar Hanna Kvanmo trass i at ho hadde ein dom for landssvik. Skrifta i overskrifta er stor og artikkelen er lett og få auge på der den står øvst på sida med stor skrift og med eit bilete av Hanna Kvanmo. Størrelsen på skrifta får det til og sjå ut som avisa hadde skrive mykje om saka når dei ikkje eigentleg ikkje hadde så mykje og skrive. I sin heilheit er det to spalter og sekslinjer som fortel om kva saka gjeld. Det står ingenting om kva tid fotografiet vart teke, men det kan vera at det ikkje vart teken då saka om ho haldt på i media, sidan ho ser smiler på bilete. Det er mogleg at Hanna Kvanmo ikkje hadde stilt seg opp for Aftenposten i den tida for og verta teken bilete av til ein av dei fleire artikklane som stod i avisa om fortida hennar som landssvikdømd. Bilete er typisk for Aftenposten i denne perioden med tanke på at det er eit portrettfoto. Ved og sjå på artikklar og bruk av fotografi i Aftenposten kan ein sjå at fotogtrafi som vart teken av heile personen og ikkje berre ansiktet, vart vanleg i avisa fyrst seint på 1970-talet og tidleg i 1980-åra.

I artikkelen omtala ovanfor stod det skrive:

> «Overfor Aftenposten benekter Hanna Kvanmo at hun noen gang har søkt å legge skjul på det forhold at hun fikk en dom under landssvikoppgjøret etter krigen […]. Navneforandringen skyldes kun det forhold at hun giftet seg […].»

Det står også skrive at Krigsinvalideforbundet året før kom med eit spørsmål:

> om «[…] personer som er eller blir dømt efter straffelovens bestemmelser om landsforræderi, bør være valgbare til Stortinget.»[70]

I denne artikkelen vart det sagt at Hanna Kvanmo medviten hadde lagt skjul på, halde noko hemmeleg eller forteia noko som ho ikkje skulle ha teia stilt om. Det vart antyda at Hanna Kvanmo hadde ein medviten hensikt om ikkje å fortelja noko som ho ikkje ville at andre skulle veta. Ho vart også skulda for å ha endra etternamnet i den hensikt å forteia fortida si

[70] «SV gir full støtte til Hanna Kvanmo» (aftenposten.no, publisert 22.1.1974).
Lokalisert 9.12.2010 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/50878/1

som landssvikdømd slik at ingen fann det ut. Ein kan seia at her vert det antyda at Hanna Kvanmo skal ha prøvd å halda det hemmeleg at ho var dømd landssvikar og prøvd å skjula fortida si ved å skifta namn. På den måten kunne ingen finna ut om hennar verklege identitet og kva fortid ho hadde og ho kunne dermed sitja trygt på Stortinget. Hanna Kvanmo skreiv vidare i boka *Dommen*:

> «I avisene ble det framstilt som om jeg hadde sneket meg inn i menneskeheten igjen under falsk navn.»[71]

Hanna Kvanmo svarar at namneendringa skuldast det at ho gifta seg. I boka *Dommen* skreiv ho:

> «Jeg hadde skiftet navn på samme måte som alle kvinner gjorde når de giftet seg i begynnelsen av femtiårene. Jeg hadde fått min manns etternavn på den naturligste måten av verden. Jeg hadde ikke gjort noe for å skjule min fortid under krigen. Jeg gikk selvfølgelig ikke rundt og presenterte meg som Hanna Kvanmo, landssviker, når jeg møtte nye mennesker, men når samtalen kom inn på krigen, fortalte jeg åpent om min tid i Tyskland.»[72]

I same artikkelen vart det spurt om ein person som var dømd landssvikar var «valgbar» til Stortinget. Det vart altså stilt spørsmål ved om Hanna Kvanmo Kvanom og andre dømde landssvikarar fylde vilkåra for å kunna veljast til eit politisk verv. Det vart sådd tvil om Hanna Kvanmo kunne veljast til Stortinget med fortida si og om ho fylde vilkåra for å veljast til eit politisk verv. Det å ha ein dom bak seg fekk kanskje veljarar til å setja spørsmål ved truverdet hennar og om ei som var domfelt kunne sitja i ei stilling som gav ho lovgjevande makt. Det var ingenting i vallova som tilsa at ho ikkje kunne veljast til Stortinget.

Den 24. januar 1974 rapporterte Aftenposten at Bergens Tidende meinte at Hanna Kvanmo og Kåre Øistein Hansen burde sagt nei til og verta valt inn på Stortinget. «Som lovgivere i Stortinget hører de ikke hjemme. Kanskje de i dag skjønner at ambisjonene har strukket seg for langt.»[73] I denne uttala vart det hevda at Hanna Kvanmo som domfelt ikkje hadde noko

---

[71] Hanna Kvanmo, *Dommen* (Oslo, 1990), s. 141.
[72] Ibid, s. 138.
[73] «Ny SV-støtte til de landssvikdømte i dag» (aftenposten.no, publisert 24.1.1974). Lokalisert 02.09.2010 på Verdsveven: http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/50941/1

som lovgjevar på Stortinget og gjera. Ho passa ikkje inn på Stortinget. I denne uttalinga er det tydeleg at Bergens Tidende meinte at som tidlegare domfelt landssvikar burde ikkje Hanna Kvanmo sitja på Stortinget der ein laga lovar og reglar. I boka *Dommen* skreiv Hanna Kvanmo at i pressa rasa debatten for og imot rehabilitering av landssvikdømde. Dei fleste var for, skreiv ho, men mange var av den meininga at rehabilitering var bra så lenge den stoppa ved døra til Stortinget. Vidare i boka skreiv Hanna Kvanmo at ein av dei som skreiv i pressa var Kolbjørn Varmann (AP), som hadde vore på Stortinget under landssvikoppgjeret. Han skreiv i ein artikkel i Arbeiderpressen: «Jeg kan ikke huske at noen under landssvikoppgjøret oppfattet Stortinget som en hellig synode hvor ingen som hadde hatt et feilskjær under okkupasjonstiden noensinne måtte vise seg. Jeg skjønner ikke at representantene det her gjelder ikke har like stor rett og plikt til å utføre sitt stortingsrepresentantverv som en hvilken som helst annen av de 153 representanter.»[74] Vidare skreiv Hanna Kvanmo i boka at i Aftenposten 1. februar 1974 skreiv professor Johs. Andenæs ein artikkel kalla “Det nye landssvikoppgjøret”. Artikkelen er given att i boka og handlar om at Andenæs var vitne til landssvikoppgjer nummer to tretti år etter frigjeringa. Denne gongen føregjekk ikkje oppgjeret i ein rettssal, men derimot i pressa og den offentlege meinigsdomstol. Ei av dei sikraste lærdommane av oppgjeret var dei som var veldig unge under krigen. Det var vesentleg kva miljø og kva tilfeldighetar som spela inn på i kva side dei hamna på under krigen. Andenæs skreiv at det var riktig at dei fleste 15-17- åringar visste kva krigen gjekk ut på og tok rett side. Forklaringa er ganske enkel at dei fylgde det synet som råda i heimen og omgangskretsen. Var heimen og omgangskretsen fanga inn av den nasjonalsosialistiske ideolog fanga bodskapen ofte også dei unge. Ein venta karakter og dømmekraft av stortingsrepresentantar, men kva dei har gjort av dumme feilgrep i ungdommen, seier lite om kva person dei var som vaksen skreiv Andenæs. Det som var avgjerande, skreiv professoren, var korleis han eller ho hadde vorte, då som ei fylgje av modning, utvikling og arbeidsinnsats. Vidare skriv han at den norske ålmenta har vore fri for roting etter angripelege punkter i politiske motstandarar sine liv. Dei landssvikdømde skulle ha vore meir forsiktige og vist større politisk skjønn, dersom dei hadde visst at kva reaksjon som kom til og komma og difor hadde haldt seg tilbake ved nominasjon til Stortinget. Dei var no eingong vald og burde få fortsetja, meinte Andenæs. Dei burde ikkje verta pressa til å trekkja seg på grunn av fortida si. Dei hadde lidt nok ved at tidlegare feiltrinn vart trekt fram i ålmenta.[75]

[74] Hanna Kvanmo, *Dommen* (Oslo, 1990), s. 148.
[75] Ibid, s. 149f.

Den 26.1.1974 stod det i VG ein artikkel der kommunist Magne Mortensen meinte at Hanna Kvanmo burde stilla sin plass til disposisjon:

> «I Nordland har saken mot Hanna Kvanmo vakt en kolossal reaksjon blant SV's medlemmer og velgere, sier en av de mest fremtredende kommunistene i Nordland, Magne Mortensen i Narvik til VG. Han hevder at hvis alle opplysningene var blitt lagt på bordet under nominasjonen ville Hanna Kvanmo ikke blitt satt på en så fremtredende plass, og han anbefaler at hun snarest bør finne en anledning til å stille sin plass til disposisjon.»[76]

I boka *Dommen* nemnte Hanna Kvanmo at NKP i Narvik prøvde å få ho til å trekkja seg gjennom Magne Mortensen. Dersom kommunistane i Nordland kunne få til å bryta ho ned så ho trakk seg ville ein av dei i NKP få inn ein av sine på Stortinget, skreiv ho. «Det ville være en fordobling av deres represesentasjon»[77] står det skrive i *Dommen*. Her kom Hanna Kvanmo med ei forklaring eller påstand til kvifor det vart ein stor reaksjon på fortida hennar som landssvikar. Det var fordi NKP ville pressa ho ut for å få ein til av sine eigne inn på Stortinget, hevda ho.

Den 2. februar 1974 kom John Kristoffersen, som satt i fylkesutvalet for SV og mellom anna var hovudforhandlar for AIK ved nominasjon i valforbundet. (AIK var eit politisk parti danna i 1973 av ei gruppe som braut ut av Arbeidarpartiet). Kristoffersen ville ikkje uttala seg om Hanna Kvanmo, men på generelt grunnlag meina han at «[…] landssvikere ikke skal kunne få offentlige stillinger.»[78] I boka *Dommen* skreiv Hanna Kvanmo at ein klarte og stempla ho som moralsk upåliteleg. Ein kan sjå på det slik at ein landssvikar hadde ikkje tiltru i ålmenta til å ha ei stilling i det offentlege. Ein landssvikar hadde allereie forbrote seg og kunna komma til å gjera det endå ein gong.

I Aftenposten 2. februar skreiv D.A. Gundersen eit lesarbrev han kallar «Tillitskrise i SV». Gundersen meinte at Hanna Kvanmo aldri hadde sona dommen ho fekk. Det som hadde fått folk til å reagera, skreiv Gundersen, var ikkje eit ynskje om hemn, men dei ville ha ein garanti

---

[76] Jens Henrik Stemland: «Hanna Kvanmo bør forlate Stortinget» (vg.no, publisert 26.1.1974). Lokalisert 15.11.2010 på Verdsveven: http://helevg.teknograd.no/viewPage.php?uriId=05501619740126Ar00601&product=&docdate=19740126&page=6&part=&timestamp=128397600

[77] Hanna Kvanmo, *Dommen* (Oslo, 1990), s. 152f.

[78] Jens Henrik Stemland: «Gustavsens stjerne er dalende!» (vg.no, publisert 2.2.1974). Lokalisert 15.11.2010 på Verdsveven: http://helevg.teknograd.no/viewPage.php?uriId=05501619740202Ar00300&product=&docdate=19740202&page=3&part=&timestamp=129002400

for at dei som blir vald på Stortinget var den dei gav seg ut for å vera. Ein skulle ikkje stikka opplysningar under stolen og ein kunne ikkje ha folk på Stortinget som ein ikkje har full tillit til. Det er fundamentalt i forfatninga og difor burde Hanna Kvanmo gå, meinte Gundersen som underteiknar med å vera ex-SV-veljar.[79] Gundersen meina altså at Hanna Kvanmo hadde gjeve seg ut for å vera ein person utan dom for landssvik. Gundersen er eit døme på at Hanna Kvanmo i 1974 vart klandra for å ha teia om at ho hadde ein dom for landssvik og ikkje fordi ho var domfelt.

[79] D. A. Gundersen: «Tillitskrise i SV» (aftenposten.no, publisert 2.2.1974). Lokalisert 9.12.2010 på Verdsveven: http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/51005/1

## 3.3 «Det nye landssvikoppgjøret»



Fredag morgen Aftenposten 1. februar 1974 3

# „Landssvik er ingen privatsak"

## Stray: Politikere kan ikke løpe fra fortiden

— En som stiller seg til disposisjon for et offentlig tillitsverv som f. eks. til Stortinget, må regne med at offentligheten vil vise interesse for vedkommendes tidligere virksomhet, sier Stortingets visepresident, Svenn Stray (h) til Aftenposten. Jeg ser bort fra den del som hører til privatlivet, og praksis i norsk presse synes å sette grenser for det som regnes til privatlivet ganske romslig. Men å gå i fiendens tjeneste eller slutte seg til et parti som samarbeider med fienden i en okkupasjonssituasjon, er ingen privatsak. I beste fall er det en politisk feilhandling, mener Svenn Stray.

Stortingets visepresident Svenn Stray: — Stortinget kan ikke gjøre noe med saken når representantene er lovlig valgt. (Foto: Rolf Chr. Ulrichsen)

### Presidentskapet i 1940

### SV til motangrep

### Politikeres fortid

### Mulig å trekke seg

# Ap.-SV bak skatten på representasjon

Odelstinget vedtok igår med presidentens dobbeltstemme å avskaffe næringslivets adgang til skattefri representasjon. Flertallet bestod av Sosialistisk Valgforbund og Arbeiderpartiet. I debatten advarte særlig Høyres taler sterkt mot at næringslivet pålegges flere omkostninger, og partiet tok avstand fra påstander om utbredt misbruk. Fra Arbeiderpartiets side ble ligningsmyndighetenes arlige kontrollmuligheter og manglende tro på nødvendigheten av representasjon anført som argumenter for å avskaffe adgangen til fradrag.

### Koster millioner

### Kontrollproblemer

### SF-krav

# Det nye landssvikoppgjøret

Av professor Johs. Andenæs

### NKP i tvil

# Sykepleiere boikotter arbeids-undersøkelse

En massiv sykepleiermotstand møter Helsedirektoratets annet forsøk på å undersøke sykepleielærernes arbeide i sykepleieskolene. Norsk Sykepleierforbunds hovedstyre har enstemmig vedtatt å anmode sine medlemmer om ikke å delta i undersøkelsen, og imorgen skal landsgruppen for sykepleielærere avholde ekstraordinær generalforsamling i sakens anledning. Det er ingen prinsipiell motstand mot undersøkelser som gjør seg gjeldende, men en dyp uenighet i undersøkelsens opplegg.

## Fra Stortinget


BALLOGRAF Nordica

Tre tusen år ny.

Nordica. Ballografs nye kulepenn med enestående dekor, inspirert av bronsealderens helleristninger. Pris fra kr. 15,85 (veil.)

Gull til norske farger

Det er nå De skal kjøpe farge-TV: Spennende sportsbegivenheter står i kø for å slippe til på skjermen. Og de fleste vil bli sendt i farger! La Tandberg Farge TV formidle spenningen inn i stuen. Da er De sikret orkesterplass på vinterens norske og utenlandske sportsstevner. Og får oppleve begivenhetene i ekte, naturtro farger! Med Tandberg Farge TV blir det gull til norske farger – hjemme hos Dem. I vinter og i mange år fremover! Besøk radiohandleren i dag.

TANDBERG Farge TV




80

---

80Faksimile (aftenposten.no, publisert 1.2.1974). Lokalisert 9.12. 2010 på Verdsveven: http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/50997/1

På førre side er det bilete av ei side i Aftenposten 1. februar 1974 som viser korleis to syn på Kvanmo-saka vart lagt fram i avisa. Her var det to saker som fortsatte diskusjonen rundt Hanna Kvanmo og om ho burde vera stortingsrepresentant. Ein av dei to artikklane er øvst til venstre i bilete. Overskrifta vart skrive med store bokstavar og lyder: «Landssvik er ingen privatsak Stray: politikere kan ikke løpe frå fortiden». I tillegg til teksten er det bilete av visepresidenten på Stortinget Svenn Stray (H) som bladde i ei bok, kanskje det var norske lover for og illustrera at han leita etter ei lov som gjorde at Hanna Kvanmo ikkje kunne vera stortingsrepresentant. Artikkelen er stor og dominerer mykje av sida og handla om at Stray meinte at dei som stilte seg til disposisjon for eit offentleg tillitsverv måtte rekna med at ålmenta ville visa interesse for fortida deira. Å gå til privat initiativ og melda seg til teneste for fienden meinte Stray ikkje var noko privat sak, det var ei politisk feilhandling. Vidare sa Stray i intervjuet til Aftenposten at ein politikar kunne ikkje krevje at fortida deira skulle haldast skjult når ein søkte tillitsverv høgt oppe. Veljarar burde vera informerte om forhold som kunne påverke tilliten til ein kandidat. Ein kunne klandra SV for at dei stilte med kandidatar som ein visste var dømde for og gjere bistand til fienden, utan å gjere dette kjend i valkrinsar. Partiet burde ha vore klar over at det framleis spela ei rolle for folk sine vurderingar av kven som var skikka til å ha eit høgt offentleg tillitsverv. På spørsmål om kva Stortinget kunne gjere med saka svara Stray at han tykte at det var mykje som tala for dersom ein hadde ein dom for grovare brotsverk så skulle ein ikkje veljast til Stortinget.[81] Stray tala saka til dei som var imot at Hanna Kvanmo var stortingsrepresentant. Stray meinte at Hanna Kvanmo måtte rekna med at ålmenta ville vite at ho hadde ein dom for landssvik. Særskild når ho skulle ha eit tillitsverv på Stortinget. Folk måtte kunna stola på at ho var skikka til jobben, noko Stray meinte at Hanna Kvanmo ikkje var fordi ho hadde meldt seg frivillig til tysk teneste. Hadde folk visst dette tidlegare hadde kanskje ålmenta sagt det same.

SV svara med eit motangrep utan at dei lukkast å gjera noko inntrykk på Stray. SV trakk inn mellom anna andre personar i ålmenta med same fortid som Hanna Kvanmo. Til dømes så hadde bladet *Orientering*, SF sitt partiorgan, ein leiarartikkel om redaktør Terje Baalsrud si fortid i Ferdrelandslaget før krigen. Artikkelen var eit angrep på kva Fedrelandslaget stod for, som var eit halvfascistisk parti som vart oppløyst i september 1940. Stray meinte at angrepet

[81] «Landssvik er ingen privatsak» (aftenposten.no, publisert 1.2.1974).
Lokalisert 9.12.2010 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/50997/1

på Baalsrud var ei forbausande form for forsvar. Så langt han visste, hadde redaktør Baalsrud reint rulleblad frå krigen. Det han vart lasta for var den politiske verksemda han dreiv med i mellomkrigstida og hadde ingenting med bistand til fienden å gjera, som var det frontsystrene vart skulda og dømde for under landssvikoppgjeret. Baalsrud var han var ikkje vald til Stortinget, heller var han ikkje nominert til noko svara Stray. SV tok også presidentskapet si handling i 1940 fram. Stray meinte dette ikkje var ei brukbar samanlikning. Ein måtte hugsa at det var menn som satt i ein posisjon der dei mente dei var forplikta til og finna ei løysing fordi det norske folk kunne komma til å lida dersom dei ikkje forhandla med tyskarane. Det er noko anna å gå til privat initiativ og melda seg til teneste for fienden, meinte Stray.[82]

Sjølv om SV sitt motangrep ikkje lukkast mot Stray betydde ikkje det at dei ikkje hadde nokon effekt i det heile teke. Det at SV peika på andre som også hadde likande fortid som Hanna Kvanmo kunne likevel ha fått andre til og tenkje seg om på kva dei hadde gjort under krigen. Det skal ha vore omkring 200 000 nordmenn som gjorde arbeid for tyskarane[83] og det kan vera at artikkelen vart lese av mange av desse. Det kunne godt vera at dei også satt i stillingar høgt oppe til sams med Hanna Kvanmo og vart redde for kva som kunne komme fram.

Den andre artikklen som handlar om Hanna Kvanmo si fortid står midt på sida til høgre i bilete. Artikkelen er allerie nemnt over i oppgåva og har tittelen: «Det nye landssvikoppgjøret» og har ein påfallande mindre skrfttype og er ikkje så dominerande som den førre artikkelen. Det kan vera fordi det var eit lesarinnlegg og ein av dei få positive stemmene, utanom SV si stemma, som er funnen av dei som var venleg innstilt til at Hanna Kvanmo skulle fortsetja som stortingsrepresentant. Det kan godt vera at det var fleire som ville at Hanna Kvanmmo skulle fortsetja, men som ikkje ville stå fram og seia det høgt med frykt for kva som kunne komma dersom ein viste støtte til Hanna Kvanmo. Lesarinnlegget var skrive av professor Johs. Andenæs. Her fortel han at han var vitne til landssvikoppgjer nummer to tretti år etter frigjeringa. Denne gongen føregjekk ikkje oppgjeret i ein rettssal, men derimot i pressa og den offentlege meinigsdomstol. Dei var no eingong vald og burde få fortsetja, meinte Andenæs. Dei burde ikkje verta pressa til å trekkje seg på grunn av fortida si. Dei hadde lidt nok ved at tidlegare feiltrinn vart teke fram i ålmenta. No burde dei få fred.[84]

[82] «Landssvik er ingen privatsak» (aftenposten.no, publisert 1.2.1974).
Lokalisert 9.12.2010 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/50997/1
[83] Nina Droslum Kroglund, *Hitlers norske hjelpere* (Oslo, 2010), s. 66.
[84] Johs. Andenæs: «Det nye landssvikoppgjøret» (aftenposten.no, publisert 1.2.1974).

Den 21. februar kom det svar frå byråsjef E. Wister på innlegget til Andenæs: «Man skal late som om man ikke merker disse bitre bønner i Mor Norges kaffe.» Wister meinte at landssvikarar var ei eiga gruppa forbrytarar og kunne ikkje samanliknast med vald- og vinningsforbrytarar. Sjølv om landssvikarar hadde sona straffa si var det noko heilt anna med dei. Landssvikarar hadde dolka folk i ryggen og skapa uhygge ved å vera nazi-angjevarar og vart aldri rehabilitert meinte Wister. Han syntes at det å tillata landssvikarar å vera stortingsrepresentantar var ein vits og det var å senka omdømmet til Stortinget.[85]

Den 4. februar 1974 skreiv G. A. Ditlevsen eit lesarinnlegg i Aftenposten. Han kalla innlegget «Bukken og havresekken» og skreiv at Hanna Kvanmo var blitt avslørt i pressa for å ha ytt stønad til fienden under den tyske okkupasjonen. Med uttrykket meinte ein at dersom ein setje bukken til og passa havresekken, forsyner han seg sjølv og spiser opp havren utan og tenkje på andre. Ditlevsen tykte at bukken vart sett til å passa havresekken då Hanna Kvanmo handsama den landssvikdømde stortingsrepresentanten Kåre Øistein Hansen (SV) si fortid. Med dette kan han ha meint at dei Hanna Kvanmo som landssvikdømd hjalp den landssvikdømde stortingsrepresentanten Kåre Øistein Hansen til å halda på stillinga si (SV) når fortida hans kom fram, ei form for «kameraderi» i den tydinga at dei hjalp kvarandre til å få goder på grunn av venskap og kjennskap.

> «Statsministeren har selv […] følt på kroppen hva overløpere gjorde mot vårt demokrati i fem lange år. Det må derfor nå være et dilemma for Bratteli å skulle være avhengig av støtte fra Valgforbundet for å holde regjeringsmakten.»[86]

Når Ditlevsen refererte til Trygve Bratteli og kva han hadde følt på kroppen under krigen, var det fordi Bratteli var Nacht-und-Nebel (natt og tåke) fange i leirane Natzweiler, Dachau, Ottobrünn, Dautmergen og Vaihingen. Ditlevsen ville truleg vise sin forakt for landssvikdømde Hanna Kvanmo ved å synast synd på Trygve Bratteli for at han måtte jobba med ei som hadde gjort teneste for det Tyske Raude Kross og fienden. Derimot skreiv Hanna

---

Lokalisert 9.12.2010 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/50997/1

[85] E. Wister: «Det nye landssvikoppgjøret» (aftenposten.no, publisert 21.2.1974). Lokalisert 9.12.2010 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/51136/1

[86] G. A. Ditlevsen: «Bukken og havresekken» (afteposten.no, publisert 4.2.1974). Lokalisert 9.12.2010 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/51012/1

Kvanmo i boka *Derfor* at ho sette pris på Trygve Bratteli, han var heiderleg og hadde sans for rettferd. Hanna Kvanmo fortel vidare i boka om Bratteli:

> «Jeg husker også den dagen Stortinget skulle reise hjem til påskeferie i 1974. Jeg hadde vært gjennom skjærsilden på grunn av all offentligheten omkring Tysklands-oppholdet mitt under krigen. Den gangen følte jeg meg *ikke* vel i stortingsrestauranten. Trygve Bratteli sto i matkø idet jeg gikk forbi. Da han fikk øye på meg, trådde han ut av køen og kom bort til meg. Det skjedde så tydelig demonstrativt at ingen i restauranten kunne la være å legge merke til det. Så rakte han meg handa og sa høyt og tydelig: - God påske, fru Kvanmo.»[87]

Det er som at Kvanmo sa at når Bratteli kunne vera sånn mot ho, måtte andre kunna det også. Det er nesten som ho ikkje hadde gjort noko galt i det heile tatt. Når ein tidlegare konsentrasjonsleirfange, ein som verkeleg hadde opplevd krigen sitt skrekk og gru kunne ta ho i handa, måtte andre kunna det og. Dette var ein måte Hanna Kvanmo laga eit uskuldig bilete av seg sjølv. Kanskje det ikkje var galt det ho hadde gjort når ein tidlegare konsentrasjonsleirfange tok ho i handa då «Kvanmo-saka» stod på.

## 3.4 Svekka tiltru

Den 25. februar vart det skrive ein artikkel i Aftenposten der ein meldte om sviktande tillit til Hanna Kvanmo i Sosialistisk Valforbund i Nordland. Dei beklaga at Hanna Kvanmo ikkje hadde lagt fram saka si for partane i SV, slik at ein kunne ta stilling til det under nominasjonen til Stortinget. Tapet av tilliten til Kvanmo gjekk ikkje primært ut på handlingane hennar under krigen, men forteiinga av saka overfor SV og deira veljarar. Tilliten til Hanna Kvanmo var sterkt svekka i SV.[88] Dette var ei av årsakane til at det storma rundt Hanna Kvanmo. Ho vart ikkje berre skulda for å ha vore på feil side under krigen, men mykje av sinnet mot ho kom fordi det verka som ho hadde forteia saka for å skjula fortida si som landssvikdømd. At ho ikkje hadde fortalt om fortida si gjekk på truverdet hennar. Hanna Kvanmo togde om ei sak som ålmenta meinte dei burde vite om, Togde ho om noko så viktig

[87] Hanna Kvanmo, *Derfor* (Oslo, 1985), s. 81f.
[88] «Sviktende tillit til Hanna Kvanmo» (aftenposten.no, publisert 25.2.1974).
Lokalisert 9.12.2010 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/51161/1

kunne det vera at ho togde om andre viktige saker også. På denne måten var det ikkje sikkert folk syntes at dei kunne stole på ho som stortingsrepresentant.

Den 26.2.1974 meldte VG om svekka tiltru til Hanna Kvanmo fordi ho ikkje gjorde merksam på at ho hadde ein dom for landssvik. Å ha tiltru til nokon kan ein assosiera med å stole på nokon, i dette tilfelle kan ein sjå på det som at nokon meinte at ein ikkje kunne stole på Hanna Kvanmo fordi ho hadde ikkje gjeve viktig informasjon til ålmenta. I boka *Dommen* forklarte Hanna Kvanmo kven ho hadde informert om fortida si. Mellom anna vart ho i 1963 spurt om å stå på lista til SF ved kommunevalet. Den gongen hadde Hanna Kvanmo avslått med den årsak at ho hadde ei fortid under krigen og ein landssvikdom. Inge Myrvold, som i 1990 satt på Stortinget for SV stadfesta at det var svaret han fekk. I 1967 vart ho spurt igjen og avslo endå ein gong. Det neste som hendte var at leiaren for valkomiteen, Thorleif Larsstuvold bad Hanna Kvanmo skrive ei livshistorie. Det gjorde ho, og det neste som hendte var at nominasjonskomiteen sette ho opp som nummer tre på lista. I valavisa som SF i Rana gav ut, var det ein leiar som handla om «de som sviktet under krigen», dei som var veldig unge den gongen, var velkomne tilbake til aktivt samfunnsarbeid. Dette tolka Hanna Kvanmo som at det var meint for ho. Det var det og, stadfesta Thorleif Larsstuvold. Veljarane kumulerte Hanna Kvanmo slik at ho kom inn i kommunestyret og formannskapet. Allereie til stortingsvalet i 1969 vart Hanna Kvanmo spurt om å stå på lista, men svara nei. I eit selskap der formannen for Nordland SF, Eilif Horn, var til stades fortalte Hanna Kvanmo om fortida si. Likevel vart ho satt på åttande plass på lista det året. Framføre valet i 1973 kom det krav om at Hanna Kvanmo skulle stilla på fyrsteplass på stortingslista. Ho vegde for og imot og snakka med fleire i partiet om problemet. Dei eldre syntes det måtte vera ei oppgjort sak og dei unge forstod truleg ikkje særs mykje av alvoret. Hanna Kvanmo hadde trua på den norske rettsstaten og det var sagt i offentlege samanhengar at landssvikoppgjeret var over og at det no gjaldt å få folk tilbake til samfunnet.[89]

Under nominasjonsarbeidet kom partisekretær Per Eggum Mause til Rana der han var informert om fortida til Hanna Kvanmo. Kort tid etter fekk ho eit brev frå formannen i SF, Finn Gustavsen, der han bad Hanna Kvanmo gjera klart kva ho hadde gjort under krigen. Ho måtte skriva at ho vart stilt for retten og at ho slapp fengselsstraff. I brevet måtte ho også skriva kva ho hadde gjort etter krigen. Heilt i slutten av januar 1973 fekk Hanna Kvanmo svar på brevet til Finn Gustavsen:

[89] Hanna Kvanmo, *Dommen* (Oslo, 1990), s. 141ff.

> «Det var som jeg tenkte: lite å legge vekt på […]. Som jevngammel med deg, forstår jeg godt at du kunne komme opp i slikt […]. Jeg skal ikke blande meg mer inn i nominasjonen i Nordland enn høyst nødvendig, men jeg skal iallfall si ifra om slarvet brukers mot deg.»[90]

Med dette så viste Hanna Kvanmo i boka at ho hadde informert og ikkje forteia saka slik det vart hevda i VG. I *Fra Kingbay til kongensbord* boka fortel Frank Rossavik at ein ikkje visste om Hanna Kvanmo hadde vore open overfor Nordland SF og Finn Gustavsen. Ifylgje boka så skal Gustavsen ha fortalt at då saka sprakk og etter den tid, hadde ikkje Hanna Kvanmo fortalt heile sanninga. Han visste at ho hadde vore i søkjelyset, men ikkje at ho hadde fått ein dom for landssvik. Då Hanna Kvanmo offentleggjorde landssvikdommen sin i boka *Dommen* sa Finn Gustavsen at ho hadde vore «langt mer involvert enn jeg visste om»[91]

## 3.5 Meiningsmåling

Meiningsmåling eller gallupundersøking er nemningar for systematisk kartlegging av haldningar blant ei særskild gruppe folkom ei særskild sak. Ei meiningsmåling går føre seg på den måten at ein samlar inn data frå eit utval av folk det gjelder. Ein samlar inn data ved å gjere intervju eller ein svarer på eit spørjeskjema. Verdien av ei meiningsmåling kjem an på om det er mogleg og generalisera frå utvalet av dei som blir spurt. Utvalsmetoden avgjer i kva grad ein kan generalisera, og den beste måten er å finne ei tilfeldig gruppe folk. Likevel, om det er mogleg og generalisera kan vera avgrensa. Ein må alltid rekna med ein viss feilmargin.[92] Det vil verta vist til fleire meiningsmålingar utover i denne oppgåva.

Ei overskrift i Aftenposten 23.3.1974 lyder: «Flertall mot landssvikdømte som stortingsrepresentanter.» Avisa hadde gjort ein gallup der dei spurde omkring 1600 personar over 15 år: «Mener De eller mener De ikke at personer som er dømt for landssvik og har sonet sin straff bør kunne velges til stortingsrepresentant?» Av dei spurde var 61 prosent av den meininga at ein landssvikdømd ikkje kunne veljast til Stortinget. 33 prosent meinte at dei landssvikdømde burde kunna veljast og 6 prosent kunne ikkje uttala seg. Dei som meinte at ein dømd landssvikar ikkje kunne veljast til Stortinget meinte at dei var ikkje til å stole på, dei

---

[90] Hanna Kvanmo, *Dommen* (Oslo, 1990), s. 143f.
[91] Frank Rossavik, *Fra Kingsbay til kongensbord* (Frå korrespondanse med forfattaren april 2011), s. 173.
[92] Ole T. Berg: «Meningsmåling» (snl.no)
Lokalisert 10.3.2011 på Verdsveven:
http://snl.no/meningsm%C3%A5ling

kunne svike landet endå ein gong. Ein gong forrædar, alltid forrædar hevda folk. Stortingsrepresentantar burde stått i ei særstilling i forhold til andre folk. Derimot, var dei som meinte at landsvikarar kunne veljast til Stortinget. Undersøkinga viste at storparten av desse meinte at dei hadde sona straffa si og gjort opp for seg. I tillegg meinte dei at det var så lenge sidan krigen at, det burde vera tilgjeve og gløymt. Vidare meinte nokre av desse at alderen spela ei stor rolle og mange var unge og usjølvstendige den gongen.[93]

## 3.6 Hanna Kvanmo blir på Stortinget

Den 27. februar 1974 vart det skrive i Aftenposten at både Kåre Øistein Hansen og Hanna Kvanmo vart verande på Stortinget. Ingen av dei to landssvikdømde kom til og trekkja seg. Det vart stadfesta etter at stortingsgruppa til Sosialistisk Valforbund hadde fått inn alle reaksjonar frå SV-laga rundt i landet. Trass i at folkestyre i Nordland hadde komme med kritiske utalingar endra ikkje det SV-gruppa si oppfatning i saka. SV skal ha fått inn kring 100 reaksjonar frå partilag over heile landet, og 90 prosent av desse gav uttrykk for sympati og full tilslutning til både Hanna Kvanmo og Kåre Øistein Hansen. Privat skal dei ha gjeve uttrykk for at dei ville fortsetta på Stortinget etter den overveldande tilslutninga og støtta dei fekk frå partifellar kring i landet.[94] Dagen etter skriv Aftenposten at SV la bort Kvanmo-saka etter dei reaksjonane dei har fått frå partilaga. Dei kom ikkje til å gjere noko meir med saka som dei såg seg ferdig med.[95]

Sjølv om ein såg seg ferdig med «Kvanmo-saka» i SV var ein ikkje ferdig med den i media. I ein artikkel i VG 14.3.1974 stod det skrive: «[…] titusener av […] mennesker som verken kan eller vil godta at «politisk funksjonshemmede» skal kunne fortsette i sine verv.»[96] Politisk kan bety det som angår det offentlege eller kommunale styre og stell. Å ha ei funksjonshemming kan bety at ein person har redusert funksjonsevne anten fysisk, psykisk eller sosialt i forhold

---

[93] «Flertall mot landssvikdømte som stortingsrepresentanter» (aftenposten.no, publisert 23.3.1974). Lokalisert 11.3.2011 på Verdsveven: http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/51313/1

[94] «Kvanmo og Hansen vil bli i Stortinget» (aftenposten.no, publisert 27.2.1974). Lokalisert 9.12.2010 på Verdsveven: http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/51171/1

[95] «SV henlegger Kvanmo-saken» (aftenposten.no, publisert 28.2.1974). Lokalisert 9.12.2010 på Verdsveven: http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/51179/1

[96] Tore Johannessen: «Tillitsmenn går i protest» (vg.no, publisert 14.3.1974). Lokalisert 12.11.2010 på Verdsveven: http://helevg.teknograd.no/viewPage.php?uriId=05501619740314Ar00900&product=&docdate=19740314&page=9&part=&timestamp=132458400

til livsførsel, utdanning og yrke.[97] Her kan ein forstå ordet politisk funksjonshemming som at Hanna Kvanmo hadde redusert funksjonsevne politisk sett på grunn av ein dom for landssvik.

Den fyste gongen Hanna Kvanmo blir omtala i Aftenposten etter saka mot ho vart lagt bort var 23. mars same året. Saka gjeld betre kollektivtransport tilbod.[98] Den neste gongen fortida til Hanna Kvanmo vart nemnt i Aftenposten var i eit innlegg den 25. juni 1974. Her nemner Anders Lange saka mot Kvanmo og Hansen, han kallar saka ein hets mot dei to stortingsrepresentantane.[99]

Vidare skreiv Odd G. Tonby i Aftenposten i desember 1975 om «Faren for kameraderi er størst blant politikere». Artikkelen handlar om ulike institusjonar i samfunnet som politi, oljeoperatørar og politikarar som granskar seg sjølve etter ulykker. Tonby nemnte mellom anna saka mot Hanna Kvanmo og Kåre Øistein Hansen. Han stillte spørsmålet: «Hvem var det som gransket om det var grunnlovsstridig at Kåre Øistein Hansen ble stortingsmann? Det var hans stortingskollegaer. En av disse var Hanna Kvanmo!»[100] Her vart det antyda at Hansen fekk forsetta sitt virke sjølv om han hadde ein dom for landssvik og årsaka til dette var at Hanna Kvanmo hadde ei liknande fortid og då sørgja ho for at han fekk fortsetja. Ordet «kameraderi» i overskrifta kan ein assosiera med at personar som er vener eller høyrer til same klikk kan få fordelar og tenester frå kvarandre. «Kameraderi» er ikkje eit positivt ord fordi ein får fordelar basert på at ein kjenner nokon og ikkje fordi ein fortener det. Tonby hevda altså at Kåre Øistein Hansen fekk fortsetja på Stortinget fordi Hanna Kvanmo, som også hadde ein dom for landssvik, sørgja for at han fekk fortsetta. I boka *Dommen* skreiv Hanna Kvanmo:

> «Under hele krigen levde jeg etter det prinsippet at jeg skulle hjelpe nordmenn der jeg kunne […] Vissheten om at jeg aldri har påført noen nordmann vanskeligheter eller skade under krigen, har holdt meg oppe i de mange stormene jeg har vært igjennom på grunn av de dumhetene jeg

[97] «Funksjonshemning» (ordnett.no).
Lokalisert 15.3.2011 på Verdsveven:
http://www.ordnett.no/ordbok.html?search=funksjonshemning&publications=17
[98] «Folk i byene venter statlig utspill for bedre kollektivtransport-tilbud» (afteposten.no, publisert 23.3.1974).
Lokalisert 9.12.2010 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/51313/1
[99] «Bar tollekniv helt siden jeg var 12 år, men fascist er jeg ikke!» (aftenposten.no, publisert 25.6.1974).
Lokalisert 9.12.2010 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/51761/1
[100] Odd G. Tonby: «Faren for kameraderi størst blant politikere» (aftenposten.no, publisert 17.12.1974).
Lokalisert 9.12.2010 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/54936/1

> begikk i disse ungdomsårene. Jeg har kunnet se ethvert menneske i øynene uten frykt.»[101]

I ein artikkel i Aftenposten den 20. Oktober 1979 vart det skrive ein artikkel om at representanten Osmund Faremo kom med eit forslag om at landssvikarar ikkje kunne veljast til Stortinget. I denne artikkelen er ikkje Hanna Kvanmo nemnt, men ho er nemnt i andre artiklar i same avis. Den eine gongen Hanna Kvanmo vart nemnt var det fordi ho og Stein Ørnhøi hadde oppteke eit bord i stortingsrestauranten som vanlegvis vart nytta av Arbeidarparti-politikarar. Den andre saka gjaldt ein aksjon der nokre samar, som sveltestreika på Eidsvoll plass, vann fram med sine krav om at regjeringa skulle leggja fram ei ny Stortingsmelding om utbygginga av Alta/Kautokeinovassdraget og at anleggsarbeidet skulle innstillast til meldinga var ferdig.[102]

Den negative omtalen om Hanna Kvanmo presenterte ovanfor er dei som vart funnen i Aftenposten og VG hovudsakleg i perioden januar til mars 1974. Det er interessant at diskusjonen rundt Hanna Kvanmo tok slutt etter relativt kort tid. Ei av årsakene kan vera ein uttale skrive av Stortingsrepresentant Bjørn Unneberg (SP) i Aftenposten den 22. Januar 1974. Det stod skrive i uttalen til pressa at reaksjonane mot dei to landssvikdømde SV-representantane var eit forsøk på å gje dei ei tilleggsstraff. Ein straff som innebar å ta frå dei to retten til å vera stortingsrepresentant. Unneberg meinte at Stortinget fyrst og fremst skulle vera representativt for det norske folk, og med ei fortid som landssvik dømd representerte Hansen og Kvanmo ei stor gruppa i folket stod det skrive i Aftenposten. Vidare i same avis den 26.1.1974 vart det skrive at Sosialistisk Valforbund ville at alle tidlegare eller dåverande representantar burde la seg granska for forhold under krigen. Denne uttalinga kan ha gjort at det var fleire som hadde noko dei ville skjule frå krigen sine dagar. Det kan ha vore omkring 200 000 nordmenn som arbeidde for tyskarane under krigen og det kan vera at fleire av desse var på Stortinget i same periode som Hanna Kvanmo. Eller som var i andre framtredane stillingar.[103] Det var ei ålmenn oppfatning internt i SV at media gjekk etter partiet sine folk av politiske årsaker. «Alle» visste at også andre på Stortinget hadde ei fortid på feil side under krigen. I SV kjente ein til to som då satt på Stortinget. Ein i Senterpartiet og ein i Høgre.

---

[101] Hanna Kvanmo, *Dommen* (Oslo, 1990), s. 79.
[102] Eivind G. Karlsen: «Landssvikere utelukkes?» (aftenposten.no, publisert 20.10.1979).
Lokalisert 24.2.2011 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/64165/3/?query=Hanna Kvanmo+kvanmo
[102] Frank Rossavik, *Fra Kingsbay til kongensbord* (Frå korrespondanse med forfattaren april 2011), s. 87f.
[103]«Rede til å gå, sier de landssvikdømte» (aftenposten.no, publisert 26.1.1974).
Lokalisert 9.12.2010 på Verdsveven:
eavis.aftenposten.no/aftenposten/50957/1

Kvifor melde mediene ikkje om dei? Nokon ville offentleggjere namna på de to det gjaldt. Det vart også lekka til media at partiet tygde på saka. Berge Furre var på kontoret hjå den eine av dei, som var ein mann i Senterpartiet. Vedkommende skal ha blitt bleik. Til slutt vart det avgjort å la nåde gå for rett. «Ingen nazi-jakt frå Valforbundet», meldte Dagbladet.[104]

## 3.7 Avslutning

Årsaka til reaksjonane mot Hanna Kvanmo sin landssvikdom ser ut til ikkje og vera dommen for landssvik i seg sjølv, men det at ho hadde prøvd å leggja skjul på at ho hadde ein dom for landssvik. Ho vart ikkje dømd i media for at ho ein gong i tida hadde vore dømd for landssvik, men for handlinga der ho prøvde og skjula fortida si. Hanna Kvanmo kom i «folkedomstolen» fordi folk trudde ho hadde medviten prøvd og skjula fortida si. Noko ho i bøkene *Derfor* og *Dommen* tilbakeviste. Ved å tilbakevise det kunne Hanna Kvanmo snu opposisjonen si meining om ho og reinvaske seg sjølv som om ho nærast var uskuldig. Hanna Kvanmo framstilla seg sjølv som om at ho hadde eit godt samvit og meinte ho hadde informert dei rette partane om fortida si. Ho skreiv sjølv at ho hadde svara alle som hadde spurt om fortida hennar sannferdig, men ho hadde ikkje gått rundt og snakka høgt om fortida si. Det er ikkje sikkert saka hadde komme fram i media dersom ikkje nokon hadde til motiv og avsløra ho.

Alle politiske grupperingar tente etter krigen på og verta assosierte med aktiv militær innsats. Leiande motstandsgrupper si langvarige skepsis til militærmotstand, og enkelte grupperingar og aktørar sine politiske samarbeid med den tyske okkupasjonsmakta, då til dømes deltaking i forhandlingar med den tyske okkupasjonsmakta, kunne etter krigen vera potensialt diskrediterande.[105] Det vart viktig etter krigen og vise at ein hadde vore på den rette sida. Hadde ein derimot ikkje vore det kunne ein komma til og verta straffa for landssvik eller ein kunne risikere og verta utestengt frå samfunnet og sitt ned på som ein som svikta landet då det gjaldt mest. Vidare har nasjonale kollektive identitetar blitt skapa ved og ekskludera nokre individ og grupper frå det nasjonale historiske fellesskapet. I Noreg har andre verdskrig vore ein del av nasjonsbygginga og det har difor vore viktig og vera ein del av den riktige sida i historia. For og få nokon til vera på den riktige sida under krigen vart nokon gjort til representantar for dei som sveik. Desse vert framstilte som svikarar for på den måten kunne

---

[104] Frank Rossavik, *Fra Kingsbay til kongensbord* (Frå korrespondanse med forfattaren april 2011). s. 174.
[105] Synne Corell, *Krigens ettertid* (Oslo, 2010), s. 62.

dei som hadde vore på rett side under krigen forsterka det positive biletet av ei form for fellesskap av dei som var på den rette sida under andre verdskrigen i Noreg.[106]

Under krigen var fiendebilete tydeleg. Det var eit klårt skilje mellom ven og fiende, det var «oss» og «dei». Nordmenn vart framstilte som anten «gode» eller «onde», «jøssing» eller «quisling».[107] Det kan likevel ha seg slik at ein med Hanna Kvanmo-saka byrja og viska ut bilete om «oss» og «dei» og byrja og få eit meir nyansert bilete av krigen. Det var truleg mange som tenkte seg om over kva rolla dei hadde hatt under krigen då «Kvanmo-saka» var framme i media. Det fellesskapet som hadde blitt danna under krigen av dei som var på rett side, byrja å slå sprekker. Her var det fleire av dei som ikkje hadde reint mjøl i posen. Det kan ha vore om lag 200 000 nordmenn som tok arbeid på tyske anlegg eller som jobba for tyskarane på andre måtar. Dei aller fleste som arbeidde for okkupasjonsmakta, var tilsette i norske firma som tok oppdrag for tyskarane. Då krigen kom 9. april 1940 var det stor arbeidsløyse i Noreg og for mange vart det å arbeida for tyskarane ein moglegheit til å tena pengar så ein kunne forsørgja seg sjølv og familien. Dei som allereie hadde arbeid med god betaling såg stygt på dei som måtte ta arbeid hjå okkupasjonsmakta. For å få fleire til og arbeida for seg, gjekk tyskarane over frå tariffløn til akkord. For dei som hadde dårleg økonomi kan dette ha vore vanskeleg å stå i mot. For dei som gjorde rettsoppgjeret klart til etter krigen var slutt, vart det klart at det og straffa alle dei som hadde arbeidd for okkupasjonsmakta kom til å verta vanskeleg. Dersom den tiltalte berre hadde arbeida eller vore ein underordna funksjonær for dei som dreiv verksemd for tyskarane, kunne straffa verta redusert eller tiltalen fråfalla. Det var få tyskararbeidarar som vart granska.[108] Difor vart det kanskje lettare for desse og forsvinna inn i mengda i motsetnad til Hanna Kvanmo som var dømd og hadde blitt vald til Stortinget.

Kvifor Hanna Kvanmo si sak vart større internt i partiet enn Kåre Øistein Hansen si sak trass i at ho var dømd for mindre alvorlege forhold enn han. Det skal ikkje analyserast for mykje her kvifor saka mot Hanna Kvanmo vart større trass i at lovbrotet hennar var mindre enn Hansen sitt. Likevel kan ein nemne at ei årsak kan vera at Hansen hadde ein større grunn til og ikkje vera offentleg om saka som Hanna Kvanmo fordi han hadde vore tiltala for og ha medverka til drap. Det er mogleg at Hanna Kvanmo var medviten om at ho kunne reinvaska seg sjølv

[106] Synne Corell, *Krigens ettertid* (Oslo, 2010), s. 26f.
[107] Tor Dishington Johansen: «Norge i svart, hvitt og grått», *Bergens Tidende* (Bergen, 2010, 11.oktober).
[108] Nina Drolsum Kroglund, *Hitlers norske hjelpere* (Oslo, 2010), s. 75ff.

fordi ho ikkje hadde gjort noko medviten for og skade nordmenn under krigen og difor stod imot og ville fortsette på Stortinget trass i at det storma som verst rundt ho nyåret 1974.

Ei anna årsak til merksemda rundt Hanna Kvanmmo kan ha vore at ho var kvinne og dersom ein under krigen som kvinne hadde teke fienden si side var det mykje verre enn dersom ein mann gjorde det. Kvinner har ein viktig plass i nasjonale prosessar fordi dei er biologiske reprodusentar av nasjonen sine medlemmar. Kvinner sin seksualitet spelar ei viktig rolle i skapinga av nasjonal identitet både innetter i nasjonen og i markeringa av nasjonal sjølvstende utetter. Kvinner er deltakarar i dei nasjonale prosessane som biologiske reprodusentar av nasjonen sin medlemmar og som sentrale vidareførarar nasjonale kultur og symbolske identitet. Dersom ei kvinne gjekk over til fienden på ein eller anna måte vart det eit trugsmål mot den orden som var etablert, som dei var tenkt til og halda ved lag og føra vidare.[109]

# 4. Rehabilitering

Hanna Kvanmo var ingen kjend politikar då saka mot ho tok til i januar 1974. Ho var tvert imot ein person som folk flest ikkje kjende til. I perioden som er undersøkt under kjem ein til å sjå på om det er ei endring i framstillinga av Hanna Kvanmo i avisene.

## 4.1 «Det hjerteløse samfunn»

Den fyrste gongen Hanna Kvanmo uttala seg i Aftenposten etter saka mot ho var 23. mars 1974. Saka gjaldt betre tilbod om kollektivtransport i byane. Stortinget hadde gjeve 50 millionar kroner til kollektivtransporten for å unngå at prisane ikkje steig over ti prosent. Sosialistisk Valforbund ville ikkje vera med på å skru opp prisane på kollektivtransport uttala Hanna Kvanmo. Vidare sa ho at det ville ramma dei som ikkje var yrkesaktive som reiste korte strekningar. «Dette er samme grupper som har lite fra før, og som ifølger Aukrust-utvalget vil få enda mindre til disposisjon.»[110] Ho poengterte også at det var viktig og dempa prisane i byane på grunn av miljøproblem. Hanna Kvanmo viste seg og vera engasjert i

---

[109] Anette Warring, *Tysker piger* (Oslo, 1994), s. 199.

[110] «Folk i byene venter statlig utspill for bedre kollektivtransport-tilbud» (aftenposten.no, publisert 23.3.1974). Lokalisert 11.3.2011 på Verdsveven:
eavis.aftenposten.no/aftenposten/51313/1

samferdsel. Samferdselskomiteen har vore og framleis er populær blant typiske «distriktsrepresentantar» fordi den gav gode moglegheiter til og skaffa heimfylket ein veg eller ei bru, og til å markera seg i ein type saker folk var opptekne av.[111] I boka *Derfor* skreiv Hanna Kvanmo at det var knapt ein fjordarm eller eit avsides dalstrøk ho ikkje hadde besøkt. Ho skreiv også at ho visste meir enn dei fleste om kvar folk budde i landet, kva dei levde av og korleis dei levde. Nokre nye vegar og ein del ferjeforbindingar hadde ho også klart og skaffa, fortalte ho i *Derfor*. [112]

I ein artikkel i Aftenposten i januar 1978 vart talsmenn i ulike politiske parti på Stortinget spurde om kva manglar folketrygda hadde. Av dei spurde var mellom Hanna Kvanmo og ho svara:

> «Alle er vel nå enige i at minstepensjonistene må opp på et anstendig nivå iløpet av så kort tid som mulig. […] Bedre pensjoner vil også kunne bidra til å gi de yngre uføretrygdede en øket chanse til et normalt liv. Folketrygdesystemet tar lite vare på de hjemmearbeidende. Dette angår især hundretusener av husmødre. […] De hjemmearbeidende må få sin uførhetsgrad fastlagt efter de samme regler som de utearbeidende. […] Det må ydes arbeidsledighetstrygd til alle som ønsker arbeide, men ikke kan få det. Og sist, men ikke minst: Folketrygde må pålegges […] plikt til å hjelpe den enkelte.»[113]

Her viste Hanna Kvanmo at ho støtta mødre og dei svake i samfunnet. I dei kjeldene som er blitt brukt i denne oppgåva er dette eit tema som går igjen. Hanna Kvanmo viser seg gong på gong i fortale for vanskeleg stilte. I boka *Derfor* skreiv ho at Noreg var eit rikt land og det fantes ressursar til å skapa eit godt samfunn. Likevel las ein dagleg i avisene om tomme sjukeheimar, gamle og sjuke i kø og mangel på ressursar i helsetenesta. I det siste kapittelet i boka kalla «Det hjerteløse samfunn?», stilla Hanna Kvanmo eit spørsmål om kva samfunn barn og barnebarn skulle ta over. Noreg var eit rikt land og det fantes ressursar til å skapa eit godt samfunn. Likevel var det sjukeheimar som stod tomme og gamle og sjuke som stod i kø. Det var stor rikdom for dei store selskapa og dei som allereie hadde det vanskeleg vart utstøytt. Hanna Kvanmo kom i boka med spørsmåla: var det rettferdig fordeling av godane

---

111 Frank Rossavik, *Fra Kingsbay til kongensbord* (Frå korrespondanse med forfattaren i april 2011). s. 263.
112 Hanna Kvanmo, *Derfor* (Oslo,1985), s. 29.
113 «Ingen Sareptas krukke» (aftenposten.no, publisert 21.1.1978).
Lokalisert 23.2.2011 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/60419/1

når dei som hadde høg løn fekk skattelette, mens minstepensjonistane ikkje fekk det? Var det rettferdig fordeling av godane når dei best stilte i samfunnet kunne auke sitt private forbruk samstundes som ei veksande gruppe av utstøtte og fattige vart større? Hanna Kvanmo meinte at ein kunne måla ein nasjon si sivilisasjons- og kulturelle nivå etter korleis dei eldre vart handsama. Ho meinte at måten mange gamle levde på var kulturelt forfall. Her kom Hanna Kvanmo med kritikk mot Kåre Willoch (H), som ville dempa vekst i offentlege budsjett for å skapa rom for skattelette. Når dei rike vart rikare vart det samstundes færre midlar til fellesoppgåver og då vart alle fattigare. Dei som ropa mest på skattelette var dei som minst trong det, meinte Hanna Kvanmo. Ho ville ha eit samfunn der ein hadde ansvar for kvarandre. Der kunne ein ha mest mogleg fridom for kvar enkelt til å bruka evnene sine, utan at det gjekk utover medmenneske. Det var det ho kalla eit sosialistisk samfunn. «Så enkelt – og så vanskelig – er det.»[114]

## 4.2 Forkjempar for abort

Ei anna sak Hanna Kvanmo var ein forkjempar for var sjølvbestemt abort og kvinner i ein vanskeleg situasjon. I Aftenposten den 10. Juni 1978 omtala avisa eit hyrdebrev som vart skrevet mot abort og lese opp i kyrkjer rundt i landet søndag 4. juni 1978.[115] I forkant av dette hadde Hanna Kvanmo i ein debatt på Stortinget om korleis ein kunne hindre uønska svangerskap og kjønnssjukdommar. Alle kommunale helsesenter måttte påleggjast og dela ut gratis prevensjonsmidlar til alle som ønska det meinte ho. Hanna Kvanmo kritiserte på same tidspunkt Kristeleg Folkeparti for tanken om og etablera mødreheimar i lokalmiljøa. Hanna Kvanmo meinte at dette ville verka som ein utsillingsplass for alle dei «bra» folka kunne sjå på og føla seg enda betre, fortel artikkelen.[116] Her drog Hanna Kvanmo kanskje kjensel på noko ho hadde opplevd i sitt eige liv. Ho kjende seg igjen i det og vera på utstilling for noko samfunnet syntes ein hadde gjort galt. Hanna Kvanmo var sjølv blitt avslørt som ei som hadde gjort noko som samfunnet ikkje såg på som greitt. Ho stod også utanfor då fortida hennar som dømd landssvikar kom fram i media. Ho hadde også følt på det og stå utanfor under

---

[114] Hanna Kvanmo, *Derfor* (Oslo,1985), s 115-117,125.
[115] "Hyrdebrevet - «en piskesnert» (aftenposten.no, publisert 10.6.1978).
Lokalisert 27.1.2011 på Verdsveven:
http://aftenposten.e-pages.dk/view/52900/61249/fullpdf/1.pdf
[116] «Følelsesladet oppgjør om prevensjon, sex og moral» (aftenpsoten.no, publisert 26.5.1978).
Lokalisert 27.1.2011 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/61154/archive/demo/?page=1

oppveksten med vanskelege kår då klasseskilje i Noreg var mykje større og ho måtte sjå på andre som hadde det betre både økonomisk og standsmessig på den måten at dei fekk betre fordelar og hadde andre og betre moglegheiter i livet som hadde god råd.

Eit hyrdebrev er i Den Norske Kyrkja eit rundskriv frå biskopen til alle prestane i eit bispedøme. Desse breva blir gjerne sendt ut til visse tider som til dømes fastetida, men også når det gjeld saker som vert sitt på som viktige for kyrkja.[117] Hyrdebrevet av 10. juni 1978 var om lova om sjølvbestemt abort som vart vedteken i 1978. I brevet stod det mellom anna at mennesket var skapt i gudsbilete, det gjaldt også det ufødde liv. Det kristne samvitet var bunde av Gud sitt ord og ei statleg lov kunne ikkje gjere noko med det.[118] Hanna Kvanmo kom med kritikk mot kyrkja og spurde kvar kyrkja si røst var når Vietnamkrigen rasa og når staten tok liv i unødige krigar eller når eit offentleg legeteam gjorde det. Men presteskapet reiste seg mot kvinner som skulle få det fulle ansvar for sitt eige og fosteret sitt liv, sa ho ei ein artikkel i Aftenposten. Ho kalla det dobbeltmoral.[119]

Hanna Kvanmo sitt syn på abort vart forma då ho låg på sjukehus etter ein sykkelvelt i 1936, 10 år gamal. «Her ble mitt syn på abort formet» fortalte Hanna Kvanmo i boka *Dommen*: ein lege utførde abort på ei kvinne utan bedøving. Legen ville statuera eit eksempel og hindre at ho kom tilbake i same ærend. Kvinna hadde frå før to born utanfor ekteskap og tok på det tidspunktet sin andre abort. Kvinna vart sitt på som ein av byen sin lause fuglar, ho var fødd inn i ekstrem fattigdom med arbeidslause foreldre og ein stor syskenflokk. Kvinna hadde gjort forsøk på og fjerna fosteret sjølv, men hadde ikkje klart å få ut fosteret på eiga hand og difor hadde ho hamna på sjukehus. Hanna Kvanmo fortel at ho overhøyrde dei vaksne på sjukehuset snakka om saker som ikkje var meint for at ho skulle høyra. Kvinner med pengar kunne får ordna abort hjå kloke koner, men det hendte at det gjekk galt. Dersom dei ikkje fekk legehjelp i tide kunne dei blø i hel. Hanna Kvanmo visste også at dei kunne få svære betennelsar og blodforgifting som kunne føra til døden. Ho visste også at dersom ein hadde nok pengar kunne ein ta abort utan særleg risiko. Hanna Kvanmo skreiv i boka *Dommen* at det

[117] Haakon Flottorp: «Hyrdebrev»(snl.no)
Lokalisert 23.3.2011 på Verdsveven:
http://www.snl.no/hyrdebrev
[118] «Kirken kjemper videre tross ny lov om abort» (aftenposten.no, publisert 5.6.1978).
Lokalisert 18.3.2011 på Verdsveven:
http://aftenposten.e-pages.dk/view/52900/61214/fullpdf/1.pdf
[119] «Kirken kjemper videre tross ny lov om abort» (aftenposten.no, publisert 5.6.1978).
Lokalisert 18.3.2011 på Verdsveven:
http://aftenposten.e-pages.dk/view/52900/61214/fullpdf/1.pdf

var her hennar syn på abort vart forma.[120] Kvinna det vart utført abort på fortalte Hanna Kvanmo, vitna om tilstanden heime og at det var umogleg for ho å få fleire born. Kvinna skal ha sagt at ho ville heller døy enn og få fleire born, ho hadde prøvd og få til ein abort på eiga hand og dermed hamna på sjukehus. Hanna Kvanmo fortalte om borna i sin eigen klasse på folkeskulen som var fulle av lus, dei var skitne og underernærte. «Jeg kunne ikke skjønne at slike kvinner skulle tvinges til å føde flere barn, mens andre kunne få hjelp uten å risikere liv og helse.» Dette var årsaka til at ho vart ein av dei 78 stortingsrepresentantane som fekk gjennom lova om sjølvbestemt abort våren 1978, skreiv Hanna Kvanmo i *Dommen*.[121]

Denne historia gjorde Hanna Kvanmo til ein truverdig abortforkjempar. Dette visste ho meir om enn dei fleste fordi ho hadde erfart det på eiga hand. Hanna Kvanmo hadde gått i livets skule og ho hadde erfart at dersom ein hadde midlane til det kunne ein ordne seg ein abort og ein kunne også få ein abort der risikoen for komplikasjonar var mindre. Hadde ein ikkje pengar måtte ein få seg ut av ein fortvila posisjon på andre måtar. Då anten ved og få til ein abort sjølv eller ein gjekk til kloke koner.

Sjølvbestemt abort vart den fyrste kvinnepolitiske saka for SV på Stortinget. Men saka var veldig kontroversiell i befolkninga, og Arbeidarpartiet nølte med og leggje fram eit forslag i stortingsperioden 1969–73. På denne tida prøvde SV og verta eit naturleg val for den nye radikale kvinnerørsla, men klarte ikkje å få lova vedteken. SV greidde likevel og mjuka opp den lova som allereie eksisterte ved og få det slik at kvinna sitt ord fekk meir og seie i ei nemndhandsaming. Lova om sjølvbestemt abort vart vedteken fyrst i 1978, då med ei stemme i overvekt.[122]

## 4.3 Replikkunstnar

I mars 1978 hadde Aftenposten ein artikkel med overskrifta «Hanna Kvanmo spør mest på Løvebakken». Ho var ein av dei personane som dominerte mest i spørjetimen i Stortinget totalt sett det fyrste halvåret i den nye stortingsperioden. På andre plass kom Odd Einar Dørum frå Venstre. Artikkelen fortel: «[…] mest spørrelysten er altså SV’s parlamentariske

[120] Hanna Kvanmo, *Dommen* (Oslo, 1990), s. 37ff.
[121] Ibid.
[122] Frank Rossavik, *Fra Kingsbay til kongensbord* (Frå korrespondanse med forfattaren april 2011), s. 184f.

leder, Hanna Kvanmo, som hele 12 ganger har vandret over det røde teppet opp på talerstolen for å stille et spørsmål.»[123] Vidare ramsar artikkelen opp kva representantar som hadde stilt spørsmål i spørjetimen og kor mange gongar. I boka *Derfor* fortalte Hanna Kvanmo om at ho var medviten på kva språk ho brukte og at ho hadde ei klår framstilling av ei sak. Då ho hadde skrivet sitt fyrste innlegg på Stortinget, fortel ho strauk ho ut alle framandorda og erstatta dei med forståelege ord. Dette gjorde ho fordi «Ingen ting er så irriterende som å sitte foran TV og kjenne seg dum fordi man ikke forstår hva folkene i ruta sier. Og så er det jo ikke deg det er noe i veien med, men de som snakker til deg.»[124] Hanna Kvanmo kjem fleire gongar inn på det og vera kvinne i boka *Derfor*. Ho fortel at kvinner førde eit meir forståeleg språk enn menn, kanskje fordi dei snakka meir med born. Hadde Gro Harlem Brundtland vore ein mann hadde det at ho hissa seg opp i debattar fått andre karakteristikkar meinte Hanna Kvanmo. Ho fortel også at vekebladet NÅ hadde kalla ho for «Stortingets største skravlebøtte» fordi dei hadde i ei undersøking funne ut at Hanna Kvanmo hadde vore flest gongar på talestolen i stortingsperioden 1977-81. I undersøkinga kom Hanna Kvanmo på fyrsteplass og Venstrepolitikaren Hans Hammond Rossbach kom på andre plass. Han vart derimot kalla ei flittig bie i eit lite parti. Hanna Kvanmo fortel at kvinner blir ofte gjort til pratemakarar, mens menn fører klår tale skreiv Hanna Kvanmo.[125]

Ei historie som skal ha blitt fortalt ofte handlar om då Hanna Kvanmo vart oversett på eit av dei fyrste gruppemøta i 1973 eller 1974. Frank Rossavik fortel i boka om SV si historie *«Fra Kingsbay til kongensbord»*:

> «Det forekom særlig ved at innleggene hennes ble overhørt på gruppemøtene. Straks hun var ferdig med å snakke, var det som hun ikke hadde sagt noe i det hele tatt – og en av mennene kunne like etter hevde akkurat det samme som hun, som om det var helt nytt og ingen hadde nevnt det før.»[126]

Hanna Kvanmo fortalte sin versjon av historia i boka *Derfor* og då fortalte ho det at ein måtte læra mannfolka kvinnesak. Ho kunne hugsa eitt av dei fyrste gruppemøta før SF vart til SV. Dei hadde diskutert kven som burde plasserast i kva komité. Hanna Kvanmo hadde sagt nokså

---

[123] «Hanna Kvanmo spør mest på Løvebakken» (aftenposten.no, publisert 22.3.1978).
Lokalisert 23.2.2011 på Verdsveven:
eavis.aftenposten.no/aftenposten/60807/1
[124] Hanna Kvanmo, *Derfor* (Oslo, 1985), s. 80.
[125] Hanna Kvanmo, *Derfor* (Oslo, 1985), s. 88-90.
[126] Frank Rossavik, *Fra Kingsbay til kongensbord* (Frå korrespondanse med forfattaren april 2011), s. 263.

tidleg at ho meinte Berge Furre burde gå i landbrukskomiteen fordi den var ikkje særskild arbeidskrevjande og då kunne han som erfaren politikar få tid til og hjelpa dei som var nye, fortel Hanna Kvanmo. Vidare skriv ho at det var ingen som kommenterte det ho hadde sagt og diskusjonen fortsette:

> «Et godt stykke lenger ut i møtet tok Tor Henriksen fra Finnmark ordet. Kanskje var det en idé, sa Tor, å plassere Berge i landbrukskomiteen. Den var ikke regnet som så veldig arbeidskrevende, og dermed kunne Berge få tid til å . . . Du kan tro det ble fart i guttan´! For dette syntes de var en god idé. Men da satte jeg ned foten, ba om ordet og sa at skal det være på *den* måten her i gruppa, at det bare er mannfolkene som blir tatt alvorlig, da kan jeg med en gang si at jeg kommer til å like meg dårlig. Mange år etter på sa Ottar Brox til meg at jeg iallfall hadde satt meg i respekt hos ham gjennom den episoden.»[127]

Denne historia og mange andre i bøkene til Hanna Kvanmo ser ut til og tena ein funksjon på den måten at det verka som ho fortel ei historie og avsluttar med korleis ho er som person og politikar då for å laga eit slags poeng om kvifor ho var som ho var. Når ho på den måten grunngav sine meiningar og standpunkt framstod ho som ein truverdig politikar fordi ho hadde erfart korleis livet eigentleg var. Hanna Kvanmo fortel at måten ho vaks opp på og erfaringar gjennom livet gjorde at ho visste korleis livet i Noreg eigentleg var, særskild for dei som hadde det vanskeleg.

## 4.4 Betre enn andre

Hanna Kvanmo var ei bestemt dame med meiningar som ho ikkje alltid la skjul på. Ho viste tydleg si politiske usemje med kollegaer på Stortinget. Ein ho særskild var usamd med og som ho ofte var i «replikk-krig» med var Kåre Willoch i Høgre. For at Hanna Kvanmo skulle kunne framstilla seg sjølv positivt og dermed reinvanska seg sjølv, trong ho utpeika personar som kunne framstillast som hennar motstykke og motsetnad på ein negativ måte..

Ein av dei som var den rake motsetnaden av Hanna Kvanmo var Kåre Willoch. Han kom frå Oslo i motsetnad til Hanna Kvanmo som kom frå Nord-Noreg og hadde ei heilt anna oppvekst og dialekt enn Willoch. I 1970-åra var det ikkje lett og komma til Oslo med ein dialekt frå

[127] Hanna Kvanmo, *Derfor* (Oslo, 1985), s. 50.

nord i landet. Det vart gjort klart at det var ikkje alle som ville ha noko med dei og gjera og viste det ettertrykkeleg. Willoch og Kvanmo var både kulturellt og sosialt ulike. Hanna Kvanmo kalla det ein kulturkollisjon som gjekk på både ulikt språk og måten og vera på. Det var kjend at Hanna Kvanmo og Kåre Willoch hadde sine trefningar politisk. I boka *Derfor* skreiv Hanna Kvanmo at journalistar skreiv at Willoch frykta ho og at han skalv i buksa når ho tok ordet. Det var berre tull, meinte Hanna Kvanmo. Ho meinte at han var usikker på ho og ikkje visste kvar han hadde ho. Problema til Willoch var at han hadde hakk i plata og at han kunne vera småleg. Det var ikkje lett å ta replikk på Willoch fortel Hanna Kvanmo i boka. Han var både dyktig og sleip som ein ål. Willoch gav seg aldri og Hanna Kvanmo kalla han forførerisk.[128] Hanna Kvanmo viste tydeleg kva ho meinte om sin politiske motstandar. Ho omtala han med negative omgrep for og trykkja ned Willoch sitt omdømme, mens ho på den måten heva opp seg sjølv som den beste av dei to. Når han var forførerisk vart Hanna Kvanmo det motsette av forførerisk som kunne vera ein meir ærleg politikar enn Willoch. Ho omtala også Willoch som ein sleip ål. Ålar er utan ryggrad og sleipe og vanskelege og få tak i. Midt imot vart dermed Hanna Kvanmo hans motsetning, ein person med ryggrad.

Vidare peika Hanna Kvanmo på at regjeringa til Willoch hadde gjort at knappheita var blitt fordelt på fleire og dei som hadde det godt frå før har fått det endå betre. Hanna Kvanmo med kritikk mot Kåre Willoch, som ville dempa vekst i offentlege budsjett for og skapa rom for skattelette. Når dei rike vart rikare vart det samstundes færre midlar til fellesoppgåver og då blei alle fattigare. Dei som ropa mest på skattelette var dei som minst trong det meinte Hanna Kvanmo. Ho ville ha eit samfunn der ein har ansvar for kvarandre. Der kunne ein ha mest mogleg fridom for kvar enkelt til og bruka evnene sine, utan at det gjekk utover medmenneskje. Det var det ho kalla eit sosialistisk samfunn.[129] Hanna Kvanmo meinte at Kåre Willoch ville gjera dei rike endå rikare ved og gje dei skattelette. Han ville heller hjelpa dei som hadde mest i samfunnet enn og hjelpa dei som var fattige og vanskeleg stilte. Det ville derimot ikkje Hanna Kvanmo, ho framstiller seg som at ho ville hjelpa dei fattige og dei som trong det mest. Ifylgje boka Fra *Kingsbay til kongensbord* om SV si historie kjørte Hanna Kvanmo saman med partileiaren Theo Koritzinsky i limousin, med media på slep, opp til dei rike i Holmenkollåsen for og visa dei store klasse skilnadane i Oslo.[130] Med denne køyreturen statuerte Hanna Kvanmo synspunktet sitt sterkt. Ein slik køyretur er nærast ein demonstrasjon for og vise kor fæle dei rike var og kor god Hanna Kvanmo var. Ho framstilla seg sjølv som

[128] Hanna Kvanmo, *Derfor* (Oslo, 1985), s. 88ff.
[129] Hanna Kvanmo, *Derfor* (Oslo, 1985), s. 88ff.
[130] Frank Rossavik, *Fra Kingsbay til kongensbord* (Frå korrespondanse med forfattaren april 2011), s. 299.

mykje betre enn Kåre Willoch og dei som hadde mykje pengar. Ho hadde gode politiske hensikter og ville femna om særskild dei svake i samfunnet mens Willoch ville hjelpe dei rike til og få mindre i skatt og det var ingen god politikk.

I Aftenposten 2. juni 1979 vart Hanna Kvanmo intervjua i forbindelse med at ho var “ukens namn” i laurdagsavisa. Intervjuet er det fyrste som er funnen som går på Hanna Kvanmo som både person og politikar. I dette intervjuet peika Hanna Kvanmo også på nokon andre som ho ikkje hadde sansen for og på den måten framheva seg sjølv som ein politikar og person med gode føremål. Ho peika ut kyrkja og dei kristne som utolerante. I intervjuet fortel avisa at statskyrkja mista Hanna Kvanmo som medlem etter hyrdebrevet om abort. Likevel hadde Hanna Kvanmo stor fortsåing for dei som trong ein stav gjennom livet. Ho ville ikkje vera med på og ta trua frå nokon. På denne måten sa Hanna Kvanmo at ho på den eine sida ikkje likte kyrkja, samstundes som det verka som ho ikkje ville fornærma dei som var kristne. Ho sa seg forståande til at ein gjennom livet hadde trong for ei støtte i livet. På denne måten framstod ho ikkje hard og ufølsam, men derimot tolerant og ho viste kunnskap om at livet kunne vera vanskeleg og at ein då trong nokon og vende seg til.

Vidare i intervjuet syntes Hanna Kvanmo det hadde vore bedre om dei kristne ikkje hadde blanda seg i kva andre meinte og gjorde. «De vet ikke hva toleranse betyr»[131] I boka *Derfor* fortel ho om at mange trudde ho låg i konstant jakt på Kristeleg Folkeparti sine representantar. Ho sa at det er ikkje riktig, det fantes mange greie folk i det partiet. Både i intervjuet og i boka seier Hanna Kvanmo at dei er alle hyggelege folk kvar for seg, men når dei kom saman var det noko anna. Hanna Kvanmo sa at ho ville ikkje at KrF skulle blanda seg i andre folk si tru. Hanna Kvanmo synest Gud vart brukt som ein garantist i politikken. Her framstilla ho seg sjølv som ho visste kva toleranse betydde, og ein kunne ikkje bruka Gud i politikken som ein garanti for at politikken skulle vera mogleg og gjennomføra. Her framstilla Hanna Kvanmo seg også betre enn kyrkja og dei kristne. Ein kunne ikkje bruke Gud som ein garantist for og gjennomføra politiske målsetnader, meinte ho.

Ein av dei ho nemner i boka som ho hadde sans for var KrF politikar Sverre L. Mo, han var ein god komitékollega. Han hadde humoristisk sans og var ein politisk rev. Ein anna ho respekterte i KrF var Lars Korvald. Derimot var det dei ho hadde mindre sans for, ein av desse var «unge Bondevik» Hanna Kvanmo meinte at det kunne vera fordi han mangla

[131] Morten Fyhn: « - Var klar til å kaste Nordli» (aftenpsoten.no, publisert 2.6.1979).
Lokalisert 24.2.2011 på Verdsveven:
eavis.aftenposten.no/aftenposten/63307/1

livserfaring. Kåre Kristiansen hadde ho ikkje noko forhold til skreiv ho. Hanna Kvanmo stolte ikkje på han og alt prella av på han.[132] Også her visa Hanna Kvanmo seg betre enn dei omtala personane. Det at Bondevik vart kalla «unge Bondevik» kan vera at Hanna Kvanmo syntes han mangla livserfaring, noko ho kanskje syntes ho hadde mykje av. På denne måten framstilla ho Bondevik som «ung og dum» og seg sjølv som vaksen og rik på erfaring til og ta gode politiske avgjersler. Hanna Kvanmo skreiv at ho likte heller ikkje Kåre Kristiansen. Han var ikkje til og lite på. Kanskje ho også likte han dårleg fordi han var prest og blanda det med politikken. At alt prella av på han kan bety at han verka følelseslaus, usympatisk og kald. For at Hanna Kvanmo skulle vere i stand til og sjå at desse kvalitetane mangla hjå Kristiansen må ho ha meina at ho hadde alle desse kvalitetane og var dermed heva også over han når det kom til og ha gode menneskelege eigenskapar.

## 4.5 Politikaren og privatpersonen Hanna Kvanmo

Vidare i det same intervjuet nemnt ovanfor fortalte Hanna Kvanmo om kva ho gjorde på etter jobb. Arbeidet på Stortinget var hardt uttala Hanna Kvanmo. Ho hadde ikkje tid til å gå verken på teater eller kino etter ho flytta til Oslo. Når ho kom heim på hybelen syntes ho det var godt og vera aleine og slappa av med ein roman eller kryssord. Ho følte seg ikkje det minste aleine. Så sant arbeidspresset tillot det, reiste ho heim til mannen i Mo i Rana kvar helg. Fly til Trondheim og nattog vidare. Det vart korte helgar hjå mannen, men Hanna Kvanmo meinte at det var betre for mannen å vite at ho i alle fall kom i helgane, enn at han skulle sitja i Oslo og venta kvar dag i uvissa. Ho visste det ville verta stusseleg for mannen, det var også ei årsak til at ho reiste heim kvar helg.

> «Det gjennomførte jeg, selv om det er en liten Amerikareise: Fly til Værnes fredagskvelden, drosje til Stjørdal, ombord i en av NSBs sovevogner – og framme i Mo morgenen etter. Søndag kveld var det samme vei tilbake – og rett på Stortinget mandag morgen. I årevis tilbrakte jeg nesten hver uke to netter i sovekupé.»[133]

Også på denne måten framstilla ho seg sjølv endå eingong i godt lys. I mangfaldige år hadde ho brukt heile to netter i sovekupé kvar einaste veka. Hanna Kvanmo får det til og høyrast ut

[132] Hanna Kvanmo, *Derfor* (Oslo, 1985), s. 84ff.
[133] Hanna Kvanmo, *Derfor* (Oslo, 1985), s. 48.

som ho hadde gjort ein kjempebragd og slitt med dette i årevis. Men ho hadde haldt ut med det for mannen si skuld. Ho framstilla det som det var betre at ho tok børa med og reise heim kvar einaste helg enn at mannen skulle sitje og vente på ho kvar dag utan og vet kva klokkeslett ho kom heim. Det er som ho var den sterke part av dei to og tok på seg og reiste den lange vegen heim til den skjøre mannen for og sjå til han før ho tok den lange vegen tilbake til Oslo søndags kveld.

Vidare i intervjuet fortel Hanna Kvanmo at ho var eigentleg sjenert og at ho likte ikkje og vera i rampelyset. Likevel sa ho at ho hadde ikkje vett til og vera redd, «Det må skyldes en brest i min personlighet», sa ho i intervjuet med Aftenposten.[134] I boka *Derfor* fortalte Hanna Kvanmo at ho var ein nokså tander person:

> «Jeg vet at jeg virker robust. Men innerst inne var jeg, og er jeg, nokså tander. Jeg er usikker, og lar meg såre lettere enn folk tror. Og jeg lider av mindreverdighetskompleks. Antakelig skyldes det opplevelser i barndom og ungdom. Å gå rundt med lav selvfølelse er ikke særlig lett for en politiker. Jeg er meget kritisk mot alt jeg skriver. Jeg synes aldri det blir godt nok.»[135]

Når Hanna Kvanmo kom med kritikk og sa si meining om kolleger på Stortinget framstod ho ikkje som nokon god person som kritiserte andre personar for deira måte og vera på. Utsegnet over gjorde at Hanna Kvanmo framstod som mindre arrogant og overlegen. Med dei skarpe utsegna heva ho seg sjølv over andre, men ho tok seg sjølv ned på bakkenivå att ved og fortelje kor tander ho var. No fortalte ho at ho var både vart lett og såra og hadde låg sjølvkjensle. Dette var truleg noko andre kunne kjenna seg igjen i. Hanna Kvanmo vart på denne måten ein del av den gjennomsnittlege innbyggjaren på grunn av sine svake eigenskapar. At ho var klar over sine svake sider og sine feil gjorde ho berre endå meir truverdig.

Vidare i intervjuet fortel ho at ho likte ikkje å verta kjent igjen. I staden for hennar person ville ho at SV sin politikk skulle komma i forgrunnen.[136] I *Derfor* skreiv ho at ho kunne tenkja

---

[134] Morten Fyhn: « - Var klar til å kaste Nordli» (aftenpsoten.no, publisert 2.6.1979). Lokalisert 24.2.2011 på Verdsveven: eavis.aftenposten.no/aftenposten/63307/1

[135] Hanna Kvanmo, *Derfor* (Oslo, 1985), s. 47.

[136] Morten Fyhn: « - Var klar til å kaste Nordli» (aftenpsoten.no, publisert 2.6.1979). Lokalisert 24.2.2011 på Verdsveven: eavis.aftenposten.no/aftenposten/63307/1

seg at den beundringa kunne nedfellast i fleire stemmer til SV.[137] Trass i Hanna Kvanmo sin popularitet, vann ikkje SV nokon særleg fleire stemmer på det. Vidare i *Derfor* fortalte Hanna Kvanmo at det og verta rikskjend politikar førde til at ho vart ein slags offentleg eigedom døgeret rundt. Ho godtok rolla som rikskjendis, trass i at det til tider var ubehageleg. Det som plaga Hanna Kvanmo mest var merksemda rundt hennar person i pressa og ålmenta. Då med tanke på at dei ville skilja ho frå politikken ho stod for til og framstilla ho som noko meir eller noko anna enn Sosialistisk Venstreparti sin leiarar. Ho fortel at ho var eit menneskje som romma mange interesser. Ho fann roen med ei bok, nokre timar i båten med eit fiskesnøre heime i Mo i Rana, eller mest av alt med eit barnebarn på fanget. Men livet hennar var eit politisk liv og ho tok jobben som politikar alvorleg. Hanna Kvanmo fortel at hennar politiske ståstad, som var SV sin politiske ståstad, var for henna ei overbevising utmeisla gjennom erfaringar gjort gjennom livet, opplevingar og lærdom. Jobben hennar var å få fleire til og sjå på urettferd, rikdom og naud, fred og fridom på same måte som ho. Då følte Hanna Kvanmo at jobben var godt nok gjort fortalte ho.[138]

Vidare frå intervjuet i juni 1974:

> «Efter at hun ble innvalgt på Stortinget i 1973 har Hanna Kvanmo etablert seg som en sjeldent frittalende og omgjengelig representant. I hyggelig kontrast til de mange velpolerte og farveløse kolleger, legger hun ikke fingrene i mellom hverken i salen eller utenfor. Hennes sprog er så utvilsomt mer nord-norsk frodig enn elegant, men ikke til å misforstå. Hun har klare meninger og klemmer friskt til. – Jeg tror folk setter pris på klar tale og at man svarer på det man blir spurt om. Det er en utbredt politikersykdom å ikke gjøre det, erklærer hun. En uttalelse som Stortingets pressekorps mer enn gjerne kan skrive under på.»[139]

Her ser ein at allereie i 1979 var Hanna Kvanmo ein person som var likt av pressa. Ho sa saker som det var, la ikkje noko mellom. Ho svara på spørsmål og var lett og snakka med. Ein person som difor vart lett og lika for både pressa og folk generelt. Ho satt ikkje på sin høge stol på Stortinget. Vidare fortel Hanna Kvanmo om ein gong ho var på Presselosjens julebord, då stilte Framstegspartimedlem Bjørn Erling Ytterhorn i full uniform med ordnar og

[137] Hanna Kvanmo, *Derfor* (Oslo,1985), s. 105.
[138] Hanna Kvanmo, *Derfor* (Oslo,1985), s. 105ff.
[139] Morten Fyhn: « - Var klar til å kaste Nordli» (aftenpsoten.no, publisert 2.6.1979). Lokalisert 24.2.2011 på Verdsveven: eavis.aftenposten.no/aftenposten/63307/1

prydnader. Dei hadde aldri helsa på kvarandre, men då mannen hadde helsa god kveld svara Hanna Kvanmo: «God kveld, herr Ytterhorn, og takk det samme. Men æ' må si' at det er første gangen æ' hilser på en offiser som står med handa i lomma.»[140] Det var som Hanna Kvanmo sjølv sa i boka *Derfo*r: «Det er ikke det at jeg ønsker å ta selvfølelsen fra folk. Men jeg liker å hente folk fra toppene og få dem ned i normal høyde.»[141] Ein anna gong ho kom med ein skarp replikk var då Hanna Kvanmo ved valet i 1977 akkurat kom inn på Stortinget då ein postsekk med stemmer som ikkje hadde blitt talt opp vart funnen og talt opp. Kristleg Folkepartipolitikaren Kåre Kristiansen kommenterte til Hanna Kvanmo at «det skulle verta lille fru Kvanmo som reddet Nordlis regjering.» Hanna Kvanmo fortel i boka *Derfor* at det var språkbruken og den nedlatande haldninga til Kristiansen som gjorde at ho«tente unmiddelbart og brente av: - Sjå tell å fløtt´den klamme presthanda di!»

I juli 1979 hadde Aftenposten eit intervju med Hanna Kvanmo der ho sykla for fyrste gong på 17 år. Ho skulle delta i Aftenposten sin energisparande sykkel-kampanje. Intervjuet er ordlagt i ein munter tone og innleiinga byrja slik i intervjuet:

> «Det måtte gå galt. SVs parlamentariske leder Hanna Kvanmo satte seg på en sykkel for første gang på 17 år, og det endte med fall. Fru Kvanmo lot seg imidlertid ikke knekke og fortsatte med en energi som kan komme godt med i valgkampen. Hun forstår meget godt at nordmenn ikke vil spare energi så lenge vi er med i IEAs spareprogram som hun mener er til for å sikre USA og Vest-Tyskland tilstrekkelig energi. Hanna Kvanmo var 32 år de hun for første gang flyttet inn i et hus basert på oppvarming fra olje/elektrisitet.»[142]

Her vart det skrivet at trass i at Hanna Kvanmo velta på sykkel, reiste ho seg opp att og fortsatte som om det var ein styrke ho hadde. Ho var ikkje ein person som gav opp. Vidare får me kjennskap til fortida hennar og at ho kom frå den fattige delen av befolkinga i Noreg som då ho var heile 32 år før ho flytta inn i eit hus med oppvarming frå olje/elektrisitet. Dette gjer at ho framstod som ei av folket. Ho kom frå vanskelege kår og hadde kjennskap til korleis det var og ha det materielt vanskeleg. Dette gjorde ho til ein truverdig politikar.

---

[140] Hanna Kvanmo, *Derfor* (Oslo, 1985), s 109.
[141] Ibid.
[142] Terje Svabø: «Kvanmo får bakkekontakt» (aftenposten.no, publisert 27.7.1979).
Lokalisert 24.2.2011 på Verdsveven:
eavis.aftenposten.no/aftenposten/63591/1

## 4.6 Bilete

I bileta som vart brukte til intervjuet nemnt ovanfor framstod Hanna Kvanmo som privat person utanfor Stortinget. Det vart brukt tre bilete av Hanna Kvanmo i intervjuet. To av dei vil verta omtala nedanfor.



*Før start var Hanna Kvanmo svært innbitt og kampvillig . . .*

På det eine bilete står Hanna Kvanmo og held på ein sykkel og ser rett i kamera og flekkjer tenner og ser rasande og aggressiv ut. Bakgrunnen i bilete viser ein husveg, som kan vera husveggen til Hanna Kvanmo sitt hus. Mellom hennar hus og eit hus i bakgrunnen er det planter, det ser ut som det er ein hage Hanna Kvanmo stod i. Ho har på seg ein kjole og ei plante i bakgrunnen blomstrar, det er truleg sommar. Bilete er teke av ein fotograf i Aftenposten i samband med eit intervju og bilete skulle difor tena ein hensikt. Biletteksten knyttar biletet til den kommande valkampen og gjev biletet meining på den måten at det er valkampen Hanna Kvanmo er klar til og gå laus på og ikkje noko eller nokon ho er rasande på. Bilete fortel si eiga historie, men det er teksten under biletet som gjev den meininga ein ville bilete skulle ha. På den måten kan ein seie at biletet er humoristisk og morosamt. Det er som ho for fotografen si skuld flekkjer tenner og ser sint ut og ikkje fordi ho faktisk var sint. Biletet viser at Hanna Kvanmo var tilbøyeleg til og vise andre sider av seg sjølv eller vera med på ting som ikkje var alvorlege og seriøse, men derimot vera ein morosam og ikkje berre ein alvorleg politikar. Dette er ein måte Hanna Kvanmo kunne endre historia om seg sjølv på ved og framstå som ein politikar som ikkje var så høgtidleg at ho ikkje kunne vera med på litt moro. Ho viste at ho var eit vanleg menneske på lik linje med veljarane og lesarane av Aftenposten.[143]



[144]

[143]Foto: Svein Arne Nordby, «Kvanmo får bakkekontakt» (aftenposten.no, publisert 27.7.1979). Lokalisert 24.2.2011 på Verdsveven:
eavis.aftenposten.no/aftenposten/63591/1
[144] Ibid.

Bilete nummer to som vert sitt på her var av Hanna Kvanmo som låg på bakken etter ho hadde velta på sykkelen. Dette var eit bilete som vart nytta på forsida av Aftenposten den dagen med overskrifta: «Fall efter 17 år». Overskrifta er fleirtydig og kunne like gjerne ha fortalt om politisk fall som fall av ein sykkel, meininga kan ha vore og fanga lesarar heller enn og fortelja sanninga. Det at bilete vart nytta på forsida av Aftenposten med ein stortingsrepresentant liggjande på bakken kunne vera med på og få ned avstanden mellom folk flest og politikarane på Stortinget. I dette tilfelle gjorde Hanna Kvanmo avstanden mellom seg sjølv og folk flest mykje mindre. Likevel ser det ut til at Hanna Kvanmo var med på det heile og var klar over at bilete vart teken då andletet er vendt rett mot fotografen. Biletet folkeleggjer Hanna Kvanmo, til og med ein stortingsrepresentant kunne velta på sykkel og verta liggjande på bakken. Ho viste seg menneskeleg med sine manglande sykkelferdigheiter. På den måten kunne folk endre sitt syn på ho. Ho var ein av veljarane, ein person akkurat som alle andre hadde ho sine feil ho og.[145] Biletteksten knytta biletet til årsaka til Hanna Kvanmo sin velt. Ho hadde ikkje sykla på 17 år og då var det ikkje anna og vente enn at ho velta. «Men, hun bet tennene saman, og fullførte» fortel biletteksten. Ifylgje biletteksten var det nærast ei bragd at ho fullførte. Ho hadde bete tenna saman og reist seg opp att frå vegen og fullført løpet. Biletet Aftenposten måla var ikkje av ei kvinne med ei fortid som frontsjukesyster og dom for landssvik. Dei måla tvert imot eit bilete av ei som var kommen tilbake til samfunnet.

[145] Foto: Svein Arne Nordby, «Kvanmo får bakkekontakt» (aftenposten.no, publisert 27.7.1979). Lokalisert 24.2.2011 på Verdsveven: eavis.aftenposten.no/aftenposten/63591/1



*Hun setter pris på å kunne tilbringe det meste av sommerferien hjemme i Mo i Rana, Hanna Kvanmo. For, som hun selv sier det, å kunne stelle litt ekstra med mannen Bjarne.* *(Foto: Per Svensson)*

Over ser me eit bilete som vart nytta i Aftenposten i juli 1980. Biletteksten knyttar biletet til at Hanna Kvanmo var heime i Mo i Rana på sommarferie og det var godt og kunne stella ekstra med ektemannen. Fotogtafiet gjev biletet av ei glad og omsorgsfull kvinne og ikkje den tøffe Hanna Kvanmo som ein ofte såg i politikken. Bilete vart brukt til eit intervju Aftenposten gjorde med Hanna Kvanmo i sommarferien hennar heime i Mo i Rana.[146] Biletteksten og

[146] Foto: Per Svensson, «Tøvete diskusjon Høyre – Kr. F.» *Aftenposten* (Oslo, 1980, 25. juli) Frå korrespondanse med Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek hausten 2010.

fotografiet gjev eit bilete av ei Hanna Kvanmo som ho ikkje berre var ein politikar med kjappe replikkar og stort temperament, men også ei kvinne med omsorg og omtanke. Fotografiet er det andre biletet som er funne og som er av ein meir privat karakter og som er ein del av denne perioden då Hanna Kvanmo vart skildra meir privat i tillegg til politikken. Dette kan også ha vore med på og endre bilete av Hanna Kvanmo eller om ein her kan seia at opposisjonen fekk endra meining om ho fordi ein vart kjent med dei menneskelege og private sidene ved Hanna Kvanmo. Ein vart kjent med ho som person og hennar sympatiske sider. Bilete av Hanna Kvanmo vart heller ikkje her framstilla som ein landssvikar, men ei omsorgsfull kvinne.

## 4.7 Avslutning

I denne perioden kom privat personen og politikaren Hanna Kvanmo tydeleg fram i media, ein vart kjend med sider av ho som ho vart kjent for: temperament, jordnær tilnærming til politikk, humor og replikkunst.[147] I politikken kjempa ho for betre tilbod av kollektivtransport utan for stor prisstigning slik at dei som ikkje hadde så mykje også hadde råd til og ta bussen. Hanna Kvanmo ville også at minstepensjonen måtte opp på eit skikkeleg nivå slik at pensjonistar, husmødrer og arbeidsledige også hadde moglegheita til og leva eit normalt liv. Det viktigaste i denne perioden var truleg at ho var med på og få gjennom lova om sjølvbestemt abort i 1978. I *Derfor* grunngav ho kvifor og dette styrkja omdømmet hennar og det at det var rett avgjersle og innføra sjølvbestemt abort. Med dette fekk dei som hadde vore for forslaget få fastslått at dei hadde teke rett avgjersle og ho kunne også få dei var imot til og verta for sjølv bestemt abort. Ho viste seg og vera ei føregangskvinne som hadde kjempa gjennom ei sak som kvinner i generasjonar etter ho kom til og dra nytte av. På denne måten viste Hanna Kvanmo seg fortent til ein plass på Stortinget både som person og som kvinne. Ho skreiv sjølv at det var ikkje alltid like lett og vere kvinne på Stortinget i 1970-åra når ein vart skulda for og vera ei skravlebøtta mens menn som snakka mykje var sitt på som positivt.

Intervjua med Hanna Kvanmo gjorde at ein vart betre kjend med ho og ein lærte kva person ho var. Ho viste seg som ei kvinne som kunne vera både skarp i politikken og omsorgsfull på heimebanen. Eg har teke med fotografi i denne undersøkinga for og vise kva inntrykk ein fekk av Hanna Kvanmo gjennom avisene. Eg har fleire gongar stoppa opp ved biletet av Hanna

---

[147] Frank Rossavik, *Fra Kingsbay til kongensbord* (Frå korrespondanse med forfattaren i april 2011). s. 263.

Kvanmo der ho ligg på bakken etter ein sykkel velt og lurt på kva det er med biletet som røre ved meg.

Ein norsk politikar vart fotografert etter og ha velta på sykkel og vart liggjande på bakken på rygg i kjole. For andre hadde dette vore direkte flaut, men ei skarp kvinne som Hanna Kvanmo tålte det sikkert. Ikkje sikkert det var flaut for ho i det heile teke, ho hadde opplevd verre ting enn og verta teken bilete av etter ein sykkelvelt. Det er som fotografiet ufarleggjorde Hanna Kvanmo, ho som var kjend for kjappe og treffande replikkar. Kanskje ein på sett og vis var litt redd den skarpe tunga til Hanna Kvanmo, i alle fall var Kåre Willoch det. Ved og latterliggjera Hanna Kvanmo med eit slikt bilete ufarleggjorde ein ho. Vidare tente Hanna Kvanmo på og få slik publisitet, kanskje det var difor ho var med på fleire slike intervju utanfor Stortinget fordi ho visste det var god publisitet. Oppveksten var tøff, men ho hadde medviten jobba seg opp frå vanskelege kår, mogleg ho var like medviten og stilte opp på slike reportasjar for og få god omtale om seg sjølv og sine synspunkt.

# 5. «SVdronning»

Til no har undersøkinga vist haldninga mot Hanna Kvanmo då det kom fram at ho hadde ein dom for landssvik og tida etter på då ein vart kjend med ho som person og politikar og perioden ho vart rehabilitert. I dette kapittelet kjem ein til og sjå på korleis tida framover kom til og gagna Hanna Kvanmo og korleis hennar innsats i media kom til og lønna seg og korleis stemninga kom til og snu seg til stor fordel for Hanna Kvanmo.

## 5.1 Positiv omtale

Det er vanskeleg og slå fast dato og år Hanna Kvanmo vart omtala eintydig positivt. Det ein kan seie er at det heller er snakk om overgangar og ei gradvis endring i omtalen av ho enn eit skarpt skilje og presise datoar og årstal då Hanna Kvanmo vart omtala positivt. Under blir det

analysert korleis Hanna Kvanmo vart omtala om kva den omtalen kunne ha og seie og kva den innebar.

Den fyrste artikkelen som er funnen i VG der ein omtala Hanna Kvanmo positivt var i ein artikkel i juli 1980. Hanna Kvanmo var: «[…] kjent for sin rause porsjon med humor, sin frodighet og sine saftige replikker.»[148] VG oppfatta Hanna Kvanmo som ein person som var morosam og ei som kunne seia i frå med ein god replikk. Her vart Hanna Kvanmo lagt til kvalitetar som at ho var sjenerøs og morosam og som gjorde at ein kunne få eit godt bilete av ho. Det at ho vart omtala som ho hadde ein god porsjon med humor er noko som ho vart kjend for og som vart ein typisk kvalitet forbunde med Hanna Kvanmo. I førre kapittel såg me også at ho hadde sans for det morosame då ho på eit bilete glefsa til fotografen og låg på bakken etter in sykkelvelt. At Hanna Kvanmo stod fram som ei med sans for humor gjorde ho til ei som ikkje alltid måtte vere alvorleg og snakke om politikk. Dette er ein kvalitet som gjorde at ein vart positivt innstilt til Hanna Kvanmo.[149]

I valkampen i 1983 byrja Hanna Kvanmo og verta eit kjend namn for alvor.[150] I august same året vart Hanna Kvanmo saman med Carl I. Hagen kalla toppolitikar av VG. At ein er på toppen tyder at ein er på eit høgt nivå og ein er blant dei beste.[151] Vidare i ei meiningsmåling som vart lagt fram i Aftenposten 23. September 1983 stod det skrive: «Kvanmo høyest ansette leder». Norsk Opinionsinstitutt (NOI) hadde intervjua vel 1000 personar over 15 år. Målinga var delt inn i to undersøkingar. Den eine undersøkinga vart gjort ved og spørja folk generelt og den andre undersøkinga tok for seg kva medlemmar i eit parti tykte om sin eigen leiar. Spørsmålet NOI stilte i undersøkinga var: «Mener De at NN gjør godt eller dårlig arbeide for sitt parti?» Politikarane i undersøkinga det vart spurt om var: Gro Harlem Brundtland (Arbeidarpartiet), Hanna Kvanmo (Sosialistiske Venstreparti), Jo Benkow (Høgre), Kjell Magne Bondevik (Kristleg Folkeparti) Johan J. Jakobsen (Senterpartiet), Carl I. Hagen (Framstegspartiet) og Hans Hammond Rossbach (Venstre). Av desse var det Kjell Magne Bondevik og Hanna Kvanmo som flest veljarar, 72 prosent, meinte hadde gjort godt arbeid for

---

[148] «Hanna Kvanmo gir seg ikke» (vg.no, publisert 5.7.1980).
Lokalisert 14.3.2011 på Verdsveven:
http://helevg.teknograd.no/index.php?selSearch=fulltextSearchAdv&sortby=docdate&fulltext=&dato=&fulltextadv=Hanna+Kvanmo&side=&datofra=01.05.1980&datotil=31.07.1980&pageDato=&pageSide=
[149] Ibid.
[150] Frank Rossavik, *Fra Kingsbay til kongensbord* (Frå korrespondanse med forfattaren april 2011), s.299.
[151] Stein Gauslaa: «Sånn er det» (vg.no, publisert 31.8.1983).
Lokalisert 14.3.2011 på Verdsveven:
http://helevg.teknograd.no/viewPage.php?uriId=05501619830831Ar00300&product=&docdate=19830831&page=3&part=&timestamp=431136000

partiet sitt. Til samanlikning kom Gro Harlem Brundtland på nest siste plass med 57 prosent som syntes ho gjorde ein god jobb for partiet og 44 prosent syntes at Hans Hammond Rossbach gjorde ein god jobb. Vidare var Hanna Kvanmo ifylgje undersøkinga den kvinnelege partileiaren som fekk best karakter av sine eigne partikollegaer. Heile 97 prosent i Sosialistisk Valforbund meinte at ho gjorde eit godt arbeid.[152] Dette var partikollegaer som i 1974 var usikre på om dei ville at Hanna Kvanmo skulle fortsetje som Stortingsrepresentant.[153]

Den tredje juli 1984 vart ei undersøking lagt fram i aftenposten. Overskrifta var: «Kvanmo nr. 1». Denne gongen spurte NOI/Aftenposten korleis veljarane oppfatta topp-politikarane sin innsats for sitt eige parti. Politikarane det vart spurt om var Gro Harlem Brundtland (AP), Hanna Kvanmo (SV), Jo Benkow (H), Kjell Magne Bondevik (KrF) Johan J. Jakobsen (SP), Carl I. Hagen (FrP) og Odd Einar Dørum (V). Hanna Kvanmo var den som fekk høgast poengsum både blant veljarar og eigne medlemmar i partiet. Ho var også den som var best likt blant kvinner. Heile 87 prosent meinte at Hanna Kvanmo gjorde ein god jobb for SV. Undersøkinga peika også på at respekten for Hanna Kvanmo auka med inntekta til dei spurde. 90 prosent med inntekt over 160 000 kroner og 81 prosent med inntekt under 100 000 kroner gav ho gode skussmål for arbeidet hennar for SV. Vidare var Hanna Kvanmo like godt likt blant LO sine rekkjer som blant organiserte i andre organisasjonar.[154] Denne undersøkinga viser at Hanna Kvanmo var ei dame og politikar som famna om mange. Ho var godt likt både i partiet og blant vanlege folk.

## 5.2 «Årets namn»

Mot slutten av den tredje perioden Hanna Kvanmo satt på Stortinget, i 1985 vart ho eit stort namn.[155] Noko som stadfester dette er ein artikkel i Aftenposten 28. desember dette året. Aftenposten skreiv at i Dagbladet vart Hanna Kvanmo kåra til årets namn blant kvinnnene. Blant mennene var det kongen som vart «årets namn». Ifylgje ei spalta skriven i 1985 i Aftenposten var det spådd på førehand at ho kom til å verta årets namn og det var heller inga

[152] Morten Malmø, «Dårlig «karakter» for Gro»(aftenposten.no, publisert, 23.10.1983).
Lokalisert 25.2.2011 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/45472/1
[153] Frank Rossavik, *Fra Kingsbay til kongens bord* (Frå korrespondanse med forfattaren april 2011), s. 173.
[154] Thorleif Andreassen "Beste karakter til Kvanmo" (aftenposten.no, publisert 3.7.1984).
Lokalisert 25.2.2011 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/76202/1
[155] Frank Rossavik, *Fra Kingsbay til kongens bord* (Frå korrespondanse med forfattaren april 2011), s. 305.

overrasking at Hanna Kvanmo vann. I spalta står det vidare at Hanna Kvanmo godt kunne få utmerkingar for å verta «årets namn», det har ikkje blitt utdelt før, men spaltisten skriv at det hadde nok vore fordi titlane ikkje hadde gått til dei som var «helt verdige».[156] Å verta utnemnt til «årets namn» kan assosierast med at i løpet av eitt særskild år er det ein person som har utmerkja seg, meir enn andre, på ein eller fleire måtar. Hanna Kvanmo viste seg og vera veldig folkeleg og intelligent. Dette gjorde inntrykk. Ei kvinne hadde, ifylgje Aftenposten, sagt om Hanna Kvanmo at: "Hun er et godt menneske, holder de høye herrer litt på avstand."[157] Ho var ein politikar som engasjerte seg i saker som andre politikarar ikkje ville røre. Desse sakene var viktige for vanlege folk og var med på og gjera ho populær.[158] Det bidrog nok også til at spaltisten ville gje Hanna Kvanmo ei medalje i 1985 for innsatsen ho hadde gjort på Stortinget. Meiningsmålinga var truleg ikkje særleg vitskapleg, men den gjev likevel ein god peikepinn på kva meining folk hadde og kva folk syntes om Hanna Kvanmo både som person og politikar. I tillegg vart Hanna Kvanmo, ei kvinne med dom for landssvik plassert i same kategori som kongen. Dette viser at ho var ein rehabilitert landssvikar allereie i 1985.

I boka *Derfor* skreiv Hanna Kvanmo om undersøkinga nemnt over og ho skreiv at ho likte ikkje og verta framheva framføre politikken. Skulle det likevel føra til at SV fekk nokre ekstra stemmer, vart ho glad for det skreiv ho. Hanna Kvanmo skreiv også at ho vart glad, sjølv om meiningsmålingar som dette vart fort gløymt og dei betydde ikkje noko. Hanna Kvanmo fortel at ho vart like overraska kvar gong. Ho prøvde og arbeida med seg sjølv og prøvde å vera ærleg og oppriktig og ikkje spela ei rolla eller gjera seg meir viktig enn ho var. «Kanskje det er dette folk setter pris på. At jeg er et noenlunde ekte menneske.»[159] Uttalingar som dette var med på og gjera Kvanmo til ei populær dame, ei slags «politikkens popstjerne» som ho var kalla i VG i september 1989.[160]. Ho var ærleg og ekte og framstilla seg sjølv som ho var. Dette gjorde ho til ein politikar som skapa mindre avstand mellom Hanna Kvanmo som

---

[156] «Politikk – smøret på brødet» (aftenposten.no, publisert 28.12.1985).
Lokalisert 3.3.2011 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/70833/2/?query=Hanna Kvanmo+kvanmo
[157] «I Norge for tiden» (aftenposten.no, publisert 28.11.1986).
Lokalisert 4.3.2011 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/71913/18/?query=Hanna Kvanmo+kvanmo
[158] Frank Rossavik, *Fra Kingsbay til kongens bord* (Frå korrespondanse med forfattaren april 2011), s. 305f.
[159] Hanna Kvanmo, *Derfor* (Oslo, 1985), s. 105-106.
[160] Olav Versto: «Politikkens popstjerne» (vg.no, publisert 4.9.1989).
Lokalisert 14.3.2011 på Verdsveven:
http://helevg.teknograd.no/viewPage.php?uriId=05501619890904Ar00301&product=&docdate=19890904&page=3&part=&timestamp=620870400

politikar på Stortinget og veljarane. Det gjorde ho til ei kvinne og politikar som var lett og like.

Hanna Kvanmo vart også etter kåra til den best likte politikaren i 1986. Aftenposten spurde om kven av seks politikarar ein likte best. Hanna Kvanmom kom på fyrsteplass med ein tredjedel av stemmene. Høgre sin statsmininsterkandidat på det tidspunktet, Rolf Presthus fekk 17 prosent av stemmene og på tredjplass kom dåverande statsminister Gro Harlem Brundtland med 16 prosent av stemmene.



LES

1. SEKSJON

Maskert mann ranet bank for 185 000 kroner
Side 4

Ble Jesus egentlig født 6. januar?
Kronikk, side 6

Været idag
Side 7

Løslatt lyriker ber for medfanger i Sovjet
Utland, side 8

OECD: Større ubalanse i USAs økonomi
Næringsliv, side 11

Høyere oljepris, men svak krone
Næringsliv, side 11

2. SEKSJON

Aktuell debatt
Side 13

ANNONSER
Næringsl. mark. ..... 14
Underv. - Instr. ...... 14
Salg-Kjøp-Tjen. ..... 15
Dødsfall ............. 16

2. SEKSJON

Karlstad best i det aller lengste løp?
Sporten

Julerush på barnas kontakttelefon
Siste side

ANNONSER
Kunngjøringer ...... 21
Mistet - Funnet ...... 21
Eiend.markedet ..... 21
Faglig ass. ........... 21
Reiselivet ............ 22
Båt - Bil - Fly ........ 22
Stillingsmark. ....... 25
Religiøse møter ..... 30
Underholdning ...... 30

HØR

Aftenpostens Radioavis

Kl. 06.30—08.30:

● Hanna! Hanna! — og Rolf? Den tunge arven efter Willoch.

● God jul for olje-Norge, men godt nyttår?

● Reagan: Konge beleiret i det Hvite Hus.

● Ukens navn: Julenissen.

Kl. 16.30—17.30:

● Nyheter, aktuelt, vær, trafikkrapporter og musikk.

Kl. 06.00—18.00
● Nyheter hver hele time.

**Høyest pris på fekterne**

Mens hver fotballspiller i gjennomsnitt får 18 kroner i NIF-tilskudd, får hver fekter 1435 kroner. Side 20

**Hest trekker snart flest**

Norsk hestesport seiler i medvind, også publikumsmessig. I 1987 kan vi oppleve at hest trekker flest. Side 19

**Bildebok for svaksynte**

Bibliotekar Tone Mæle (bildet) jubler over at svaksynte får Prøysens «Snekker Andersen og julenissen». Siste side

**Litt bedre råd, nesten lik skatt**

● De fleste grupper får litt forbedret kjøpekraft. Prisstigningen iår er på 7,2 prosent og industriens konkurranseevne er bedret med én prosent, opplyser Det tekniske beregningsutvalget.

● Totalt sett blir det ikke store skattendringer for folk flest, sier skattedirektøren. Men lønnsøkningen — nominelt sett — vil gi utslag i skattetallene.
Side 11 og siste side

**Rolid stilles for tysk rett**

Drapsiktede Helle Rolid (bildet) og Tom Arne Kubica skal utleveres fra England til Vest-Tyskland. Begge anker den engelske domstols avgjørelse. Igår presenterte Dreyer forlag Rolids bok om det som førte frem til drapet på hennes samboer Rolf Koch. Side 4

**Trygt, men dyrt å lagre eget blod**

Norske sykehus bør oftere la pasienter være sine egne blodgivere før planlagte operasjoner. Det kan avlaste blodbankene noe, mener spesiallege Erik Dillerud. Innvendingene går ut på at det er dyrt og at metoden bare kan gjelde et fåtall blodoverføringer. Side 4

**Til topps**

SKAL JEG BEVARE POPULARITETEN, ER DET VISST BEST Å KUTTE UT POLITIKKEN

SKAL JEG VÆRE EN EVIG TOER?

1

2

3

TEGNING: JAN O. HENRIKSEN

Hanna Kvanmo jubler. Hun er den politiker Norge liker best. På en måling fra Gallup/NOI «scorer» hun bedre enn både statsministerkandidat Rolf Presthus og statsminister Gro H. Brundtland. Side 3

**Kinas politi tøyler uro**

Kinesisk politi skjerper tonen: Enhver som demonstrerer uten tillatelse, kan bli arrestert. Shanghai-politiet stanset et tillyst massemøte igår.
Side 2 (leder) og 8

**Førjuls kirkestrid**

Det er årviss kirkestrid foran julefeiringen i Betlehem. Tre trossamfunn slåss om vask av Fødselskirken. For to år siden måtte politi og soldater skille dem. Side 9

**Sne ga kaos i Bergen**

Side 4

Vi ønsker våre kunder og forbindelser en God Jul og et Godt Nyttår.
Lørdag 27. desember holder vi stengt.
GUNNAR ØYE
MEN'S FASHION
BOGSTADVEIEN 52 · OSLO 3

JULETILBUD
TILBUDSPERIODE: Uke 52
LAMMESTEK KUN 64^80
1/1 – pr. kg.
KLEMENTINER KUN 9^90
Store, pr. kg.
PIA HESTESKO 31^60 ord. pris 49,-
Iskake, 1,5 ltr.
Vi ønsker alle en riktig GOD JUL!
S
Disse tilbudene gjelder kun S-Markeder og Domus. Oslo S-lag

GODBITER
TIRSDAG - ONSDAG
RISKREM
3/4 liter 18,-
9^90
Simpson husholdnings-
SAFT
2,5 liter 49,-
19^90
EPA
TVEITA OG LINDERUD

1 dag igjen til jul
Julegaveforslag fra kr 50,- og oppover
6 års fullstendig garanti uten pristillegg på Farve TV hos BREDO
Bredo ønsker alle gamle og nye kunder en god jul og velkommen til romjulshandel med spesialpriser på noen varer
ALSOP • AP • BANG & OLUFSEN • BOSCH & BOSE • BLAUPUNKT • CERVIN VEGA • CLARION • FINLUX • GRUNDIG
HITACHI • JVC • LOEWE • PHILIPS • PIONEER • SALORA • SONY • TOSHIBA • SANSUI • NAKAMICHI
BREDO · STOR SHOPPING · BREDO · BREDO · BREDO
Utvidet åpningstid i desember.
BREDO STORTORVET Stortorvet 13 | BREDO STORO Storo Shopping 600 P-PLASSER | BREDO RÅDHUSET Fr. Nansens pl. 6 | BREDO BJERKE Trondheimsveien 275 ALLTID PARKERING! | BREDO SLOTTET Riddervolds gt. 12
SENTRALBORD 65 02 10 (22 19 00)
AVBETALING KJØPEKORT 0-KONTANT
BREDO
LANDETS STØRSTE SPESIALFORRETNING I TV-RADIO-VIDEO

[161] Bilete av framsida på Aftenposten 23.12.1986 viser ei karikaturteikning av mellom anna Hanna Kvanmo og vitnar om at forteljinga om Hanna Kvanmo endra karakter. Ei karikaturteikning er ei teikning der karakteristiske trekk av ein person vert gjeven att på ein forvrengt eller overdriven måte.[162] Teikninga viser Hanna Kvanmo som tronar øvst av alle

[161]Faksimile (aftenposten.no, publisert 23.12.1986).
Lokalisert 14.5.2011 på Verdsveven:
http://aftenposten.e-pages.dk/view/52900/72161/fullpdf/1.pdf
[162] «Karikatur» (snl.no)

politikarane på Stortinget. At ho står oppå Stortinget og att på til øvst viser at ho vart kåra til og vera den beste av alle på Stortinget. Hanna Kvanmo vart teikna som ei stor dame med kjole med talet nummer ein på brystet. Vidare har ho begge armane i været med to fingrar peikande oppover i teiknet «V» for victory. Over hovudet hennar står det skrive: «Skal jeg bevare populariteten, er det visst best å kutte ut politikken». Dette betyr at ein kunne ikkje vere både populær og politikar samstundes, men det var nettopp det Hanna Kvanmo klarte. Karrikaturteikningar kan vera ein ufarleg spøk, men det kan også vera at ein viser ein person sine svake side. Hanna Kvanmo sin er her at ho var ikkje eit bilete på det som vart rekna for og vera skjønt. Likevel kunne det vera ein styrke fordi det gjorde Hanna Kvanmo til ein person som såg ekte ut, ho hadde ikkje noko falskt over seg. På andre plass er Rolf Presthus teikna til høgre for Hanna Kvanmo. Han er også teikna mykje lavare enn Hanna Kvanmo med nummer to på brystet. I snakkebobla over hovudet på Presthus står det skrive: «Skal jeg være en evig toer?» Dette kan bety at han nådde ikkje opp, og ville heller aldri gjere det, til og verta like populær som Hanna Kvanmo. Gro Harlem Brundtland er teikna utan snakkeboble og i bakgerunnen og i av Hanna Kvanmo og i mindre størrelse. Ho ser nokså misnøgd ut. Karikaturteikninga viser godt den populariteten Hanna Kvanmo fekk framover i den undersøkte perioden i denne oppgåva.

I 1986 fylde Hanna Kvanmo 60 år og både Aftenposten og Verdens Gang omtala feiringa på Stortinget. Aftenposten skreiv om feiringa av bursdagen i Stortingsrestauranten og ifylgje avisa var det 15 personar som ville halda tale og ein av dei var stortingspresident Jo Benkow. Han kalla Hanna Kvanmo for «symbol på det sunne folkevett» og han såg «[…] hennes innsats som et bidrag til at politikkens omdømme bevares her i landet […].»[163] VG omtala også talen til Benkow, mens dei rapporterte at Jo Benkow omtala Hanna Kvanmo som «det personifiserte folkevett». Dette er omgrep som er nokså like, men også ulike. At Hanna Kvanmo var eit symbol kan her bety at ho var eit kjenneteikn på eigenskapar som passa til omgrepet folkevett. Å personifisere noko kan vera at ein som levande person gjer omgrep til noko levande ved kvalitetar og eigenskapar ein har. Folkevett kan bety at ein har god dømmekraft når det gjeld korleis ein skal vera og bør vera som menneske. Hanna Kvanmo vart sitt på som eit godt eksempel på korleis ein burde vera som menneske, dette gjorde også

Lokalisert 12.5.2011 på Verdsveven:
http://snl.no/karikatur
[163] Ole Johan Nilsen «Mitt livs fødselsdag» (aftenposten.no, publisert 16.6.1986).
Lokalisert 3.3.1986 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/71336/16/?query=Hanna Kvanmo+kvanmo

at ho vart framstilla på ein god måte og viser endring i folk sin oppfatninga av Hanna Kvanmo.

I Aftenposten i april 1986 vart det skrive ein artikkel om drag-gruppa The Great Garlic Girls. Gruppa fortel i intervjuet at Hanna Kvanmo var deira kultfigur.[164] Vidare den 22. Desember 1990 stod fylgjande skrive i Aftenposten: «fru Hanna Kvanmo (SV), av enkelte oppfattet som […] guddommelig […].»[165] Hanna Kvanmo vart her framstilla som ein person som var overjordisk. At ein person er ein kultfigur, tyder at ein vert dyrka og forguda som eit førebilete av ei gruppe eller ein kultur.[166] Omgrepet guddommeleg gjev assosiasjonar til ein guddom eller noko som ikkje er av denne verda, men høgare enn menneska og som hadde særskilde krefter. Hanna Kvanmo var kultfiguren til The Great Garlic Girls, på den måten var ho ei kvinne dei såg opp til og ho hadde kvalitetar som dei sette pris på hjå eit menneske. Denne omtalen av Hanna Kvanmo er utruleg på den måten at det er ein person som blei oppheva til og nærast vera ein person ein tilbad gjennom rituelle handlingar. Omtalen viser også at Hanna Kvanmo famna om mange ulike grupper i samfunnet, det var ikkje berre i éi særskild gruppe ho var godt likt.

I 1986 hadde Aftenposten eit intervju med Hanna Kvanmo i forbinding mad at ho fylde 60 år dette året.

> “Jeg er et vanlig kvinnfolk fra Nord-Norge! Hanna Kvanmo, 60 år i dag, er beskjeden på egne vegne. Men her tar hun feil. Hun er en høyst uvanlig dame, uansett landsdel. Hun er Norges mest populære politiker. Hun er en lederskikkelse i et parti som har utrettet mer enn størrelsen skulle tilsi. Hun er en av landets sentrale parlamentariker”[167]

---

[164] Mona Levin, «Gutt – jente?» (aftenposten.no, publisert 19.04.1986).
Lokalisert 3.3.2011 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/71153/48/?query=Hanna Kvanmo+kvanmo

[165] Knut Bøckman: «Bare spinkle piskesmell før jul» (aftenposten.no, publisert 22.12.1990).
Lokalisert 4.3.2011 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/70565/1

[166] «Kultfigur» (ordnett.no).
Lokalisert 12.5.2011 på Verdsveven:
http://www.ordnett.no/ordbok.html?search=kultfigur&search_type=&publications=2&publications=3&publications=6&publications=17&publications=20&publications=23&publications=33&publications=36&publications=1&publications=5&publications=11&publications=12&publications=13&publications=14&publications=18&publications=19&publications=21&publications=22&publications=34&publications=35&publications=9&publications=10&publications=7&publications=8&publications=15&publications=16&publications=29&publications=30

[167] Hans Chr. Erlandsen, «Uvanlig innslag fra nord» *Aftenposten* (Oslo, 1986, 14.08).
Artikkel frå korrespondanse med Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek.

I denne artikkelen vart Hanna Kvanmo kalla både ein populær og ein sentral politikar og ein leiarskikkelse. Ho vart sitt på som ei som var godt likt av mange og ei som var i sentrum av politikken. Ei som var med på dei viktige avgjerslene på Stortinget og ein av dei viktigaste politikarane i landet. At ein er ein leiarskikklese kan vera at ein er kunnskapsrik flink til å formidla gode haldningar, god til å lytta og har evne til å ta gode avgjersler. Her fekk Hanna Kvanmo veldig god omtale som politikar, som om ho var ein av dei få verkeleg gode politikarane og som var godt likt av mange, uansett kva del av landet ein snakka om. Artikkelen er eit godt døme på korleis Hanna Kvanmo vart meir og meir framheva som både person og politikar med framifrå kvalitetar. Vidare vart Hanna Kvanmo i ein artikkel i Aftenposten 18. Desember 1989 kalla «SVs ubestridte leder».[168] I tillegg til og verta kalla ein leiarskikkelse i Aftenposten vart Hanna Kvanmo i same avis også sitt på og framstilla som ein leiar av Sosialistisk Venstreparti, som var utan konkurrentar i det politiske partiet og som det ikkje fantes sidestykke til.

## 5.3 Kvinne

Fleire karakteristikkar og omtale av Hanna Kvanmo gjekk ut på at ho var kvinne og dei kvalitetane som fylde med hokjønnet.

I eit intervju med VG 26.7.1986 kalla skodespelar Helge Jordal Hanna Kvanmo for eit «skikkelig kvinnfolk».[169] Vidare i Aftenposten mars 1989 står det skrive at «vaktemesteren» (skikkelsen til skodespelaren Trond Viggo Torgersen) hadde helst på «mor».[170] Den 11.9.1989 vart Hanna Kvanmo i eit lesarinnlegg i VG kalla «Politikkens idealkvinne».[171] Hanna Kvanmo vart også kalla eit «grepa kvinnfolk» i Aftenposten i april 1988. Her er det

[168] Lars Hellberg «Ironisk iakttager» (aftenposten.no, publisert 18.12.1989).
Lokalisert 4.3.2011 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/37956/archive/demo/?page=1
[169] Anne Teurmann-Nielsen: «Om å være mann» (vg.no, 26.7.1986).
Lokalisert 14.3.2011 på Verdsveven:
http://helevg.teknograd.no/viewPage.php?uriId=05501619860726Ar00400&product=&docdate=19860726&page=4&part=&timestamp=522720000
[170] «Møte dagbok» (aftenposten.no, publisert 3.3.1989).
Lokalisert 4.3.2011 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/75719/archive/demo/?page=8&query=Hanna+Kvanmo
[171] Mary Johanne Eide: «Store ord – og stygge ord» (vg.no, 11.9.1989).
Lokalisert 14.3.2011 på Verdsveven:
http://helevg.teknograd.no/index.php?selSearch=fulltextSearch&sortby=docdate&fulltext=Hanna+Kvanmo&dato=11.09.1989&search_button1=+S%C3%B8k+&fulltextadv=&side=&datofra=&datotil=&pageDato=&pageSide=

fleire karakteristikkar som gjekk på at Hanna Kvanmo var kvinne. At ho vart omtala som mor kan vera at Hanna Kvanmo vart sitt på som ei mor som var på Stortinget og tok dei gode og riktige avgjerslene for folk i Noreg som kunne vera borna som ho passa på. Samstundes vart ho også omtala som eit skikkeleg kvinnfolk, noko som ein kan assosiera med og vera ei arbeidsam kvinne og ei som har god drivkraft til og få saker gjennomført. Hanna Kvanmo vart også kalla idealkvinne. Eit ideal kan assosierast med og vera eit døme på slik ein burde vera, ein er eit slags førebilete fordi ein er fullkommen. Hanna Kvanmo vart sitt på som slik ein stortingsrepresentant skulle vera på Stortinget, eit førebilete for andre, meinte kvinna som kalla ho for idealkvinne. Eit grepa kvinnfolk kan assosierast med og vera ei god kvinne og kan også samanliknast med og vera eit skikkeleg kvinnfolk, som Hanna Kvanmo også vart kalla ovanfor. Ein anna gong Hanna Kvanmo vart kalla mor var i VG den 2. mai 1985 då ho og Einar Gerhardsen vart kalla for "landets to mest populære folketalere […] «Moderen» og «faderen» på mange måter."[172] Artikkelen handla om at Einar Gerhardsen og Hanna Kvanmo skulle ha heldt 1. mai tale saman i Narvik, men Gerhardsen hamna på sjukehus. «Moderen» og «faderen» kan ein sjå på som morosame ord for mor og far. Hanna Kvanmo vart her sett i samband med Einar Gerhardsen som er blitt sitt på som ein av dei som bygde opp landet etter krigen då han var statsminister. Ein motsetnad til Hanna Kvanmo, som i etterkrigstida fekk ein dom for landssvik. Dette viser at ho vart sitt på som rehabilitert og kommen tilbake til samfunnet att.

## 5.4 Norges best likte politikar

«Hanna Kvanmo er fortsatt Norges best likte politiker» stod det skriven i Aftenposten i september 1986. Gallup/NOI gjorde ei undersøking for Aftenposten der dei stilte spørsmålet: «På dette kortet er oppført navnene på seks politikere i alfabetisk rekkefølge, én frå hvert av de seks partier. Hvilken av disse liker De best? Nest best? Og dernest?» På fyrsteplass kom Hanna Kvanmo med 31 prosent av stemmene. Dei neste plasseringane gjekk til Kåre Willoch med 26 prosent, Gro Harlem Brundtland med 19 prosent, Kjell Magne Bondevik fekk 9 prosent, Carl I. Hagen kom på nest siste plass med 7 prosent og på siste plass kom Johan J. Jakobsen fekk 6 prosent av stemmene. I denne undersøkinga, skreiv Aftenposten, var Hanna

---

[172] Arve Øverby: «Å, Einar, som jeg hadde gledet meg» (vg.no, publisert 2.5.1985).
Lokalisert 14.3.2011 på Verdsveven:
http://helevg.teknograd.no/viewPage.php?uriId=05501619850502Ar00300&product=&docdate=19850502&page=3&part=&timestamp=483840000

Kvanmo mest populær blant kvinner, mens Hagen var mest populær blant menn. Hanna Kvanmo var også mest populær i alle grupper i samfunnet, bortsett frå storbyane, der Kåre Willoch var øvst på lista. Blant folk med høg inntekt og utdanning kom Hanna Kvanmo betre ut enn Willoch gjorde.[173]

Endå ei spørjeundersøking vart gjort av NOI i desember 1987 for Aftenposten og Hanna Kvanmo kom på topp endå ein gong. Ein tredjedel av dei spurde svara at dei likte SV sin parlamentariskeleiar best. Ho auka stadig forspranget til dei andre politikarane rapporterte Aftenposten. På andre plass i undersøkinga kom Rolf Presthus med 16 prosent av stemmene og tredjeplass gjekk til dåverande statsminister Gro Harlem Brundtland med 16 prosent av stemmene. Hanna Kvanmo var ifylgje Aftenposten i denne meiningsmålinga best likt i nesten alle samfunnsgrupper, og blant dei med høg inntekt og utdanning. Det er blant dei eldste at Hanna Kvanmo ikkje scora høgst, her var Rolf Presthus (Høgre sin statsministerkandidat etter Willoch) og Gro Harlem Brundtland dei politikarane som var best likt. Ein anna stad Rolf Presthus kom foran Hanna Kvanmo var geografisk sett og det var i Oslo/Akershus.[174]

Dei to spørjeundersøkingane nemnt ovanfor er døme på kva stilling Hanna Kvanmo hadde blant vanlege folk. Det er ei stor endring i haldninga mot Hanna Kvanmo når ein samanliknar med den fyrste spørjeundersøkinga som vart nemnt i denne oppgåva. Den vart utført i mars 1974 og stor parten av dei spurde svara at ein som var dømd for landssvik burde ikkje kunne veljast til Stortinget. Dei to undersøkingane gjort i høvesvis 1986 og 1987 viser ei stor endring i haldninga til Hanna Kvanmo. I 1986 var ho meir populær enn både Kåre Willoch og Gro Harlem Brundtland og ho var mest populær blant alle grupper i samfunnet, unnateken i byane der Willoch var best likt. Hanna Kvanmo var likt av alle lag i samfunnet, noko som viser kor mange hennar politikk og person kunne famne om og som gjorde ho så populær. I 1984 vart Hanna Kvanmo kalla eit triumfkort for partiet sitt i Aftenposten.[175] Ho viste seg som ei folkeleg dame som kunne famne om så mange ulike samfunnslag på den måten at mange kunne finne noko i Hanna Kvanmo som dei kjende igjen frå seg sjølv.

---

173 ”Harlem Brundtland lite populært blant Ap.-sympatisørene” (aftenposten.no, publisert 26.9.1986). Lokalisert 4.3.2011 på Verdsveven: http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/71698/5/?query=gallup

174 Bjørn Talén ”Presthus så vidt foran statsministeren” (aftenposten.no, publisert 23.12.1986). Lokalisert 15.11.2010 på Verdsveven: http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/72161/1

175 Thorleif Andreassen: «Beste karakter til Kvanmo»(aftenposten.no, publisert 3.7.1984). Lokalisert 25.2.2011 på Verdsveven: http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/76202/archive/demo/?page=3&query=Hanna+Kvanmo

## 5.5 «Unik» og «uredd»

Hanna Kvanmo vart lagt til ulike eigenskapar som gjorde at ho kom i godt lys, samstundes som dei viser korleis vanlege folk såg på ho.

I ein anna artikkel i Aftenposten, denne gongen 30.04.1988, vart Hanna Kvanmo omtala på denne måten:

> «En ganske unik politikertype. Hanna Kvanmo er uredd, viser temperament og fører et direkte og saftig språk. Hennes evne til å få frem det politiske budskap kan sammenlignes med Hagens, men Kvanmos utseende gir henne større troverdighet[…]».[176]

Her vart Hanna Kvanmo kalla for unik, uredd og truverdig. At ein person er unik kan bety at ein er einestående, det er ein type person som det ikkje er mange av. Hanna Kvanmo som type har det berre vore ein av i norsk politikk. Hanna Kvanmo var unik på fleire måtar. I 1985 meldte VG at den engelske avisa *The Guardian* hadde omtala Hanna Kvanmo som «den siste generasjon av self made politikere fra enkle kår.»[177] At ein er self made kan assosierast med at ein har arbeida seg opp frå tronge kår til suksess, som i The American Dream eller som eit slags norsk eventyr der Oskeladden satt i oska og ingen hadde tru på at han kunne klare og vinne prinsessa og halve kongeriket. Trass i dom for landssvik og ein vanskeleg oppvekst arbeida Hanna Kvanmo seg opp til og verta ein del av norsk toppolitikk og «SVdronning». Vidare vart Hanna Kvanmo i eit lesarinnlegg i VG juli 1985 kalla Hanna Kvanmo: "Ener i norsk politikk. «[…] hun vet så mye om det hun snakker om at hun behøver ikke manuskript.»[178] Hanna Kvanmo sin ekstreme folkelegheit gjorde inntrykk på folk. Hanna Kvanmo sa fylgjande i eit intervju: «Jeg snakket sånn at folk forsto meg – snakket alminnelig bra norsk som de forsto. Jeg sto ikke og leste opp fra stortingsproposisjonen fra talerstolen sånn som enkelte hadde for vane».[179] Ordet «ener» kan assosierast med å vera ein framifrå

[176] Torstein Hvattum: «Politiker til salgs» (aftenposten.no, publisert 30.4.1988).
Lokalisert 15.11.2010 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/74751/archive/demo/?page=22&query=Hanna+Kvanmo

[177] «Siste av de gamle» (vg.no publisert 26.8.1985).
Lokalisert 14.3.2011 på Verdsveven:
http://helevg.teknograd.no/index.php?selSearch=fulltextSearch&sortby=docdate&fulltext=Hanna+Kvanmo&dato=26.08.1985&search_button1=+S%C3%B8k+&fulltextadv=&side=&datofra=&datotil=&pageDato=&pageSide=

[178] Otto A. Bjørknes: «Ener i norsk politikk» (vg.no, publisert 31.7.1985).
Lokalisert 14.3.2011 på Verdsveven:
http://helevg.teknograd.no/viewPage.php?uriId=05501619850601Ar02700&product=&docdate=19850601&page=26&part=&timestamp=486432000

[179] Frank Rossavik, *Fra Kingsbay til kongensbord* (Frå korrespondanse med forfattaren i april 2011), s. 306.

dyktig person. Ein person som er best som til dømes Hanna Kvanmo vart sitt på som ein av dei beste i politikken fordi politikken og bodskapen hennar hadde ho erfart sjølv og det gjorde ho truverdig fordi ho snakka av erfaring. Vidare vart Hanna Kvanmo også kalla uredd, noko som kan assosierast med at ein ikkje fryktar noko eller nokon, ein er ein modig person og ein vågar å stå fram med meiningane sine. Dette er eit av dei særtrekka Hanna Kvanmo hadde, ho var ikkje redd for og seia i frå og var kjend for replikkane sine. Hanna Kvanmo vart også sitt på som ein truverdig person på grunn av sin utsjånad. Ho var autentisk og ho var seg sjølv og på den måten skapa Hanna Kvanmo tillit og truverde.

I 1989 kalla Lars Hellberg Hanna Kvanmo for «samlingsfigur». Ordet vart brukt i ein artikkel i Aftenposten som handla om at Framstegspartiet fekk fleire veljarar. Ein kunne få nye velgarar til SV «forutsatt […] at partiet overlever utan Hanna Kvanmo som samlingsfigur. […]» Å vera ein samlingsfigur kan ein assosiera med at ein samlar ei stor gruppe folk til fellessak. Vidare i ein anna artikkel i Aftenposten den 15. desember 1989 var overskrifta: «SVmadonna i bokform». Året etter, nærare bestemt 18.06 1990 skreiv Aftenposten ein artikkel om Hanna Kvanmo der dei kalla overskrifta: «SVdronningens blandede kapitler.» Artikkelen vart skrive i forbindelse med at Hanna Kvanmo gav ut boka *Dommen* dette året.

> «Hanna Kvanmos memoarer bevoktes omtrent.. som kronjuvelene. Det har lenge vært kjent at hun skriver bok, men først nå at utgivelsen skjer på Gyldendal […]. Nøkkelpersoner som Aftenposten har vært i kontakt med, og som har lest deler av boken, er både imponert og begeistret. […] Alt direktør Skartveit (i Gyldendal) er villig til å si, er at Kvanmos erindringer er meget velskrevne, i et godt og effektivt sprog. Det er et ærlig og engasjert dokument […]»[180]

Ho vart omtala som ein samlingsfigur, madonna, dronning, og memoarane hennar vart kalla for kronjuvelane. Her vart Hanna Kvanmo omtala på ein måte som kan assosierast med og vera ein kvinneleg monark og ein monark kan vera ein som herskar åleine. Det er som Hanna Kvanmo vart sitt på som ei som herska åleine i norsk politikk. Hanna Kvanmo vart også kalla samlingsfigur, og ein monark er ein samlingsfigur på den måten at personen foreinar ein nasjon og ein kan også vera eit symbol for ein nasjon. Ein monark kan til dømes vera ei

[180] Mona Levin: «SVdronningens blandede kapitler» (aftenposten.no, publisert 18.6.1990). Lokalisert 16.11.2010 på Verdsveven: http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/69384/archive/demo/?page=43&query=Hanna+Kvanmo

dronning, som Hanna Kvanmo vart kalla i Aftenposten i 1989. Vidare vart Hanna Kvanmo kalla madonna, eit ord som er italiensk og tyder «mi herskarinne». Hanna Kvanmo vart sett i samanheng med og vera ei som herska og boka hennar vart halde vakt over som boka *Dommen* som var kronjuvelane hennar. Kronjuvelar er noko som vert halde ned låst og ikkje teke fram før det er bruk for dei, dei kan også vera verdifulle og må difor passast godt på. Boka vart her sitt på som noko av verdi, kanskje på grunn av innhaldet, som ein visste handla om den vanskelege fortida til Hanna Kvanmo. Historia måtte ikkje komme ut før boka vart lagd ut for sal.

## 5.6 Bilete

I forbinding med at Aftenposten feira sin eigen 125-årsdag 14. mai 1985 gav avisa ut ei jubileumsavis. På side to og tre i avisa var det eit intervju med dåverande statsminister Kåre Willoch (H), tidlegare statsminister Odvar Norli (AP), Sissel Rønbeck (AP) og Hanna Kvanmo (SV).[181] Sjølve intervjuet blir ikkje analysert her, det som er interessant her er bilete som vart brukt til intervjuet (sjå bilete neste side). Ei kvinne som var dømd for landssvik og nærast pressa ut av Stortinget vart avbilda saman med då-verande statsminister og ein tidlegare statsminister.  Dette var utenkeleg då saka mot Hanna Kvanmo stod på nyåret 1974. Biletet symboliserer godt forvandlinga og rehabiliteringa Hanna Kvanmo gjekk gjennom. Biletet stadfestar at ho hadde kommen inn i varmen att og var teken tilbake til samfunnet. Det viser også at Hanna Kvanmo hadde jobba seg opp til å verta ein del av topp-sjiktet i politikken.

[181] Lars Hellberg: «Velferdens epoke» (aftenposten.no, publisert 14.5.1985).
Lokalisert 14.3.2011 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/69720/archive/demo/?page=74&query=Hanna+Kvanmo




Fra venstre statsminister Kåre Willoch (h), Sosialistisk Venstrepartis parlamentariske leder Hanna Kvanmo, stortingsrepresentant Sissel Rønbeck (a) og tidligere statsminister, stortingspresident Odvar Nordli (a).

[182]

---

[182] Foto: Erik Berglund (aftenposten.no, publisert 14.5.1985).
Lokalisert 26.2.2011 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/69720/archive/demo/?page=74&query=Hanna+Kvanmo


Farvel, Hanna

*Den munnrappe*
*friskusen Hanna,*
*skal heretter tie,*
*men kan a'?*
*Nei, jeg tror nok,*
*så menn,*
*vi får hør'a igjen*
*— når Hurumprosjektet*
*har stranda . . .*
**Gunnar Flo**

*SVs Hanna Kvanmo.*

Den 22. Juni 1989 vart eit farvel-dikt, skrive av ein lesar i Aftenposten, publisert.[183] I 1990 vart Hanna Kvanmo pensjonist og har truleg difor tittelen «Farvel, Hanna». Diktet summerer opp typiske særtrekk ved Hanna Kvanmo som politikar. Ho var munnrapp og var ofte snar og gje eit svar eller ein kommentar på spørsmål og utsegn. Hanna Kvanmo var ein friskus på den måten at ho var fritalande, hadde ofte ein god replikk og var ein frisk pust på Stortinget til skilnad frå andre politikarar. Til og med Hanna Kvanmo sin argaste politiske motstandar Kåre Willoch sa at ho var «en som skilte seg fordelaktig ut frå andre politiske motstandere».[184] Utsegnet er forsiktig og rosar ikkje Hanna Kvanmo noko særleg, men det var likevel eit slags kompliment. Dette viser at til og med Hanna Kvanmo sin politiske motstandar sa noko positivt til og det ville ikkje Willoch ha gjort i 1974.

Bilete som Aftenposten brukte til diktet viser Hanna Kvanmo som ler. Avisa brukte eit bilete som viser eit typisk særtrekk for Hanna Kvanmo, at ho kunne le og at ho hadde humor.

[183] Gunnar Flo: «Farvel, Hanna» (aftenposten.no, publisert 22.6.1989).
Lokalisert 4.3.2011 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/76090/archive/demo/?page=8&query=Hanna+Kvanmo

[184] «Jeg har gjort min verneplikt» (aftenposten.no, publisert 25.10.1990).
Lokalisert 4.3.2011 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/70191/archive/demo/?page=10&query=Hanna+Kvanmo

## 5.7 Avslutning

I dette kapittelet har me sitt at det var ikkje lenger Hanna Kvanmo som omtala seg sjølv på ein positiv måte, men det var opposisjonen som gjorde det. Omtalen av Hanna Kvanmo var av ein slik art at Hanna Kvanmo vart gjort til noko overjordisk og større enn andre vanlege folk.

# 6. Inter Arma Caritas

Under vil det verta sitt på korleis Hanna Kvanmo framstilla seg sjølv i bøkene *Derfor* og *Dommen*. Det var Hanna Kvanmo som valde kva som skulle skrivast i bøkene og kva som ikkje skulle det. Bøkene er Hanna Kvanmo si utvalgde og redigerte historie om seg sjølv og me får berre lesa om det ho ville me skal lesa om. Det andre er valt vekk av grunnar ein berre kan spekulera i. Ved å fortelja om det Hanna Kvanmo fortel om i bøkene valde ho sjølv kva historier som skulle forteljast om ho.

## 6.1 «Slitets og fattig-Norges virkelighet»

Hanna Kvanmo fortalte i *Derfor* at ho var fødd inn i «slitets og fattig-Norges virkelighet».[185] Hanna Kvanmo fortel ved ulike høve i bøkene om mora som arbeida og ville klara seg sjølv og som var for stolt til å gå på fattigkassa.

> ”Vi var fattige. Men vi holdt *nøden* på god avstand – fordi mor alltid var så flink til å skaffe seg jobber. Mor tok alle slags jobber. Om høsten virka hun sild på kaia i Harstad. Slet for å gjøre mest mulig ut av akkorden. Eller hun tredde sild på fabrikken. Jeg husker henne komme hjem om kveldene. De søkkvåte klærne drev av saltlake. Det hendte hun var så stivfrossen og utslitt at hun ikke klarte å få av seg klærne, og jeg måtte dra dem av henne, plagg for plagg. […] Katinka Hansen var et arbeidsjern. For stolt til å gå på

[185] Hanna Kvanmo, *Derfor* (Oslo, 1985), s. 9.

> fattigkassa og be om hjelp. Ville klare seg selv og gå med rett rygg. Hun døde i 1968 – natten til den dagen hun skulle gå av med pensjon."[186]

For å få hjelp til å skaffa mat måtte kvinner gå til fattigforstandaren på kveldstid for å få matlapp. Denne matlappen kunne ikkje overstige fem kroner for ei veka. I kolonialbutikken måtte ein levere matlappen frå fattigkassa til betjeninga som veide matvarene omhyggeleg. Dei fleste gjorde det dei kunne for at ikkje andre skulle sjå at dei leverte ein lapp frå fattigkassa fortel Hanna Kvanmo i *Dommen*. Ho legg det fram slik at det på eit nærast heroisk vis at mora klarte og halda dei unna fattigkassa. Måtte ein gå til fattigforstandaren var det ei stor skam, ein kunne ikkje synka lågare. Hanna Kvanmo legg det fram slik at mor hennar sin daglege heroiske kamp for og overleva lykkast takka vere den ho var. Eit arbeidsjern og ei stolt dame som ikkje ville la seg drive til og gå på fattigkassa. Hanna Kvanmo framstillar livet sitt som ein einaste lang skule, dette kom godt fram då ho skreiv i boka *Dommen* at ho vart fortvila når Høgrepolitikarar ville på ny ville innføra matlappsystemet. Dei kunne ikkje vite kva dei gjorde.[187] På denne måten framstod Hanna Kvanmo som truverdig med erfaringa si.

Då Hanna Kvanmo byrja på realskulen trengte ho nye bøker og skrivesaker, det var eit problem fordi dei hadde dårleg råd. Hanna Kvanmo skreiv om mora som likevel fann ei løysing. I Harstad Bokhandel fekk ho betala halvparten med ein gong og resten fekk ho på avbetaling.[188] Det kunne komme veker der Katinka Hansen ikkje fekk noko arbeid. Mora hadde ein avtale med frøken Dahlberg og i hennar butikk fekk dei kjøpa det mest nødvendige på bok til dei kunne betala. «De visste at mor ville gjøre opp for seg.»[189]

Vidare budde dei ulike plassar med ulik standard. Hanna Kvanmo fortalte fleire gongar at dei hadde det reint trass i tronge kår. I *Dommen* skreiv Hanna Kvanmo at «Hjemme hos oss var det alltid «gullende reint»[190] Fire sider seinare i same boka skreiv ho om ein anna stad dei budde var malinga slitt på dører og golv, men dei haldt «gullende rent» også her. Ordet gullande vart her brukt som ei forsterking til ordet reint. Hanna Kvanmo og mora har hatt det veldig reint trass i tronge kår og lav standard der dei budde. Med dette er det som om ho sa at dei budde kanskje dårleg, men dei hadde det i alle fall reint og hygienisk. Hanna Kvanmo fortalte også om dei fattige som hadde given opp og lusa fekk gode vilkår. Hanna Kvanmo legg det fram slik at ho og mora var ikkje av desse fattige som hadde given opp og la lusa

---

186 Hanna Kvanmo, *Derfor* (Oslo, 1985), s. 12.
187 Hanna Kvanmo, *Dommen (*Oslo, 1990), s. 29.
188 Ibid, s. 57.
189 Hanna Kvanmo, *Derfor* (Oslo, 1985), s. 12.
190 Hanna Kvanmo, *Dommen (*Oslo, 1990), s. 25f.

herja. Hanna Kvanmo og mora heldt fattigdommen på god avstand, dei hadde det alltid reint uansett kor dårleg dei budde. Dei klarte seg også økonomisk fordi mora tok dei jobbane ho fekk og ho var til å stole fordi ho gjorde alltid opp for seg og difor fekk ho handla på avbetaling og kreditt i ulike butikkar.

Det er som om Hanna Kvanmo hadde meir kunnskap om det verkelege livet enn andre. Kunnskap som ho brukte i politikken, som ho kunne bruke til å ta gode politiske avgjersler sidan ho visste korleis det eigentleg var. Dette gjer at Hanna Kvanmo stod fram med god truverde.

## 6.2 Hjå tyskarane

Ein kan sjå på bøkene, særleg *Dommen* som ein måte for Hanna Kvanmo og reinvaska seg sjølv for kva rolla ho hadde under krigen. I bøkene skriv ho som om at ho ikkje gjorde noko galt under krigen, men derimot hjelpte både nordmenn som kom i vanskar og jødar som måtte flykta.

Til dømes då ho var kontordame på lønningskontoret hjå tyskarane. Her var Hanna Kvanmo kontorhjelp der dei norske arbeidarane fekk rekna ut lønningane sine. Jentene som jobba her måtte også trå til som tolk for Feldgendarmeriet (militærpolitiet) fortel Hanna Kvanmo i *Dommen.* Ifylgje Hanna Kvanmo dreia det seg som oftast om tjuveri frå tyskarane. Dei som vart tekne vart avhøyrd av militærpolitiet og stilte for retten dersom dei kunne bevise at dei var skuldige. Hanna Kvanmo fortalte i boka *Dommen* at det snart gjekk sport i å oversetja både spørsmål og svar slik at det vart vanskeleg å ta nokon. «Det gjaldt å hindre at de viklet seg inn i selvmotsigelser. Tyskerne skulle ikke få vite mer enn det de selv kunne bevise, slik at det ble minst mulig nordmennene kunne bli tatt for.»[191] Hanna Kvanmo lagar her eit uskuldig bilete av seg sjølv. Ho hadde arbeida for tyskarane og var med på husransaking og avhøyr, men ho framstilla det på ein positiv måte. Ho vikla ikkje nordmenn inn i meir bråk enn dei allereie var i. Det var nesten som ho redda dei frå fengsel. Hanna Kvanmo framstiller det slik at ho gjorde problema med tyskarane mindre alvorleg.

Eit anna høve Hanna Kvanmo fortalte om i *Dommen* var då ho var tolk for ei norsk kvinne under ein rettssak. Kvinna fekk dødsdom og Hanna Kvanmo fortel at ho fekk det til slik at Ortskommandanten trakk i trådar for å få dommen anka. Han fekk løfte om at dødsdommen

[191] Hanna Kvanmo, *Dommen (*Oslo, 1990), s. 66.

ikkje skulle eksekverast før anken var blitt handsama av krigsrettens øvste leiing i Narvik. Kvinna vart overført til eit fengsel i Narvik og Hanna Kvanmo fortel at ho reiste i forbøn for kvinna. Kommandanten hadde gjeve ho eit skriv som gjorde at ho nådde fram til oberstløytnanten som satt på saka. Kvinna vart benåda, fortel Hanna Kvanmo, ho fekk livsvarig fengsel, som på den tida betydde fram til frigjeringa i mai 1945. «Gestapo likte dårlig at jeg blandet meg inn i en dødsdom mot en norsk kvinne og gjorde det jeg kunne for å få henne benådet. Det var en fantastisk historie.»[192] Hanna Kvanmo seier sjølv at det var ei fantastisk historie og det var det og slik den vart framstilla. Den kan sjå ut til å verta brukt til å framstilla Hanna Kvanmo på ein heltemodig måte og ikkje som ein skurk som jobba for tyskarane.

Eit anna døme på at Hanna Kvanmo reinvaska seg sjølv var ulike gongar ho tok opp jødar i bøkene. På Feldgendarmeriet hadde ho høyrd at dei hadde fleipa med at statspolitiet skulle arrestera jødar. Hanna Kvanmo visste at Schotland arbeida hjå blikkenslagar Kristoffersen. Ein dag gjekk Hanna Kvanmo opp på verkstaden i ein bakgard og fortalde Kristoffersen det ho hadde høyrd. Han måtte snarast få Schotland og familien hans til å komma seg unna.[193] Ein anna gong Hanna Kvanmo omtala jødane var då ho fortel om tida i Berlin. Hanna Kvanmo og Irene skulle hente ein pakke medisinar på den andre sida av Berlin. Mens dei var ute den dagen såg dei ein del folk som sopa plassen framføre inngangen til ein jernbanestasjon. Dei var dårleg kledde og hadde ei gul stjerne sydd fast på brystet. «Det slo ned i meg – herregud, jøder! Det var altså sant det jeg hadde hørt. Man merket dem med en gul stjerne. Jeg ble stående som limt fast i bakken. Medfølelsen veltet opp i meg.»[194] Vidare på flukt frå Berlin i 1945 møtte Hanna Kvanmo og fylgje hennar konsentrasjonsleirfangar som var utsvelta, nokon gjekk på krykker og var uendeleg trøtte og slepa seg framover. Det var tyske vakter som jaga dei, fortalte Hanna Kvanmo i boka *Dommen*. Sjølvsagt hadde ho høyrd om konsentrasjonsleire, men at forholda var slik, hadde ho aldri førestilt seg skreiv Hanna Kvanmo i *Dommen*. Då Hanna Kvanmo var på ein gard i Tyskland, etter frigjeringa, fortalte ho i Dommen at det var der ho fekk vite den fulle og heile sanninga om konsentrasjonsleirane via radio og aviser som hadde bilete. «Særlig gjorde bildene fra Bergen-Belsen et dypt inntrykk på meg. Det var fryktelig. Grusomhetene var så ufattelige – så enorme.»[195] Det er som Hanna Kvanmo sa at ho hadde ikkje noko og gjera med utryddinga av jødane og gjera,

[192] I Hanna Kvanmo, *Dommen (*Oslo, 1990), s. 68f.
[193] Ibid, s. 73.
[194] Ibid, s. 100.
[195] Ibid, s. 115.

ho visste ingenting om handsaminga av jødane. Likevel seier ho at ho hadde høyrt at jødane var merkja med ei gul stjerna og ho hadde høyrt om konsentrasjonsleirane. Hanna Kvanmo fortalte at ho gav beskjed slik at ein jøde kunne flykta då ho arbeida hjå militærpolitiet. Ein kan sjå på det slik at Hanna Kvanmo tok opp temaet jødar sidan ho var på feil side under krigen. Ho vart aldri mistenkt for og ha gjort brotsverk mot jødar, men følet tydeligvis ei trong for og ta opp temaet likevel. På den måten sa ho at ho hadde gjort det ho kunne for å hjelpa jødar. Dette kan vera ein måte ho reinvaska seg sjølv på, ho fortalte at ho gjorde ikkje noko galt i forhold til jødar og på den måten ufarleggjorde ho tida hjå tyskarane endå meir.

Eitt av kapitla i *Dommen* heiter «Inter Arma Caritas» og betyr barmhjertighetn under krig. Tittelen fortel at Hanna Kvanmo ikkje tok side under krigen, men ville pleie soldatar uansett nasjonalitet. Hanna Kvanmo fortel også at ho ønska og verta sjukepleiar, samstundes ville ho vekk frå fattigdommen og vekk frå Harstad. Då ho fortel om tida i Tyskland presiserte Hanna Kvanmo at «Irene og jeg var Røde Kors-elever som siktet på full utdanning.[196] Det er som Hanna Kvanmo sa at ho var ute etter og ta ei utdanning og ikkje tenesetegjere for den tyske krigsmakta og deira ideologi. Ho hadde endeleg fått sjansen til og få draumen sin oppfylt og verta sjukepleiar.

Hanna Kvanmo reinvaska seg sjølv også ved og seie at ho pleia soldatar frå ulike nasjonar, det var ikkje berre tyske soldatar ho pleia. I *Dommen* skreiv Hanna Kvanmo at ho under heile krigen levde etter det prinsippet at ho skulle hjelpe nordmenn der ho kunne og når ho kunne. Dersom ho ikkje kunne hjelpe skulle ho ikkje gjere slik at nokon vart skada.

> «Vissheten om at jeg aldri har påført noen nordmann vanskeligheter eller skade under krigen, har holdt meg oppe i de mange stormene jeg har vært igjennom på grunn av de dumhetene jeg begikk i disse ungdomsårene. Jeg har kunnet se ethvert menneske i øynene uten frykt.»[197]

Hanna Kvanmo framstilla seg sjølv også her nokså uskuldig. Her framheva ho heller kor tøft det var at saka mot ho var i media i fleire månader enn det alvorlege faktum at ho gjorde teneste for den makta som hadde okkupert Noreg. Nokre sider seinare i same boka skreiv Hanna Kvanmo at ho visste at det var i strid med parolane frå London at ho gjorde teneste i Tysk Raude Kross. Når ho hadde forstått det, måtte ei jente som hadde vist seg flink på skulen

[196] Hanna Kvanmo, *Dommen* (Oslo, 1990), s. 98.
[197] Ibid, s. 79.

kunne forstå at det var ikkje særleg lurt og melde seg til teneste for Tysk Raude Kross. Likevel skreiv ho bok og framstilla seg så uskuldig som ho kunne.

## 6.3 Politiske ståstader

I bøkene *Derfor* og *Dommen* kom Hanna Kvanmo mellom anna med forklaringar på sine politiske ståstader.

I *Dommen* skreiv Hanna Kvanmo om hennar klassemedvit som vart vekka når ein lærar lyfta ein med elev av Hanna Kvanmo opp frå golvet etter øyra. Dette øyra hadde kjertelsykja, som var eit væskande sår ved rota av øyreflippen. Såret vart riven opp og det blødde. Hanna Kvanmo skreiv i *Dommen* at: «Jeg tror det var denne dagen min klassebevissthet ble vekket. Slik ville han aldri ha behandlet et av barna til kjøpmennene eller andre etablerte folk […]. Klara var en av mange søsken og faren hennes var arbeidsløs.»[198] Hanna Kvanmo fortel her at ho hadde reel kunnskap om det å leve med klasseskilje og kva ein person som høyrde til feil sjikt kunne oppleva av urettferd på grunn av sin stand. Også dette gjorde Hanna Kvanmo til ein truverdig politikar. Ho viste endå eingong at ho hadde opplevd urettferd på nært hald og hatt ein tøff barndom og på den måten gjorde ho seg fortent til og vera stortingsrepresentant. Ho hadde klatra oppover frå harde kår og eit vanskeleg utgangspunkt til og verta ein populær folkevald. Som nemnt tidlegare var ho ei kvinneleg Espen Oskeladd, som vann halve kongeriket ved og vise seg verdig og at ho fortente og komme tilbake til samfunnet etter ein dom for landssvik.

«Her ble mitt syn på abort formet» fortalte Hanna Kvanmo i boka *Dommen*: Mens ho låg på sjukehus opplevde ho at ein lege utførde ein abort på ei kvinne utan bedøving. Legen ville statuera eit eksempel og hindre at ho kom tilbake i same ærend. Denne historia gjorde Hanna Kvanmo til ein truverdig abortforkjempar. Ho hadde god kjennskap til kva som hende dersom ei kvinne vart anten tvungen til og bere fram eit barn ho ikkje hadde moglegheit til og forsørgja eller kvinna prøvde og ta abort sjølv. Dette visste ho meir om enn dei fleste at ein kunne ordna seg dersom ein hadde midlane til det. Hadde ein ikkje pengar måtte ein få seg ut av ein fortvila posisjon på andre måtar. Denne hendinga og andre historier i bøkene framstilla Hanna Kvanmo slik at ho hadde fyrste kjennskap til korleis det var i samfunnet under tronge kår. Dette gjorde Hanna Kvanmo truverdig og det gav ho integritet. Ho vart ein truverdig

[198] Hanna Kvanmo, *Derfor* (Oslo, 1985), s. 24f.

abortforkjempar fordi ho hadde opplevd korleis det kunne vera, «dette kan jeg mer enn dei fleste» skreiv Hanna Kvanmo fleire gonger i boka *Derfor*. Dette brukte Hanna Kvanmo i politikken og i media.

## 6.4 «Jeg vet mer enn de fleste»

I boka *Derfor* skreiv Hanna Kvanmo at då ho vart valt inn på Stortinget i 1973 visste ho at ho ville inn i samferdselskomiteen. Ho syntes at det gav ein fantastisk moglegheit til og læra landet å kjenna.

> «Det finnes knapt den fjordarm eller det avsides dalstrøk jeg ikke har besøkt i disse 12 årene. Jeg vet mer enn de fleste om hvor folk bor i dette landet, hva de lever av – og hvordan de lever. Noen nye veistubber og en del ferjeforbindelser har jeg vel også klart å ordne. Og ikke bare i Nord-Norge.»[199]

Her brukte Hanna Kvanmo orda «jeg vet mer enn de fleste». På denne måten framstiller ho seg sjølv som at ho hadde meir kunnskap enn andre om korleis folk budde fordi ho hadde fyrstehandskjennskap frå reisene sine. Vidare skreiv ho at ho har klart å ordne veg og ferjeforbindingar fleire stader i landet. Det er som ho sa at ho var ein politikar for alle landsdelar, ikkje berre Nord-Noreg. På denne måten framstod Hanna Kvanmo som ein politikar som får saker utretta. Ho endra bilete på seg sjølv frå og vera ein vanleg politikar til å vera politikaren Hanna Kvanmo som hadde meir erfaring og betre kunnskap enn dei fleste andre politikarane.

Vidare i boka *Derfor* skreiv Hanna Kvanmo om fiskeindustrien og kvaliteten på arbeidsplassane. Hanna Kvanmo fortel at mor hennar var sesongarbeidar i fiskeindustrien og arbeidde med tresko på føtene, mens jentene derimot i 1985 hadde gummistøvlar. Hanna Kvanmo fortel vidare om kor hard fiskeindustrien var med akkordarbeid, kulde, arbeidsskader, låg løn og ledighet når det ikkje kom noko fisk. Ved og fortelje om det harde arbeidet mora utførde, sa Hanna Kvanmo at ho visste korleis det var. Ho hadde fyrstehandskjennskap til det harde arbeidet i fiskeindustrien.[200] På den måten kunne ho vinne

[199] Hanna Kvanmo, *Derfor* (Oslo, 1985), s. 29.
[200] Ibid, s. 31.

støtte frå vanlege folk som hadde harde fysiske jobbar. Ho var ein av dei, fordi ho visste kor hardt det kunne vera.

Hanna Kvanmo fortalte i boka *Derfor* om hjertesaka si. Ho ville gjerne fortelja om den og historia bak. Det var ei historie berre hennar næraste kjende til, skreiv ho. Hjertesaka hennar var einslege mødrer.

> «Få ting får hjertet mitt til å blø mer enn synet av kjempende, enslige mødre. Akkurat på det området har jeg en del kunnskap som de aller færreste i topp-politikken har. Jeg har nemlig selv vært enslig mor. I fire år.»[201]

Også her påpeika Hanna Kvanmo at ho hadde meir kjennskap og erfaring, enn andre politikarar, om kor hardt og vanskeleg det kan vera for ei særskild gruppe i samfunnet. Vidare fortalte Hanna Kvanmo i boka at då ho kom heim frå Tyskland var ho gravid i femte månad. Ho poengterte at faren til barnet ikkje var tysk, men ein nordnorsk sjømann. Dei hadde møtt kvarandre i ein tysk hamneby, og dei skulle gifta seg «den saken var klar». Då dei treftes igjen i Harstad hadde mannen komme på andre tankar skreiv Hanna Kvanmo.[202] Ho vart åleinemor for jenta ho fødde. Hanna Kvanmo skreiv at ho klarte å leva seg inn i då-tidas situasjon for åleinemødrer. «[…] jeg vet hvor vanskelig de har det.»[203] Ho skreiv i *Derfor* at ho såg korleis dei sleit og ho visste kor vanskeleg dei hadde det. Hanna Kvanmo kjende igjen følelsen av å vera innestengt og einsam.[204] På denne måten vann Hanna Kvanmo også innpass hjå åleinemødrer og sympati av folk elles. Ho hadde også slitt som åleinemor og opplevd kor vanskeleg og utfordrande det kunne vere.

I 1952 gifta Hanna Kvanmo seg med anleggsarbeidar Bjarne Kvanmo. Dei fekk to søner saman. Bjarne reiste rundt på ulike anlegg, til han vart tilsett på Jernverket i Mo i Rana. Paret bygde hus og skapa ein heim for jenta og dei to gutane som Bjarne og Hanna Kvanmo fekk saman. Hanna Kvanmo hadde mykje å gjera heime skreiv ho i *Derfor*. Men ho ville lære meir. Ho var slik at ho ville lære meir og var ein lesehest fortalte ho. Hanna Kvanmo skreiv at ho hausten 1959 byrja å lese til examen artium. Ho hadde då ein mann på skiftarbeid, tre små born og ingen barnehage og eit hus å stella. Ho hadde ikkje mykje tid på dagen til å lesa. Det vart til at ho tok nettene i bruk når ungane hadde lagt seg. Det hendte at ho satt heile natta og

---

201 Hanna Kvanmo, *Derfor* (Oslo, 1985), s. 36.
202 Ibid, s. 36.
203 Ibid, s. 37.
204 Ibid.

las. Ho fortel at ho hadde ingen lærar, bare kursbøkene frå Norsk Korrespondanseskole. Året førre hadde ho teke eit kurs i fransk, og engelsk uttale lærte ho seg ved og høyra på BBC radio. Våren 1962 var ho ferdig med eksamen og var eitt poeng i frå å få den høgste poengsummen. Ho var svært stolt og fortel at ho kjøpte den svarte studenthua, som ho aldri brukte, men som «er mitt største trofé hittil», som ho fortel i boka. «Jeg hadde tatt artium, mot alle odds, og med godt resultat […]»[205] Her er det som Hanna Kvanmo seier at trass i mann, trass i born og hus klarte ho og gjennomføra ei krevjande utdanning. Ho trengte ikkje eingong sømn, om dagen tok ho seg av mann og born og las når dei var gått til sengs. Ho klarte det til og med utan ein lærar og lære seg engelsk uttale på eiga hand ved og høyra på engelsk radiokanal. Trass i alle hinder og takka vere mykje pågangsmot hadde Hanna Kvanmo likevel klart eksamen. Ho framstilla det som ei stor bragd at ho klarte eksamen, det er som med mykje anna om Hanna Kvanmo, ho hadde slitt seg gjennom det og ho fekk den påskjønninga ho fortente.

## 6.5 Følelsar

Vidare i boka *Derfor* fortalte Hanna Kvanmo at ho var usikker og la seg lettare såra enn folk trudde. Ho hadde mindreverdskompleks, som Hanna Kvanmo meinte kom frå barndommen. Å gå rundt med ei låg sjølvkjensle var ikkje lett for ein politikar skreiv Hanna Kvanmo. Ho fortalte også at ho var veldig kritisk mot seg sjølv og syntes aldri noko vart godt nok. Det som heldt ho gåande var trua på sakene ho hadde stått for og at ho ikkje hadde vett til å vera redd. Det er som at Hanna Kvanmo seier at ho var ikkje superkvinne. Ho hadde sine svake sider, som alle andre. Utad virka ho som ei solid og sterk kvinne, men ho hadde menneskelege eigenskapar også, ho var ei ikkje ei beinhard kvinne som ikkje hadde følelsar som dåleg sjølvtillit og var usikker. Her vart det framstilla som Hanna Kvanmo var også menneskeleg, alle hennar kunnskap og erfaring var gjerne meir enn vanlege folk hadde og ho måtte difor også vise seg som eit vanleg menneske med følelsar. Ho viste seg som ei kvinne som var beinhard og tøff på ei side og med dårleg sjølvtillit og mindreverdskompleks på den andre sida som mange andre.

[205] Hanna Kvanmo, *Derfor* (Oslo, 1985), s. 41.

## 6.6 Avslutning

Det heiter seg at dei fleste av oss fortel om livet vårt i samsvar med det inntrykket me ynskjer å gje av oss sjølv. Historiene me fortel eller forklaringane me gjev endrar seg med tid og stad. Hanna Kvanmo ville skapa eit bestemt bilete av seg sjølv[206] og bøkene *Derfor* og *Dommen* er begge forsøk på og gjere seg uskuldig og framheva seg sjølv som ei kvinne med framifrå politiske standpunkt og ei som fortente plassen på Stortinget. Sistnemnt bok var og framleis er eit vellukka prosjekt i å reinvaske Hanna Kvanmo. I 2008 kom boka på 13. plass i Dagbladet si kåring over dei viktigaste sakprosabøker i det førre århundret.[207]

# 7. Avsluttande perspektiv

Eg har studert denne oppgåva si problemstilling i nokre månader og kunne ha fortsett og gjort det ei god stund til. I løpet av det siste året har eg lært mykje om kva det vil seia og arbeida med historie. Eg har forstått at me alle framstille oss sjølve slik som me helst vil sjå ut og ikkje nødvendigvis slik som me verkeleg er.

Eit mål med denne oppgåva har vore å finne svar på korleis forteljinga om Hanna Kvanmo endra karakter frå å vera landssvikar til å verta hylla som ein einer i norsk politikk. Eg har hatt til hensikt å vise korleis Hanna Kvanmo sjølv klarte å endre sitt eige ettermæle og at ho var medviten om at ho gjorde det. Bøkene *Derfor* og *Dommen* er begge nøye regisserte forteljingar om kor uskuldig og hardtarbeidande Hanna Kvanmo var. Bøkene handla også om kor mykje kunnskap Hanna Kvanmo hadde om kor hardt og urettferdig livet kunne vera. Bøkene stilte ho i særdeles godt ljos. Ho skal ikkje hatt noko ynskje om å skrive *Derfor* og *Dommen,* men ho gjorde det likevel. Innhaldet i *Dommen* blir lagt fram på ein slik måte at Hanna Kvanmo gjorde seg sjølv uskuldig i all sin omgang med den tyske okkupasjonsmakta. Alt ein kan seie om Hanna Kvanmo si fortid under andre verdskrigen i denne oppgåva er at ein kan ikkje vite om ho var så uskuldig som ho framstilla seg. Gjennom bøkene fekk me berre vite det Hanna Kvanmo ville me skulle vite. I *Derfor* framstilla Hanna Kvanmo seg som

[206] Marianne Egeland, *Hvem bestemmer over livet?* (Oslo, 2000), s. 297.
[207] Nina Droslum Kroglund, *Hitlers norske hjelpere* (Oslo, 2010), s. 386f.

«Jeg vet mer enn de fleste» og kom med gode døme på kvifor ho visste meir enn dei fleste. På denne måten gjorde ho seg til ein truverdig person og politikar og på denne måten var Hanna Kvanmo med på å forme sitt eige ettermæle til og verta eintydig positivt. På denne måten rehabiliterte ho seg sjølv frå å vera dømd landssvikar til å verta eit respektert medlem av samfunnet og ein del av norsk toppolitikk. I det store og heile kom Hanna Kvanmo til og tene på at saka om fortida hennar som dømd landssvikar kom fram i media.

Ei stor utfordring i arbeidet med denne oppgåva har vore å trengje gjennom medkjensla eg fekk for Hanna Kvanmo. Ho hadde det vanskeleg både i barndomen og ho hadde det vanskeleg då det kom fram i media at ho hadde ein dom for landssvik. Etter kvart byrja det uskuldige bilete av Hanna Kvanmo og slå sprekker, var ho eigentleg så uskuldig som ho la det fram i bøkene? Eg såg på kjeldene mine og kva dei fortalte meg og på den måte laga eg meg eit bilete av korleis det kunne ha seg at forteljinga om Hanna Kvanmo endra karakter i så stor grad. Etter nærare gransking av både bøker og avisartiklar kom eit anna bilete av Hanna Kvanmo fram. Eit bilete der ho viste seg ikkje så uskuldig likevel. Hanna Kvanmo hadde skuld i at forteljinga om ho endra karakter så drastisk.

Ein kan ikkje stille Hanna Kvanmo til ansvar for den heilomvendinga opposisjonen gjorde i haldninga mot ho. Den stod opposisjonen for sjølv. Vidare var samspelet som var mellom Hanna Kvanmo og media også ein viktig årsak til at bilete av Hanna Kvanmo endra seg. Då det kom fram i media at Hanna Kvanmo hadde ei fortid som dømd landssvikar var det mange i oposisjonen som helst såg at ho ikkje fortsatte på stortinget. Det vart sagt at ho ikkje var valgbar til Stortinget og som tidlegare domfeldt hadde ho ingenting på Stortinget og gjera. Ulike partar ville ha Hanna Kvanmo ut av Stortinget og motivet for å prøve å pressa ho ut ser ut til å vera forskjellig. Mellom anna såg NKP ein moglegheit til å få ein ekstra plass på Stortinget dersom dei klarte å pressa Hanna Kvanmo ut. Det klarte dei ikkje. Etter kvart som tida gjekk vart Hanna Kvanmo kjend for sin rause porsjon med humor og sine saftige replikkar. Dette var nok med på og gjere ho populær, både blant kollegaer på Stortinget og i media. Då ho fylde 60 år stod kollegene på Stortinget i kø for å halda tale til jubilanten. Media var ikkje positivt innstilt då saka mot Hanna Kvanmo vart lagt fram i media, men særskild grov og ondsinna omtale er ikkje funnen i kjeldene i denne undersøkinga. Likevel var omtalen av Hanna Kvanmo alvorleg nok. Framstillinga av ho vart meir og meir positiv i media etter som tida gjekk. Mot slutten av 1970-åra og utover heile i 1980-talet vart Hanna Kvanmo framstilla også utanfor Stortinget på ein positiv måte. I fleire undersøkingar vart ho kåra til å vera ein populær politikar og person.

«Kvanmo-saka» rehabiliterte ikkje frontsystrene som gruppa, men den rehabiliterte personen Hanna Kvanmo som landssvikar. Ho viste seg verdig som stortingsrepresentant og som rehabilitert landssvikar fordi ho hadde hatt eit tøft liv. Ho jobba seg opp frå ingenting til å verta «SVdronning» og eit respektert medlem av samfunnet. Livet til Hanna Kvanmo var ein lang læreprosess. Hanna Kvanmo var ein person som hadde arbeidd for å komma seg opp og fram i livet akkurat som i den amerikanske draumen der alle hadde like moglegheiter og for dette likte folk Hanna Kvanmo. Vanlege folk likte også politikken hennar. Hanna Kvanmo fremja saker som andre politikarar ikkje ville røre, men som var viktig for vanlege folk. Vidare hadde ho sjølv erfart kor vanskeleg livet kunne vera dersom ein ikkje hadde pengar. Ho arbeidde for at dei som hadde dårleg råd og var vanskeleg stilte skulle få betre vilkår. At ho hadde ein vanskeleg barndom gjorde Hanna Kvanmo berre endå meir truverdig. I tillegg hadde ho eit usminka ansikt som gjorde at ho såg ekte ut. Det var ikkje noko som var falskt over Hanna Kvanmo eller politikken hennar.

# Litteratur og kjelder

**Bøker:**


Andenæs, Johs.: *Det vanskelige oppgjøret*. Oslo, 1980.

Andenæs, Johs.: *Nazisme og landssvik*. Oslo, 1947.

Bergsvik, Arne: *Vi er ikke forbrytere*. Oslo, 1950.

Blom, Ida (red.): *Med kjønnsperspektiv på norsk historie.* Oslo, 2005.

Corell, Synne *:Krigens ettertid*. Oslo, 2010.

Dahl, Hans Fredrik; *«Dette er London»: NRK i krig 1940-1945, ii.* Oslo, 1999.

Den norske kriminalistforenings publikasjoner: *Rettsoppgjørets kriminalpolitiske og sosiale problemer*, nr. 1 Oslo, 1946.

Didriksen, Bjarne: «Gjennopprettelsen av landssvikerne», *Sosialt Arbeid*. Oslo, 1945.

Egeland, Marianne: *Hvem bestemmer over livet?* Oslo, 2000.

Kroglund, Nina Drolsum: *Hitlers norske hjelpere*. Oslo, 2010.

Hagen, Ingerid: *Oppgjørets time: Om landssvikoppgjørets skyggeside*. Oslo, 2009.

Harsem, P.: *Folkedommen over rettssvikerne*. Kristiansund, 1950.

Hedem. A.E.: *Landssvikoppgjøret og rettskildene*. Larvik, 1949.

Kjeldstadli, Sverre: *Hjemmestyrkene*. Oslo, 1959.

Kraglund, Ivar: *Norge i krig, vi: Hjemmefont*. Oslo, 1987.

Knorring, Göran von; *Utan kvinnorna hade det inte gått*. Kristianstad, 2008.

Kvanmo, Hanna Kvanmo: *Dommen*. Oslo, 1990.

Kvanmo, Hanna *: Derfor.* Oslo, 1985.

Landssvikanordningen i Norge: *Provisoriske anordninger.*

*Landssviksakene*, radioforedrag utgitt i samarbeid med norsk rikskringkasting. Oslo, 1945.

Langeland, O.H.: *Dømmer ikke*. Oslo, 1948.

Larsen, Stein Uglevik: *I krigens kjølvann*. Oslo, 1999.

Nissen, Hartvig: *Straffen og landssvikerne*. Oslo, 1945.

Norsk forening for sosialt arbeide: *Sosialt arbeid*, nittende årgang. Oslo, 1945.

Nøkleby, Berit: *Norge i krig, ii: Nyordning*. Oslo, 1985.

Nøkleby, Berit: *Norge i krig, iv: Holdningskamp*. Oslo, 1986.

Olsen, Kåre: *Krigens barn, De norske krigsbarna og deres mødre*. København, 1998.

Rossavik, Frank: *Fra Kingsbay til kongens bord*. Frå korrespondanse med forfattaren april 2011.

Senje, Sigurd: *Dømte kvinner*. Oslo, 1986.

Skeie, Jon: *Landssvik*. Oslo, 1945.

Sollesnes, Sissel: «Migrasjon som straff». Bacheloroppgåva i migrasjonshistorie. Stavanger, 2008.

Sveri, Elisabeth: *Kvinner i norsk motstandsbevegelse.* Oslo 1990.

Tamm, Ditlev: *Retsopgøret efter besættelsen ii*. København, 1985.

Ulateig, Egil: *Fordømte engler*. Lesja, 2004.

Veum, Eirik; *De som falt*. Oslo, 2009.

Warring, Anette: *Tysker piger*. København, 1994.

Wiesener, Albert: *Lys over landssvikoppgjøret*. Oslo, 1985.

Wiesener, Albert: *Seierherrens justis*. Oslo, 1964.

Wormdal, Celine: *Kvinner i krig*. Oslo, 1979.

Øksnevad, Toralv: *Det lå i luften*. Oslo, 1946.

Østgaard, Einar: *Kongen i krig*. 2009.

Radiointervju med Hanna Kvanmo:
Lokalisert 15.11.2010 på verdsveven:
http://www.nrk.no/nett-tv/klipp/435319/

**Avisartiklar:**

Erlandsen, Hans Chr. : «Uvanlig innslag fra nord» *Aftenposten* (Oslo, 1986, 14.08). Artikkel frå korrespondanse med Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek.

Johansen, Tor Dishington : «Norge i svart, hvitt og grått», *Bergens Tidende* (Bergen, 2010, 11.oktober).

**Aftenpostenkjelder frå Verdsveven:**

Andenæs, Johs.: «Det nye landssvikoppgjøret» (aftenposten.no, publisert 1.2.1974). Lokalisert 9.12.2010 på Verdsveven: http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/50997/1

Andreassen, Thorleif: «Beste karakter til Kvanmo»(aftenposten.no, publisert 3.7.1984). Lokalisert 25.2.2011 på Verdsveven: http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/76202/archive/demo/?page=3&query=Hanna+Kvanmo

«Bar tollekniv helt siden jeg var 12 år, men fascist er jeg ikke!» (aftenposten.no, publisert 25.6.1974). Lokalisert 9.12.2010 på Verdsveven: http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/51761/1

Bøckman, Knut: «Bare spinkle piskesmell før jul» (aftenposten.no, publisert 22.12.1990). Lokalisert 4.3.2011 på Verdsveven: http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/70565/1

Ditlevsen, G. A.: «Bukken og havresekken» (afteposten.no, publisert 4.2.1974). Lokalisert 9.12.2010 på Verdsveven: http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/51012/1

«Flertall mot landssvikdømte som stortingsrepresentanter» (aftenposten.no, publisert 23.3.1974). Lokalisert 11.3.2011 på Verdsveven: http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/51313/1

«Folk i byene venter statlig utspill for bedre kollektivtransport-tilbud» (afteposten.no, publisert 23.3.1974). Lokalisert 9.12.2010 på Verdsveven: http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/51313/1

Fyhn, Morten: « - Var klar til å kaste Nordli» (aftenpsoten.no, publisert 2.6.1979). Lokalisert 24.2.2011 på Verdsveven: eavis.aftenposten.no/aftenposten/63307/1

«Følelsesladet oppgjør om prevensjon, sex og moral» (aftenpsoten.no, publisert 26.5.1978). Lokalisert 27.1.2011 på Verdsveven: http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/61154/archive/demo/?page=1

Gundersen, D.A.: «Tillitskrise i SV» (aftenposten.no, publisert 2.2.1974). Lokalisert 9.12.2010 på Verdsveven: http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/51005/1

«Hanna Kvanmo spør mest på Løvebakken» (aftenposten.no publisert 22.3.1978). Lokalisert 23.2.2011 på Verdsveven: eavis.aftenposten.no/aftenposten/60807/1

Hellberg, Lars: «Ironisk iakttager» (aftenposten.no, publisert 18.12.1989).
Lokalisert 4.3.2011 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/37956/archive/demo/?page=1

«Hyrdebrevet - «en piskesnert» (aftenposten.no, publisert 10.6.1978).
Lokalisert 27.1.2011 på Verdsveven:
http://aftenposten.e-pages.dk/view/52900/61249/fullpdf/1.pdf

«Ingen Sareptas krukke» (aftenposten.no, publisert 21.1.1978).
Lokalisert 23.2.2011 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/60419/1

«I Norge for tiden» (aftenposten.no, publisert 28.11.1986).
Lokalisert 4.3.2011 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/71913/18/?query=Hanna Kvanmo+kvanmo

Jåsund, John Arild: «Tilliten til politikere» (aftenposten.no, publisert 3.8.1988).
Lokalisert 4.3.2011 på Verdsveven:
http://aftenposten.e-pages.dk/view/52900/74954/fullpdf/1.pdf

Kagge, Stein: «Forsiktighet er farlig» (aftenposten.no, publisert 8.4.1989).
Lokalisert 4.3.2011 på Verdsveven:
http://aftenposten.e-pages.dk/view/52900/75817/fullpdf/1.pdf

Karlsen, Eivind G.: «Landssvikere utelukkes?» (aftenposten.no, publisert 20.10.1979).
Lokalisert 24.02.2011 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/64165/3/?query=Hanna Kvanmo+kvanmo

«Kirken kjemper videre tross ny lov om abort» (aftenposten.no, publisert 5.6.1978).
Lokalisert 18.3.2011 på Verdsveven:
http://aftenposten.e-pages.dk/view/52900/61214/fullpdf/1.pdf

«Kvanmo og Hansen vil bli i Stortinget» (aftenposten.no, publisert 27.2.1974).
Lokalisert 9.12.2010 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/51171/1

«Landssvik er ingen privatsak» (aftenposten.no, publisert 1.2.1974).
Lokalisert 09.12.2010 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/50997/1

Levin, Mona: «Gutt – jente?» (aftenposten.no, publisert 19.4.1986).
Lokalisert 3.3.2011 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/71153/48/?query=Hanna Kvanmo+kvanmo

Levin, Mona: «SVdronningens blandede kapitler» (aftenposten.no, publisert 18.6.1990).
Lokalisert 16.11.2010 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/69384/archive/demo/?page=43&query=Hanna+Kvanmo

Malmø, Morten: «Dårlig «karakter» for Gro» (aftenposten.no, publisert 23.10.1983). Lokalisert 25.2.2011 på Verdsveven: http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/45472/1

Nilsen, Ole Johan: «Mitt livs fødselsdag» (aftenposten.no, publisert 16.6.1986). Lokalisert 3.3.1986 på Verdsveven: http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/71336/16/?query=Hanna Kvanmo+kvanmo

«Ny SV-støtte til de landssvikdømte i dag» (aftenposten.no, publisert 24.1.1974). Lokalisert 2.9.2010 på Verdsveven: http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/50941/1

«Politikk – smøret på brødet» (aftenposten.no, publisert 28.12.1985). Lokalisert 3.3.2011 på Verdsveven: http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/70833/2/?query=Hanna Kvanmo+kvanmo

«Rede til å gå, sier de landssvikdømte» (aftenposten.no, publisert 26.1.1974). Lokalisert 9.12.2010 på Verdsveven: eavis.aftenposten.no/aftenposten/50957/1

«SV gir full støtte til Hanna Kvanmo» (aftenposten.no, publisert 22.1.1974). Lokalisert 9.12.2010 på Verdsveven: http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/50878/1

«SV henlegger Kvanmo-saken» (aftenposten.no, publisert 28.2.1974). Lokalisert 9.12.2010 på Verdsveven: http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/51179/1

Svabø, Terje: «Kvanmo får bakkekontakt» (aftenposten.no, publisert 27.7.1979). Lokalisert 24.2.2011 på Verdsveven: eavis.aftenposten.no/aftenposten/63591/1

«Sviktende tillit til Hanna Kvanmo» (aftenposten.no, publisert 25.2.1974). Lokalisert 9.12.2010 på Verdsveven: http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/51161/1

Talén, Bjørn: «Ikke alle profet i egen krets» (aftenposten.no publisert, 12.09.1985). Lokalisert 3.3.2011 på Verdsveven: http://aftenposten.e-pages.dk/view/52900/70417/fullpdf/1.pdf

Tonby, Odd G.: «Faren for kameraderi størst blant politikere» (aftenposten.no, publisert 17.12.1974). Lokalisert 9.12.2010 på Verdsveven: http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/54936/1

Wister, E.: «Det nye landssvikoppgjøret» (aftenposten.no, publisert 21.2.1974). Lokalisert 9.12.2010 på Verdsveven: http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/51136/1

**Verdens Gang kjelder frå Verdsveven:**

Bjørknes, Otto A.: «Ener i norsk politikk» (vg.no, publisert, 31.7.1985). Lokalisert 14.3.2011 på Verdsveven: http://helevg.teknograd.no/viewPage.php?uriId=05501619850601Ar02700&product=&docdate=19850601&page=26&part=&timestamp=486432000

«Bor vi i Jante-land?» (vg.no, publisert 1.6.2011). Lokalisert 14.3.2011 på Verdsveven: http://helevg.teknograd.no/viewPage.php?uriId=05501619850601Ar02700&product=&docdate=19850601&page=26&part=&timestamp=486432000

«Den grå massen på tinget» (vg.no, publisert 25.3.1989). Lokalisert 14.3.2011 på Verdsveven: http://helevg.teknograd.no/viewPage.php?uriId=05501619890325Ar00600&product=&docdate=19890325&page=6&part=&timestamp=606794400

Gauslaa, Stein: «Sånn er det» (vg.no, publisert 31.8.1983). Lokalisert 14.3.2011 på Verdsveven: http://helevg.teknograd.no/viewPage.php?uriId=05501619830831Ar00300&product=&docdate=19830831&page=3&part=&timestamp=431136000

«Hanna Kvanmo gir seg ikke» (vg.no, publisert 5.7.1980). Lokalisert 14.3.2011 på Verdsveven: http://helevg.teknograd.no/viewPage.php?uriId=05501619800705Ar02000&product=&docdate=19800705&page=20&part=&timestamp=331603200

Jacobsen, Alf R.: «Hanna Kvanmos avskjed» (vg.no, publisert 4.9.1989). Lokalisert 14.3.2011 på Verdsveven: http://helevg.teknograd.no/viewPage.php?uriId=05501619890904Ar00301&product=&docdate=19890904&page=3&part=&timestamp=620870400

Johannessen, Tore: «Tillitsmenn går i protest» (vg.no, publisert 14.3.1974). Lokalisert 12.11.2010 på Verdsveven: http://helevg.teknograd.no/viewPage.php?uriId=05501619740314Ar00900&product=&docdate=19740314&page=9&part=&timestamp=132458400

Kristiansen, Stein K.: «Alle hyllet glade Hanna Kvanmo» (vg.no, publisert 16.6.1986). Lokalisert 14.3.2011 på Verdsveven: http://helevg.teknograd.no/viewPage.php?uriId=05501619860616Ar00300&product=&docdate=19860616&page=3&part=&timestamp=519264000

Stemland, Jens Henrik: «Gustavsens stjerne er dalende!» (vg.no, publisert 2.2.1974). Lokalisert 15.11.2010 på Verdsveven: http://helevg.teknograd.no/viewPage.php?uriId=05501619740202Ar00300&product=&docdate=19740202&page=3&part=&timestamp=129002400

Stemland, Jens Henrik: «Hanna Kvanmo bør forlate Stortinget» (vg.no, publisert 26.1.1974). Lokalisert 15.11.2010 på Verdsveven: http://helevg.teknograd.no/viewPage.php?uriId=05501619740126Ar00601&product=&docdate=19740126&page=6&part=&timestamp=128397600

Syversen, Anita Fleime: «Bok-bombe fra Hanna Kvanmo» (vg.no, publisert 16.9.1990).
Lokalisert 16.11.2010 på Verdsveven:
http://helevg.teknograd.no/viewPage.php?uriId=05501619900916Ar04800&product=&docdate=19900916&page=48&part=&timestamp=653443200

Versto, Olav: «Politikkens popstjerne» (vg.no, publisert 4.9.1989).
Lokalisert 14.3.2011 på Verdsveven:
http://helevg.teknograd.no/viewPage.php?uriId=05501619890904Ar00301&product=&docdate=19890904&page=3&part=&timestamp=620870400

Øverby, Arve: «Å, Einar, som jeg hadde gledet meg» (vg.no, publisert 2.5.1985).
Lokalisert 14.3.2011 på Verdsveven:
http://helevg.teknograd.no/viewPage.php?uriId=05501619850502Ar00300&product=&docdate=19850502&page=3&part=&timestamp=483840000

**Andre kjelder frå Verdsveven:**

Berg, Ole T.: «Meningsmåling» (snl.no).
Lokalisert 10.3.2011 på Verdsveven:
http://snl.no/meningsm%C3%A5ling

«Biografi» (snl.no).
Lokalisert 5.4.2011 på Verdsveven:
http://snl.no/biografi

Ellingsen, Dag: «*Krigsbarns levekår, en registerbasert undersøkelse*»
(ssb.no, publisert 2004).
Lokalisert 1.12.2010 på Verdsveven:
http://www.ssb.no/emner/00/02/rapp_200419/rapp_200419.pdf

Flottorp, Haakon: «Hyrdebrev» (snl.no).
Lokalisert 23.3.2011 på Verdsveven:
http://www.snl.no/hyrdebrev

«Folketaler» (ordnett.no).
Lokalisert 16.3.2011 på Verdsveven:
http://www.ordnett.no/ordbok.html?search=folketaler&search_type=&publications=2&publications=3&publications=6&publications=17&publications=20&publications=23&publications=33&publications=36&publications=1&publications=5&publications=11&publications=12&publications=13&publications=14&publications=18&publications=19&publications=21&publications=22&publications=34&publications=35&publications=9&publications=10&publications=7&publications=8&publications=15&publications=16&publications=29&publications=30

«Funksjonshemning» (ordnett.no).
Lokalisert 15.3.2011 på Verdsveven:
http://www.ordnett.no/ordbok.html?search=funksjonshemning&publications=17

Grimnes, Ole Kristian: «Hvor står okkupasjonshistorien nå?»
(idunn.no, publisert 3-4/2009).
Lokalisert 16.11.2010 på Verdsveven:
Idunn.no/file/ci/36212929/nnt_2009_03-04_pdf.pdf

«Hanna Kvanmo» (snl.no).
Lokalisert 5.10.2010 på Verdsveven:
http://snl.no/.nbl_biografi/Hanna_Kvanmo/utdyping

«Hanna Kvanmo»(stortinget.no).
Lokalisert 31.3.2011 på Verdsveven:
http://www.stortinget.no/no/Representanter-og-komiteer/Representantene/Representantfordeling/Representant/?perid=HAKV

«Ingolf Håkon Teigene» (wikipedia.no, publisert 1.9.2010).
Lokalisert 16.5.2011 på Verdsveven:
http://.wikipedia.org/w/index.php?title=Ingolf_H%C3%A5kon_Teigene&printable

*Justis- og politidepartementet: «Om landssvikoppgjøret» (*riksarkivet.no).
Lokalisert 06.09.2010 på Verdsveven:
http://da2.uib.no/cgi-win/WebBok.exe?slag=lesside&bokid=lsvkoppgjor&sideid=201&innhaldid=1&storleik=

«Karikatur» (snl.no).
Lokalisert 12.5.2011 på Verdsveven:
http://snl.no/karikatur

«Landssvik» (snl.no).
Lokalisert 16.5.2011 på Verdsveven:
http://snl.no/landssvik

Maerz, Susanne: «Okkupasjonstidens lange skygger» (idunn.no, publisert 4/2007).
Lokalisert 16.11.2010 på Verdsveven:
idunn.no/file/ci/4638388/nnt_2007_04_pdf.pdf

Olsen, Kåre: «*Krigens barn: de norske krigsbarna og deres mødre*» (nb.no).
Lokalisert 23.11.2010 på Verdsveven:
http://www.nb.no/utlevering/contentview.jsf?urn=URN:NBN:no-nb_digibok_2010021703014#&struct=DIV290

«Osloavisenes opplagstall» (mediebedriftene.no).
Lokalisert 8.3.2011 på Verdsveven:
mediebedriftene.no/index.asp?id=78404

Sand, Johan: «Elverums-fullmakten» (nb.no).
Lokalisert 21.10.2010 på Verdsveven:
http://www.nb.no/utlevering/contentview.jsf?&urn=URN:NBN:no-nb_digibok_2008090300074#&struct=DIV36

**Fotografi:**

Gunnar Flo: «Farvel, Hanna» (aftenposten.no, publisert 22.6.1989).
Lokalisert 4.3.2011 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/76090/archive/demo/?page=8&query=Hanna+Kvanmo

Foto: Svein Arne Nordby, «Kvanmo får bakkekontakt»
(aftenposten.no, publisert 27.7.1979).
Lokalisert 24.2.2011 på Verdsveven:
http://aftenposten.e-pages.dk/view/52900/63591/fullpdf/1.pdf

Foto: Per Svensson, «Tøvete diskusjon Høyre – Kr. F.» *Aftenposten* (Oslo, 1980, 25. juli).
Frå korrespondanse med Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek hausten 2010.

Foto: Erik Berglund (aftenposten.no, publisert 14.5.1985).
Lokalisert 26.2.2011 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/69720/archive/demo/?page=74&query=Hanna+Kvanmo

**Faksimiler:**

Faksimile, Aftenposten (aftenposten.no, publisert 22.1.1974).
Lokalisert 9.12.2010 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/50878/1

Faksimile, Aftenpsoten (aftenposten.no, publisert 1.2.1974).
Lokalisert 9.12. 2010 på Verdsveven:
http://eavis.aftenposten.no/aftenposten/50997/1

Faksimile, Aftenposten (aftenposten.no, publisert 23.12.1986).
Lokalisert 14.5.2011 på Verdsveven:
http://aftenposten.e-pages.dk/view/52900/72161/fullpdf/1.pdf